

FORMANN MAOS TEORI OM DEI TRE VERDENE

Artikkel av redaksjonen i Folkets Dagblad



Oktober

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2020

**Teorien til Formann Mao
om å skilja mellom dei tre verdene**



Redaksjonen i «Folkets Dagblad»

«Teorien til Formann Mao
om å skilja mellom dei tre verdene
er eit viktig tilskot til
marxismen-leninismen»



Forlaget Oktober A/S
Oslo 1978

Redaksjonen i «Folkets Dagblad»
«Teorien til Formann Mao om å
skilja mellom dei tre verdene
er eit viktig tilskot til
marxismen-leninismen»
Forsideill.: Karen Rød
©Forlaget Oktober, Oslo 1978

1. opplag, mars 1978, 4000
Trykt hjå A/S Duplotrykk, Oslo 1978:

ISBN: 82—7094—957—4

INNHALD

Teorien til Formann Mao om å skilja mellom dei tre verdene er eit viktig tilskot til marxismen-leninismen..	s. 9
Å skilja mellom dei tre verdene er ei vitskapeleg marxistisk vurdering av realitetene i verda i dag	s. 12
Dei to hegemonismaktene, Sovjetunionen og USA, er dei sams fiendane til folket i verda: Sovjetunionen er den fårlegaste kjelda til verdskrig	s. 30
Landa og folket i Den tredje verda er hovudkrafta som kjempar ned imperialismen, kolonialismen og hegemonismen	s. 43
Den andre verda er ei kraft som det går an å sameina seg med i kampen mot hegemonismen	s. 57
Bygg ein internasjonal einskapsfront så breitt som råd og knus supermaktshegemonismen og krigspolitikken.	s. 66
Notar.....	s. 79
Opplysende notar.....	s. 83
Klassekampens leder lørdag 19. november 1977.....	s. 105

FORORD FRA FORLAGET

1. november 1977 prenta «Folkets Dagblad» ein artikkel av redaksjonen under tittelen «Teorien til formann Mao om å skilja mellom dei tre verdene er eit viktig tilskot til marxismen-leninismen».

I denne boka finn du heile teksten til denne lange artikkelen. I tillegg har vi teke med ein serie stutte artiklar frå «Peking Review» i november, som inneheld opplysningar og forklåringar om historiske hendingar og verdspolitiske forhold som er drøfta i den store artikkelen frå «Folkets Dagblad».

Bak i boka gjev vi att ein leiarartikkel som sto i «Klassekampen» 19. november 1977. Den dagen prenta avisa artikkelen om formann Maos teori om dei tre verdene i eit 16-siders vedlegg, omsett etter den engelske teksten frå pressebyrået «Hsinhua».

Vår utgåve følgjer omsetjinga som vart laga av «Klassekampen». På ein del punkt har vi gjort språklege endringar for å få målføringa betre. Ein del mindre prentefeil er retta.

Notane til artikkelen om formann Maos teori om dei tre verdene er henta frå den engelske teksten frå «Hsinhua». I dei høva der det finst gode norske utgåver av verka det vert vist til, har vi vist til dei, og ikkje dei engelske utgåvene.

Oslo februar 1978
Forlaget Oktober

Peking, 31. oktober 1977 (Hsinhua) 1. november prenta «Folkets Dagblad» ein artikkel skriven av redaksjonen under tittelen «Teorien til formann Mao om å skilja mellom dei tre verdene er eit viktig tilskot til marxismen-leninismen». Den fullstendige artikkelteksten fylgjer:

TEORIEN TIL FORMANN MAO OM Å SKILJA MELLOM DEI TRE VERDENE ER EIT VIKTIG TILSKOT TIL MARXISMEN— LENINISMEN

(REDAKSJONEN I FOLKETS DAGBLAD)

Meir enn eit år er gått sidan den store leiaren og læraren vår, formann Mao Tsetung, døydde. Han er ikkje hjå oss lenger, men han har gjeve oss ein særskild rik og verdfull skatt i arv. Den uovervinnlege Mao Tsetungs tenkning kjem støtt til å kasta lys over stridsvegen for oss, etter som vi held fram med revolusjonen.

I livet han levde som ein stor revolusjonær er-
vde, verja og utvikla formann Mao marxismen-
leninismen både i teori og i praksis. Tilskota hans
til den kinesiske revolusjonen og verdsrevolusjo-
nen er udøyelege.

Under leiinga frå formann Mao sigra det kine-
siske folket i revolusjonen mot imperialismen,
føydalismen og byråkrat-kapitalismen, grunnla
den sosialistiske Folkerepublikken Kina og
gjennomførte ei gjennomgripande endring i situa-
sjonen i aust og over heile verda. Då han leda den
kinesiske revolusjonen gjennom dei ulike stega
løyste han på rett vis slike grunnleggjande pro-
blem som å ta statsmakta ved å føra væpna strid
for å omringja byane frå landsbygda, å oppretta
proletariatets diktatur ved å vinna landsfemnande
siger i den nydemokratiske revolusjonen og så slå
over i den sosialistiske revolusjonen, og utvikla

sosialismen og hindra attinnføring av kapitalismen ved å halda fram med revolusjonen under proletarietets diktatur. I ein ny periode og under nye omstende samla han opp og oppsummerte eit rikt lager av røynsle med revolusjon og oppbygging og utvikla den marxist-leninistiske teorien mykje. Dette er ein verdfull føremon ikkje berre for det kinesiske folket, men og for det internasjonale proletariet og det revolusjonære folket i verda.

Formann Mao hevda prinsippfast den proletariske internasjonalsismen når han formulerte lina, prinsippa og politikken for Kina i utanriksaker og leidde arbeidet med å setja dei ut i livet. Han lærte oss å styrkja einskapen med dei sosialistiske landa og med proletariet og underkua folk og nasjonar i heile verda og gje fastrådd støtte til dei revolusjonære kampane som folket i alle land fører. Han lærte oss å fylgja dei fem prinsippa for fredeleg samlivnad i utviklinga av tilhøve til alle land, å ikkje gje oss med å kjempa mot den imperialistiske og sosialimperialistiske politikken for aggresjon og krig og supermakts-hegemonisme, å slåst mot alle ovringar av stormaktssjåvinisme i våre tilhøve til andre land og aldri prøva å vinna hegemoni. I ein lang tidbolk sette kamerat Chou En-lai, den nære våpenbroren hans, den revolusjonære lina hans i utanrikspolitikken ut i livet på ein fastrådd og sær framragande måte. Vi, folket i Kina, vil fylgja føredømet frå den vyrde og kjære statsminister Chou, og støtt utføra desse pålegga frå formann Mao trufast.

Formann Mao sameinte den universelle sanninnga i marxismen-leninismen med den konkrete

praksisen til verdsrevolusjonen, og slik analyserte han vitskapleg den internasjonale situasjonen i ulike periodar og drog opplysende slutningar. Slik fremja han stort den revolusjonære saka til proletariatet og frigjeringa av dei underkua nasjonane over heile verda.

Dristig og vidsynt som den proletariske revolusjonære han var, sette formann Mao i gang ein ovstor strid i den internasjonale kommunistrørsla for å slå attende den moderne revisjonismen med den sovjetiske revisjonistiske overløparklikken i sentrum, og kalla på det internasjonale proletariatet til å gå på under stridsfana til marxismen-leninismen.

Formann Mao sette fram teorien om å skilja mellom dei tre verdene i ei stund då dei to supermaktene, Sovjetunionen og USA, låste seg fast i ein strid på livet om verdshegemoni og aktivt budde seg på ein ny krig. Denne teorien gjev det internasjonale proletariatet, dei sosialistiske landa og dei underkua nasjonane eit mektig ideologisk våpen til å smi einskap med og byggja så brei ein einskapsfront som råd mot dei to hegemonimaktene og krigspolitikken deira, og til å skuva verdsrevolusjonen framover med.

Formann Mao var den største marxisten i vår tid. Liksom Lenin var han den store læraren for det internasjonale proletariatet og det underkua folket og nasjonane. Han har gjeve eit uvurderleg tilskot til framgangen for menneskeætta.

I denne artikkelen har vi tenkt å forklåra temmeleg grundig teorien hans om dei tre verdene og kor vidtrekkjande tyding den teorien har for den revolusjonære kampen folket i alle land fører.

Å SKILJA MELLOM DEI TRE VERDENE ER EI VITSKAPLEG MARXISTISK VURDERING AV REALITETENE I VERDA I DAG

obj. |
sit. | Teorien til formann Mao om dei tre verdene saman-
dreg vitskapleg dei objektive realitetane i klassestriden
på verdsskodeplassen i dag. I denne teorien ervde, verja
og utvikla han grunnleggjande marxist-leninistiske
prinsipp.

I ein samtale med leiaren for eit land i den tredje ver-
da i februar 1974 sa formann Mao, «Etter mitt syn er
USA og Sovjetunionen den første verda. Japan, Euro-
pa og Canada er den midtre delen og høyrer til den an-
dre verda. Vi er den tredje verda.» «Den tredje verda
har ein diger folkesetnad. Med unntak av Japan høyrer
Asia til den tredje verda. Heile Afrika høyrer til den
tredje verda, og Latin-Amerika også.»

Denne skiljinga er ei vitskapleg slutning som byggjer
på analysen av utviklinga av dei grunnleggjande motsei-
ingane i samtidsverda, og endringane i dei, i samsvar
med tesane til Lenin om at tidbolken vår er tidbolken til
imperialismen og den proletariske revolusjonen, at
utviklinga i imperialistlanda er ujamn og at imperialist-
maktene uunngåeleg freistar å nyoppdela verda ved
hjelp av krig, og at ettersom imperialismen har ført til
at heile verda er delt opp i underkuar nasjonar og under-
kua nasjonar, må det internasjonale proletariatet slåst i
lag med dei underkua nasjonane.

For å ha ei rett forståing av tesen til formann Mao
om å skilja mellom dei tre verdene må vi bruka den
dialektiske materialismen for å vurdere fenomen i da-
gens internasjonale politikk, og gå ut frå røyndomen og
ikkje frå abstraksjonar, slik som Lenin og Stalin gjorde
då dei drøfta sambanda mellom nasjonale og interna-

sjonale problem. Dei sa at desse ikkje måtte «verta tenkt over kvar for seg, men i ... verdsmålestokk»¹ og «ikkje må verta vurderte sett ut frå det formelle demokratiet, men ut frå dei røynelege resultata, slik dei kjem fram i det allmenne statusoppgjeret for kampen mot imperialismen».²

Å sjå til verkar det som denne teorien til formann Mao berre dreg inn tilhøve mellom land og mellom nasjonar i verda i dag, men eigentleg går teorien beinveges på det livsviktige spørsmålet om klassestriden i verdsmålestokk i dag. «I siste omgang er nasjonal strid eit spørsmål om klassestrid.»³ Det same er sant om tilhøva mellom land. Tilhøva mellom land og nasjonar byggjer på tilhøva mellom klassar, og dei er innbyrdes samanbundne og umåteleg innfløkte. Vi kan knapt gjera oss opp rette meiningar om internasjonale politiske fenomen og skilja på rett vis mellom dei politiske kreftene i verda om vi nærmar oss spørsmålet på ein idealistisk eller metafysisk måte og gjer abstrakte, isolerte observasjonar, i staden for å gå ut frå den internasjonale klassestriden som heilskap og gjera konkret analyse av konkrete tilfelle til ei viss tid, på ein viss stad og under visse vilkår.

konkret analyse

Marxist-leninistar held seg utan unntak til standpunktet til det internasjonale proletariatet, hevdar dei allmenne interessene til det revolusjonære folket i alle land i den internasjonale klassestriden og held fast ved at maksimumsprogrammet deira er å setja det kommunistiske systemet i staden for det kapitalistiske systemet. Men når det gjeld denne striden er stoda innfløkt og skiftande. Det internasjonale borgarskapet har aldri vore eit monolittisk borgarskap, og ikkje kan det bli det heller. Den internasjonale arbeidarrørsla har òg røynt den eine kløyvinga etter den andre, open som ho er for innverknad frå framande klassar. Når proletariatet fører strid på den internasjonale skodeplassen må det sameina seg med alle dei som let seg sameina i lys av det som er påtrengjande og tenkjeleg i ulike historiske peri-

odar, for å utvikla dei progressive kreftene, vinna til seg midtkreftene og isolera sribukkane⁴. Difor kan vi aldri slå fast nokon fastlåst formel for å skilja mellom dei politiske kreftene i verda (dvs. skilja mellom oss sjølve, venene våre og fiendane våre i den internasjonale klassestriden).

Efter at det første sosialistiske landet hadde stige fram, sa Lenin medan han viste til dei to slags diplomati, borgarleg og proletarisk, i 1921 at «no er det to ver-der: den gamle verda til kapitalismen ... og den nye verda som stig opp ...»⁵ I 1919 sa Stalin: «Verda har delt seg avgjort og ugjenkalleleg i to leirar: leiren til imperialismen og leiren til sosialismen»⁶ Denne slutninga spegla sjølv sagt av den nye grunnleggjande motseiinga i verda etter Oktoberrevolusjonen. Men Lenin og Stalin nekta aldri for at det fanst andre grunnleggjande motseiingar i verda eller at det fanst andre måtar å skilja mellom dei politiske kreftene i verda på. Til dømes sa Lenin i meldinga si om det nasjonale og koloniale spørsmålet på den andre kongressen til Den kommunistiske internasjonale i 1920, «Det karakteristiske draget ved imperialismen er at heile verda ... er delt opp i eit stort tal underkua nasjonar og eit ørlite tal underkuarnasjonar, og dei siste eig kolossal rikdom og mektige væpna styrkar.»⁷ Då Stalin tok for seg det nasjonale spørsmålet i *Grunnlaget for leninismen* i 1924 sa han og at «Verda er delt i to leirar: leiren til ein handfull siviliserte nasjonar, som har finanskapital og utbyttar det overveldande fleirtalet av folkesetnaden på jordkloten; og leiren til dei underkua og utbytta folka i koloniane og dei avhengige landa, som er dette fleirtalet.»⁸ I røynda speglar desse slutningane av at det finst ei anna slags grunnleggjande motseiing i verda. Dei skilja som Lenin og Stalin dreg er utan tvil rette båe to, den einaste skilnaden ligg i kva dei understrekar. Når dei måtte gjera ei omfattande og konkret utskiljing av dei politiske kreftene i verda i ein viss periode, tok dei til med ei heilsleg gransking av dei



Formann Hua Kuo-feng møter Abu Jihad, leiar for ein delegasjon frå PLO.



Japanske arbeidarar demonstrerar mot Sovjets okkupasjon av Japanske land-område i nord.

mange grunnleggjande motseiingane som finst i verda.

Overgangen frå det kapitalistiske til det sosialistiske systemet i verdsmålestokk er ein sær sars lang prosess med mange krokvegar, fulle av infløkte kampar, og det er uunngåeleg at det under marsjen vert ulike oppstillingar av dei politiske kreftene i verda i ulike periodar. Dei objektive realitetane i klassestriden i verda avgjer korleis proletariatet skil mellom dei politiske kreftene i verda og den strategien og taktikken som fylgjeleg skal brukast i striden. Her vil det vera til hjelp for forståinga vår av teorien om dei tre verdene om vi går stutt over visse historiske døme der Marx, Engels, Lenin, Stalin og formann Mao skilde mellom dei politiske kreftene i verda.

Sjølv om dei i hovudsak dreiv den revolusjonære verksemda si i Vest-Europa, hadde Marx og Engels støtt den allmenne stoda i Europa og verda som heilskap i tankane når dei såg over klassestriden i ulike land. For første gong i saga sende dei ut den store oppmodinga **«Arbeidarar frå alle land, stå saman!»** og atter for første gong peika dei på at saka til det internasjonale proletariatet var uskiljeleg knytt til striden dei underkua nasjonane fører for frigjering. Engels sa: **«Ein nasjon kan ikkje verta fri og samstundes halda fram med å underkua andre nasjonar. Difor kan ikkje frigjeringa av Tyskland gå føre seg utan at Polen vert frigjort frå tysk underkuing.»**⁹ Marx sa: **«Etter at eg har hatt det irske spørsmålet for meg i mange år, er eg no komen til den slutninga at det avgjerande slaget mot dei engelske herskarklassane (og det vert avgjerande for arbeidarrørsla i heile verda) ikkje kan verta slått i England men berre i Irland.»**¹⁰ Både to la stor vekt ikkje berre på den striden europeiske nasjonar fører for sjølvstende, slik som Polen og Irland, men og på den striden som vart ført i India og Kina, i land som låg langt frå Europa. Heile summen av interessene til det internasjonale proletariatet var støtt utgangspunktet som dei granska særskilde nasjonale rørsler og politiske krefter

frå. Som Lenin ein gong peika på, «Det er kjend at Marx var for polsk sjølvstende til beste for det *europiske* demokratiet i striden det fører mot makta og innverknaden — eller ein kunne seia mot allmakta og den framherskande reaksjonære innverknaden — til tsarismen.»¹¹ Engels sa om Marx at eit av tilskota frå han var at han i 1848 var den første til å peika på dette — og seinare understreka han det gong på gong — at «**arbeidarpartia i Vest-Europa er nøydde til å føra ein uforsonleg krig mot den russiske tsarismen,**»¹² av di det russiske tsarist-riket var den største festninga for reaksjonen i Europa og av di det støtt hadde ekspansjonistiske voner når det galdt Europa og hadde som mål å gjera frigjeringa av proletariatet i Europa umogleg. Til sine dagars ende synte Marx og Engels ofte til målmedviten motstand mot aggresjonspolitikken til det russiske tsarist-riket som kjennemerket for å skilja mellom dei politiske kreftene i Europa og avgjera kva for ei nasjonal rørsle i Europa det internasjonale proletariatet skulle gje si støtte til. Det er klårt at når Marx og Engels gjorde dette, var det slett ikkje av di dei ikkje akta på den internasjonale klassestriden. Tvert om hadde dei dei grunnleggjande interessene til proletariatet i den internasjonale klassestriden særst langt framme i tankane. Kva må vi læra frå Marx og Engels når det gjeld dette? Vi må i det minste læra dette: For det første må vi liksom Marx og Engels helsa med glede den store nasjonale revolusjonære rørsla som har femna om alle dei underkua nasjonane og rista verda, og vi må sjå på det som eit viktig førehandsvilkår og ei sikker trygd for at det internasjonale proletariatet kjem til å sigrå. For det andre må vi heile tida vera merksame på motseiingane mellom dei kapitalistiske landa og identifisera erkefiendane til den internasjonale arbeidarrørsla slik som Marx og Engels gjorde, og føra ubøyeleg strid mot dei største festningane for verdsreaksjonen i dag, nemleg den sovjetiske sosialimperialismen og USA-imperialismen.

Lenin var den første som peika på at verda alt hadde gått inn i tidbolken til imperialismen og den proletariske revolusjonen, og han var og den første som grunnla ein sosialistisk stat under proletariatets diktatur. Han var den første til å sjå på striden dei underkua nasjonane fører mot imperialismen som ein del av den sosialistiske rørsla til verdsproletariatet og til å setja fram den strategiske lina, «**Arbeidarar frå alle land og underkua nasjonar, stå saman!**» I artikkelen *Den historiske lagnaden til læra til Karl Marx* som han skreiv i 1913, sa Lenin, «**Men opportunistane har knapt fått gratulert seg sjølve med byrjinga på 'samfunnsfreden' og med at stormar ikkje trongst under 'demokratiet', før ei ny kjelde for store verdsstormar opna seg i Asia. Den russiske revolusjonen fekk fylgje av den tyrkiske, den persiske og den kinesiske revolusjonen. Det er i denne storm-tidbolken, og 'ringverknadene' frå han i Europa, vi lever no.**»¹³ Om tilhøvet mellom den revolusjonære rørsla til det internasjonale proletariatet og rørsla til dei underkua nasjonane, skreiv Lenin i 1916: «**Samfunnsrevolusjonen kan ikkje verta til på anna vis enn i form av ein tidbolk med proletarisk borgarkrig mot borgarskapet i dei framskridne landa saman med ei heil rekkje med demokratiske og revolusjonære rørsler, irekna rørsler for nasjonal frigjering, i dei uutvikla, attendeliggjande og underkua nasjonane.**»¹⁴ Desse syna til Lenin er framleis gyldige i dag.

Etter Oktoberrevolusjonen og den første verdskrigen gav Lenin ei melding i 1920 om *Den internasjonale situasjonen og dei grunnleggjande oppgåvene til Den kommunistiske internasjonale* på den andre kongressen til Den kommunistiske internasjonale. Der delte han i reine ord landa i verda, som den gongen hadde ein total folkesetnad på 1,75 milliardar, i tre kategoriar, og gjorde denne oppdelinga til grunnleggjande utgangspunkt for å avgjera strategien og taktikken til det internasjonale proletariatet. Han sa: «**Slik får vi hovudkonturane av verdsbiletet slik det såg ut etter den**

imperialistiske krigen. Ein og ein kvart tusen million underkua i koloniane — land som vert hogde i stykkjer levande, som Persia, Tyrkia og Kina; og land som er overvunne og kasta ned i kolonistilling (Her meinte Lenin slike land som Austerriksk Ungarn, Tyskland og Bulgaria og dessutan Sovjet-Russland som på same vis vart kasta attende av krigen «til det som tilsvarar ei kolonistilling» — *Red.*). Ikkje meir enn eit kvart tusen millionar bur i land som har halde på dei stillingane dei hadde, men som har vorte økonomisk avhengige av Amerika, og alle i hop var under krigen i ei militært avhengig stilling, for krigen verka på heile verda og tillet ikkje ein einaste stat å vera røyndleg nøytral. Og til sist har vi ikkje meir enn eit kvart tusen millionar som bur i land der berre det øvste laget, sjølvst, berre kapitalistane, tente på oppdelinga av verda. (Her meinte Lenin land som USA, Japan og Storbritannia — *Red.*). ... Eg vil gjerne at de skal læra utanboks dette verdsbiletet, for alle dei grunnleggjande motseiingane i kapitalismen, i imperialismen, som fører til revolusjon, alle dei grunnleggjande motseiingane i arbeidarrørsla som har ført til den rasande striden mot Den andre internasjonale ... er alle knytte til denne oppdelinga av folkesetnaden i verda.»¹⁵

Kor godt Lenin uttrykte det! Når det gjeld spørsmålet om å skilja mellom dei politiske kreftene i verda høyrer det ut som om han hadde dei kampane som faktisk går føre seg i dag i tankane. Lenin la svært stor vekt på motseiinga mellom underkua og underkuande nasjonar og motseiinga mellom imperialistland. Han delte verda i tre kategoriar og knytte denne oppdelinga tett til alle dei grunnleggjande motseiingane i imperialistverda og den internasjonale arbeidarrørsla. Denne læresetninga hans står beint motsett den opportunisten, eller den «borgarlege sosialismen»¹⁶ i Den andre internasjonale som støtt såg ned på striden til dei underkua nasjonane. I staden for rett og slett å dela landa i verda i to kategoriar, kapitalistiske og sosialistiske, i mel-

dinga si, sette Lenin ulike land i den kapitalistiske verda i tre kategoriar — dei underkua kolonilanda og halv-kolonilanda, og dei hærtekne landa, land som heldt den gamle stillinga, og land som hadde vunne krigen og tent på oppdelinga av verda. Han sette det sosialistiske Russland og dei underkua nasjonane og landa i same kategori. Lenin tok heilt ut omsyn til den store rolla som 1 250 millionar menneske spela i den revolusjonære striden mot imperialismen på verdsskodeplassen, når han sa «**Det finst 1 250 millionar mennesker som det er uråd for å leva i dei tenestekåra som den «framskridne» og siviliserte kapitalismen vil pressa på dei. Trass alt representerer desse 70 prosent av folkesetnaden i verda.**»¹⁷ rett før han døydd snakka Lenin om at det var uunngåeleg at sosialismen til sist kom til å sigr i heile verda, og då hevda han framleis: «**Når alt kjem til alt kjem resultatet av striden til å verta avgjort av at Russland, India, Kina osv. står for det overveldande fleirtalet av folkesetnaden på jordkloten. Og det er nett dette fleirtalet som i løpet av dei siste få åra er blitt drege inn i striden for frigjering med uvanleg fart, så sett frå den sida kan det ikkje vera den minste skugge av tvil om kva sluttresultatet av verdsstriden kjem til å bli. Slik sett er den fullstendige sigeren for sosialismen fullt ut og absolutt sikra.**»¹⁸ Bortsett frå dei sovjetiske sosialimperialistane som har svike saka hans fullstendig, er det klårt at ingen kjem til å seia at Lenin «gav avkall på klasseprinsipp», «preika reaksjonære teoriar om geopolitikk»¹⁹ (studiet av tilhøvet mellom geografi og politikk. — *Red.*) og så bortetter når han uttrykte desse synsmåtane, som er gjennomsyra av proletarisk internasjonalsisme og tiltru til at kommunistrørsla ville sigr. Kva må vi læra av Lenin her? I det minste må vi læra dette: Liksom Lenin må vi hylla og stø frigjeringsrørsla til dei underkua nasjonane i Asia, Afrika, Latin-Amerika og andre stader, og sjå på henne som ein viktig del av den sosialistiske revolusjonære rørsla til verdsproletariatet. Vi må dela landa i verda i dag i tre

nye kategoriar på grunnlag av dei nye internasjonale klassetilhøva som rår no, og finna fullstendig og absolutt trygd for at sosialismen skal sigra til sist i heile verda i den sameinte striden som det internasjonale proletariatet og folket i den tredje verda fører, dei som i alt er meir enn 70 prosent av folkesetnaden i verda.

Etter at Lenin døydde, forsvarte Stalin tesen hans om at proletariatet må sameina seg med dei underkua nasjonane. Han peika på at den nasjonale frigjeringsrørsla burde femna om alle dei kreftene som gjekk mot imperialistisk aggresjon, utan omsyn til klassestatus og politisk haldning. Som døme synte han til at sjølv om emiren av Afganistan heldt fast ved monarkiet som institusjon og leiarane for den egyptiske nasjonale frigjeringsrørsla var av borgarleg opphav og gjekk mot sosialismen, var kampane dei førte for sjølvstendet til nasjonane sine objektivt revolusjonære kampar, for dei tente til å «**veikja, oppløysa og undergrava imperialismen.**»²⁰ ~~Då Stalin kritiserte den trotskistiske opposisjonen, påpeika han: «**Feilsteget til opposisjonen her er at dei har gjeve fullstendig avkall på denne lina til Lenin og har snubla ut i lina til Den andre internasjonalen, som nektar for at det er føremålstenleg å stø revolusjonære krigar som koloniland fører mot imperialismen.**»²¹~~

Stalin snakka meir enn ein gong om at den kapitalistiske verda og den sosialistiske verda stod mot ein annan, men når han konkret skilde mellom dei politiske kreftene i verda i ulike periodar gjekk han ut frå stoda som heilskap i den skiftande internasjonale klassestriden. Så tidleg som i 1927, på den 15. kongressen til SUKP(b), gjorde han fylgjande oppdeling av dei politiske kreftene i verda som fanst, og sa, «**Sjå etter sjølv. Av dei 1 905 millionane innbuarar på heile kloten, bur 1 134 millionar i koloniane og avhengige land, 143 000 000 bur i USSR, 264 000 000 bur i dei mellomliggende landa, og berre 363 000 000 bur i dei store imperialistlanda, som underkuar koloniane og avhen-**

gige land.»²² I mars 1939, på den 18. kongressen til SUKP(b), definerte han Tyskland, Italia og Japan som åtaksland og Storbritannia, Frankrike og USA som ikkje-åtaksland. Rett etter at Hitler-Tyskland gjekk til åtak på Sovjetunionen i 1941, sytte Stalin for at Sovjetunionen vart alliert med USA, Storbritannia og andre land for å skipa ein anti-fascistisk leir. I 1942 sa han at «No kan ein sjå det som heva over spørsmål at under den krigen som Hitler-Tyskland har tvinga på nasjonane, har ei grunnleggjande grensesetjing for styrkane, og skipinga av to motsette leirar, gått føre seg: Leiren til den italiensk-tyske koalisjonen og leiren til den engelsk-sovjetisk-amerikanske koalisjonen» og at «det fylgjer at kjensgjerningane sin logikk er sterkare enn nokon annan logikk.»²³ Sjølv sagt finst det ikkje noko slikt i verda i dag som ein ny italiensk-tysk koalisjon eller ein ny engelsk-sovjetisk-amerikansk koalisjon. I staden finst det to hegemoniske makter, Sovjetunionen og USA, og ein sameint front av folket i verda mot dei. Det vi gjerne vil streka under her er at det Stalin gjorde ikkje på noko vis verka inn på Sovjetunionen si stilling som sosialistisk land eller hindra utviklinga av den revolusjonære striden til det internasjonale proletariatet. Tvert om, den handlingsgangen han fylgde var den einaste rette for å forsvare dei grunnleggjande interessene til det sosialistiske Sovjetunionen og det internasjonale proletariatet. Kan vi klaga Stalin for ikkje å fylgja formelen om den kapitalistiske verda mot den sosialistiske verda strengt i dette tilfellet? Kan vi tvila på kor mykje det hadde å seia at dei politiske kreftene i verda i den stunda vart delte i den fascistiske leiren og den anti-fascistiske leiren? Kan oppdelinga av dei politiske kreftene i verda ikkje vera tufta på kjensgjerningane sin logikk, men ein logikk som overstig kjensgjerningane?

La oss ein augneblink venda attende til ein tese frå Stalin i *Økonomiske problem i sosialismen i USSR*,

som han skreiv eit år før han døydde: «Det vert sagt at motseiingane mellom kapitalismen og sosialismen er sterkare enn motseiingane mellom dei kapitalistiske landa. Teoretisk er dette sjølvstansant.» «Likevel tok ikkje den andre verdskrigen til som ein krig med Sovjetunionen, men som ein krig mellom kapitalistiske land.» «Fylgjeleg synte det seg i praksis at striden mellom dei kapitalistiske landa om marknader og ønsket deira om å knusa konkurrentane sine var sterkare enn motseiingane mellom den kapitalistiske leiren og den sosialistiske leiren.» Vidare peika han på at «det at krigar mellom dei kapitalistiske landa ikkje er til å unngå, gjeld framleis.»²⁴ Det er først og fremst mellom USA, eit kapitalistisk land, og Sovjetunionen, der kapitalismen er blitt innført att, at verdskrig ikkje er til å unngå i dag. Det ser ut til at tesen om at kjensgjerningane sin logikk er sterkare enn nok on annan logikk, framleis er sann.

Dermed er det greitt at alle dei revolusjonære lærarane til proletariatet skilde mellom dei politiske kreftene i verda ved å lita på ein objektiv og gjennomtrengjande analyse av stoda som heilskap i den internasjonale klassestriden i ulike periodar, i staden for å fylgja nokon fastlåst formel. Når formann Mao, den største marxisten i vår tid, skilde mellom dei politiske kreftene i dag i tre verder, er det eit historisk produkt av at han brukte marxismen på skapande vis opp gjennom åra til å observera og analysa utviklinga av dei grunnleggjande motseiingane i verda og endringane i dei.

I arbeidet *Om nydemokratiet* som vart prenta i 1940, er vde, verja og utvikla formann Mao teorien til Lenin og Stalin om at etter den første verdskrigen, og særskilt etter Oktoberrevolusjonen, var alle nasjonale frigjeringsrørsler del av den proletarisk-sosialistiske verdsrevolusjonen. Han påpeika med reine ord «Same kva klassar, parti eller einskildpersonar i ein underkua nasjon som sluttar seg til revolusjonen, og same om dei sjølve er medvitne om spørsmålet eller forstår det, så lenge dei går mot imperialismen vert revolusjonen deira

1940

*

konkret analyse
ingen formel!

del av den proletarisk-sosialistiske verdsrevolusjonen
og dei vert allierte for han.»²⁵

Svara denne analysen til formann Mao til dei objektive realitetane i den internasjonale klassestriden? Det er tydeleg at han gjorde det. Ingen kan tvila på det, av di det var nett ved å gå ut frå dette synspunktet at Kinas Kommunistiske Parti i åra under den japanske imperialistiske invasjonen i Kina skipa ein einskapsfront med alle dei anti-japanske kreftene, irekna Chiang Kai-sheks Kuomintang, og vann siger i krigen mot Japan. Likeins etter krigen, då var det ved å sameina seg med alle dei anti-imperialistiske demokratiske kreftene som let seg sameina, at partiet gjekk vidare til å styrta det reaksjonære styret til Kuomintang og grunnleggja Folkerepublikken Kina under proletariatets diktatur.

I dagane etter den andre verdskrigen reiste USA-imperialismen eit utstoggeleg anti-sovjetisk leven. Formann Mao avslørte det røynelege føremålet med dette ståket med uvanleg klårsyn. Han peika på at **«USA og Sovjetunionen er skilde av eit enormt område som femner om mange kapitalistiske land, koloniland og halv-koloniland i Europa, Asia og Afrika»** og at **«no er det røynelege innhaldet i slagordet til USA om å føra ein anti-sovjetisk krig, underkuing av det amerikanske folket og ekspansjon av aggresjonskreftene til USA i resten av den kapitalistiske verda.»²⁶** Formann Mao oppmoda det amerikanske folket og alle nasjonar og folk som stod andsynes trugsmålet om aggresjon frå USA om å stå saman og møta åtaka frå dei reaksjonære i USA og løpegutane deira. Svara denne analysen frå formann Mao til dei objektive realitetane i den internasjonale klassestriden på den tida? Det er tydeleg at han gjorde det. Ingen kan tvila på det, for hendingar den gongen og sidan har stadfesta at analysen hans var gyldig.

Suezkanal-hendinga i 1956 førte fram i dagen motseiingane som heldt på å kvessa seg til mellom imperialismaktene. Den gongen påpeika formann Mao: **«Ut-**

frå denne hendinga kan vi nagla fast sentrum for striden i verda i dag. Motseiinga mellom imperialistlanda og sosialistlanda er visseleg særskilt kvass. Men dei imperialistiske landa strir no med kvarandre om kontrollen over ulike område i namnet til motstand mot kommunismen ... I Midtausten, er to slags motseiingar og tre slags krefter i samanstøyt. Dei to slags motseiingane er: for det første, dei mellom ulike imperialistmakter, det vil seia mellom USA og Storbritannia og mellom USA og Frankrike, og for det andre, dei mellom imperialismaktene og dei underkua nasjonane. Dei tre slags kreftene er: ein USA, den største imperialismakta, to, Storbritannia og Frankrike, andrerangs imperialistmakter, og tre, dei underkua nasjonane.»²⁷ Svara denne analysen til formann Mao til dei objektive realitetane i den internasjonale klassestriden på den tida? Nok ein gong er det tydeleg at dei så gjorde. Ingen kan tvile på dette, av di hendingane då og seinare likeins har synt at analysen hans er gyldig.

Det er ikkje vanskeleg å skjønna at formann Maos analyse om dei tre slags kreftene var forløparen for teorien hans om dei tre verdene. Skilnaden mellom desse to har i hovudsak opphav i at det den gongen fanst ein sosialistisk leir, kor utrygg han enn var. Seinare, då Khrusjtsjov-Bresjnev-klikken sveik kommunismen si sak fullstendig, vart kapitalismen innført att i Sovjetunionen, og landet degenererte og vart eit sosialimperialistisk land. Det er sant at Kina og andre sosialistiske land finst, men det som ein gong var den sosialistiske leiren finst ikkje lenger, og historiske vilkår gjer det ikkje naudsynt å skipa han for andre gong. I mellomtida var det mange land som ikkje lenger tok stikkord frå USA og til og med stod ope opp mot USA: Gjennom harde kampar kunngjorde etterkvart dei fleste kolonilanda og halvkolonilanda i Asia, Afrika og Latin-Amerika at dei var sjølvstendige. Etter ein periode med stor omkasting, stor oppdeling og stor nyoppstilling står dei politiske kreftene i verda no andsynes

ein ny historisk situasjon. I 1960-åra var herskarklikken i Sovjetunionen alt svært langt komen i sviket mot sosialismen. Men USA-imperialismen var framleis erkefienden til folket i verda ei stund. Så, etter ei rekkje alvorlege hendingar, vart Sovjetunionen ikkje berre til ei imperialistisk supermakt som truga verda liksom USA gjorde, men Sovjetunionen vart og den fårlegaste kjelda for ein ny verdskrig. Sviket til den sovjetiske herskarklikken førte uunngåeleg til kløyvingar i ulik grad og gav opphav til mellombels vanskar i den internasjonale arbeidarrørsla og i rekkjene til den anti-imperialistiske revolusjonære striden i verda. Kva er utvegen for det? Kan vi lata att augo for dei hendingane som går føre seg i denne perioden og lata som den imperialistiske leiren og den sosialistiske leiren framleis finst i verda og sjå på motstanden mellom dei to som hovudmotseiinga i verdspolitikken? Kan vi stengja ute Sovjetunionen og dei landa som lyder Sovjetunionen frå den sosialistiske leiren samstundes som vi held fast på formelen, og gå ut frå at bortsett frå dei sosialistiske landa er alle dei andre ein reaksjonær masse utan skilje i, som utgjer den kapitalistiske verda? Det er tydeleg at dette berre ville gjera det uråd for folket i verda å sjå kjensgjerningane og med det den rette vegen fram. Ofselege endringar i den internasjonale stoda i dag, veksten i styrken til folket dag for dag i ulike land og veksten i styrken til faktorane for revolusjon krev ei ny klassifisering av dei politiske kreftene i verda, slik at ein ny global strategi for det internasjonale proletariatet og det underkua folket kan verta formulert etter det nye tilhøvet mellom oss sjølve, venene våre og fiendane våre. Teorien til formann Mao om dei tre verdene møter dette kravet heilt nøyaktig.

Denne teorien gjer det klårt: Dei to imperialistiske supermaktene, Sovjetunionen og USA, utgjer den første verda. Dei har vorte dei største internasjonale utbytтарane, underkuarane og åtaksmennene og dei sams fiendane for folket i verda, og rivaliseringa mellom dei

er nøydd til å føra til ein ny verdskrig. Striden om verdsherredøme mellom dei to hegemoniske maktene, trugsmålet dei rettar mot folket i alle land og den motstanden som desse gjer mot dei — dette har vorte det sentrale problemet i verdspolitikken i dag. Dei sosialistiske landa, hovudstøtta for det internasjonale proletariatet, og dei underkua nasjonane, som er dei hardest utbytta og underkua og som svarar for det store fleirtallet av folkesetnaden i verda, er i dag den tredje verda. Dei står fremst i striden mot dei to hegemonismaktene og er hovudkrafta i den verdsfemnande striden mot imperialismen og hegemonismen. Dei utvikla landa imellom dei to verdene er den andre verda. Dei underkuar og utbytta dei underkua nasjonane og vert samstundes kontrollert og hundsaa av supermaktene. Dei har ein tosidig karakter, og står i motseiing både til den første og den tredje verda. Men dei er framleis ei kraft som den tredje verda kan vinna til seg og stå saman med i striden mot hegemonismen. Denne teorien oppsummerer den strategiske stoda når det gjeld den viktigaste klassestriden i verda i dag, der folket i heile verda er eit parti og dei to hegemonismaktene det andre. Dei indre klassestridane i ulike land er i røynda uskillelege frå den globale klassestriden. Difor er denne teorien om å skilja mellom dei tre verdene den mest omfattande oppsummeringa av dei ulike grunnleggjande motseiingane i verda i dag. Denne vitskaplege tesen til formann Mao har gjort rikare teoriane om den ujamne utviklinga av imperialismen og om at motseiingane mellom imperialistiske land uunngåeleg fører til krig, om sosialimperialismen, om striden dei underkua nasjonane fører som ein viktig del av den sosialistiske revolusjonen til verdsproletariatet, om den innbyrdes støtte mellom det internasjonale proletariatet, dei sosialistiske landa og dei nasjonale frigjeringsrørslene og om strategien og taktikken for den proletariske revolusjonen — og alt dette er viktige tilskot til marxismen-leninismen.

Det er lite å undra seg over at dei sovjetiske sosial-

imperialistane har gått til rasande åtak på denne strålende teorien til formann Mao. Ein kan ikkje venta av dei at dei skal vedgå at Sovjetunionen er blitt ei imperialistisk supermakt og den fårlegaste kjelda for ny verdskrig under styret deira, nett som ein ikkje kan venta at overløparar og åtaksmenn skal vedgå kva dei er. Dei bakvaskar oppøst teorien om dei tre verdene som ein teori som gjev avkall på klassestriden og hiv sosialistiske land i same haugen som kapitalistiske land, og så bortetter. Kjeftbruken deira er ikkje berre retta mot den store marxisten formann Mao og det store Kinas Kommunistiske Parti, han vert kasta mot den store Marx, Engels, Lenin og Stalin også. For som vi har sett svarar formann Maos skiljing mellom dei tre verdene i prinsippet heilt ut til det skiljemerket som Marx og Engels sette i andre halvdel av det 19. hundreåret for å skilja mellom dei politiske kreftene i Europa etter haldninga deira andsynes det russiske tsarist-riket. På same vis svarar det til Lenin si klassifisering av verda i tre typar land etter den første verdskrigen, og Stalin si oppdeling av landa før den andre verdskrigen i åtaksland og ikkje-åtaksland og i den fascistiske leiren som noko heilt anna enn den anti-fascistiske leiren under krigen. Dessutan er det ei logisk utvikling av teoriane deira om å skilja mellom dei politiske kreftene i verda. Det er sant at dei som oppøst bakvaskar teorien om dei tre verdene framleis kallar seg «trufaste etterfylgjarar» av Lenins sak, men når vi dømmer eit menneske, kan vi då gå berre etter orda hans og ikkje etter gjerningane? Om vi dømmer dei etter gjerningane, vert det ikkje då klårt at det er dei som har svike proletariatet i klassestriden og fått eit sosialistisk land til å degenerera og verta eit kapitalistisk land?

I vårt eige land finst det menneske som går rasande mot formann Mao sin teori om dei tre verdene. Dei er ingen andre enn Wang Hung-wen, Chang Chun-chiao, Chiang Ching og Yao Wen-yuan, eller «firarbanden». Dei heiste eit svært så «revolusjonært» flagg, og gjekk

mot den støtta Kina gav til den tredje verda, gjekk mot strevet til Kina for å sameina alle krefter som let seg sameina, og gjekk mot at vi skulle retta slag mot den fårlegaste fiendan vår. Dei freista fåfengt å sabotera bygginga av ein internasjonal einskapsfront mot hegemonismen og bryta sund den anti-hegemonistiske striden til Kina, og gjorde den sovjetiske sosialimperialismen ei teneste med det.

I ein viss grad fekk den sundrivande verksemda deira skadeleg verknad, men partiet og regjeringa vår har ufråvikeleg halde seg til den revolusjonære lina i utanriksspørsmål som formann Mao ordla. «Firarbanden» representerer ikkje folket i Kina på noko vis. Dei er svikarar som det kinesiske folket ikkje vil kjennast ved.

Same kor mykje dei sovjetiske sosialimperialistane og «firarbanden» forbannar teorien om dei tre verdene, provar det som skjer i verda i dag i røynda meir og meir at teorien gjeld. Difor vert verknaden av han meir og meir merkande. I den politiske meldinga til det 11. landsmøtet i Kinas Kommunistiske Parti seier formann Hua Kuo-feng, «Tesen til formann Mao om å skilja mellom dei tre verdene gjev ei rett innretting til den internasjonale striden no og definerer klårt dei revolusjonære hovudkreftene, hovudfiendane, og mellomkreftene som ein kan vinna til seg og stå saman med, og han set det internasjonale proletariatet i stand til å sameina seg med alle dei kreftene som let seg sameina for å skipa så brei ein einskapsfront som råd i i klassestridane mot hovudfiendane på verdsskodeplassen.» Denne tesen møter ikkje berre dei strategiske krava som striden til det internasjonale proletariatet og det underkua folket og dei underkua nasjonane i dag stiller. Han møter og dei strategiske krava som vert stilt av striden for at sosialismen og kommunismen skal sigra. Han kjem til å inspirera folket i verda i det sameinte taket dei tek for å streva etter store sigrar i striden mot imperialismen og hegemonismen under rettleiing av ein fast og eintydig politikk.

DEI TO HEGEMONISTMAKTENE, SOVJETUNIONEN OG USA, ER DEI SAMS FIENDANE TIL FOLKET I VERDA: SOVJETUNIONEN ER DEN FÅRLEGASTE KJELDA TIL VERDSKRIG.

Det at to supermakter har stige fram er eit nytt fenomen i saga om utviklinga av imperialismen. Den ujamne utviklinga av imperialismen fører uunngåeleg til samanstøytar og krigar som i sin tur gjer den ujamne utviklinga endå meir ujamn, og gjev opphav i dag til at dei imperialistiske supermaktene står over og framom dei gjengse imperialistmaktene. Lenin sa: **«Imperialisme vil seia at nasjonane i verda gradvis vert meir og meir underkua av ein handfull stormakter; det vil seia ein periode med krigar mellom desse siste for å utvida og tryggja underkuinga av nasjonane.»**²⁸ I dag er denne handfullen med imperialistmakter vorte nedskoren til berre to supermakter, Sovjetunionen og USA. Dei er i stand til å stridast om verdshegemoni, og alle dei andre imperialistmaktene er vorte sette attende til stillinga til andre- og til og med tredjerangs makter. Dei særmerkte draga til ei supermakt er som fylgjer: statsapparatet vert kontrollert av monopolkapitalen i si mest konsentrerte form, og ho lit på den økonomiske makta og militærmakta si, som er langt større enn den som andre land har, for å driva økonomisk utbytting og politisk underkuing og streva etter militær kontroll i verdsomfang. Kvar supermakt har sett einerådande verdshegemoni som mål for seg, og med dette for augo gjer ho oppjaga førebuingar på ny verdskrig.

Det finst dømme frå saga til imperialismen på at eit par stormakter har freista å vinna verdsherredøme, men dei er ikkje i same klasse som Sovjetunionen og USA i dag. Jakta på hegemoni mellom desse to landa er det sær-

eigne resultatet av utviklinga som kom etter den andre verdskrigen.

I etterkrigstida nådde konsentrasjonen av USA sin monopolkapital og utbreiinga hans utanlands eit forbausande nivå. Som fersk statistikk syner, svara i 1976 dei 12 største industrisamanslutningane, med kapital på over 10 milliardar dollar kvar, til saman for 27 prosent av det totale eget og 29 prosent av det totale salet til alle samanslutningar i USA. Dei ti kjempe-handelsbankane hadde 61 prosent av eget og innskota i dei femti største handelsbankane i landet.²⁹ Eksporten av USA-kapital som var svært konsentrert etter krigen har stige i hopp og sprang dei siste tjue åra om lag. I 1950 stod beinveges private investeringar i utlandet på 11,8 milliardar dollar, men i 1976 var dei sprunge opp til 137,2 milliardar dollars.³⁰ Den høge og raske konsentrasjonen av monopolkapitalen la det økonomiske grunnlaget for USA som imperialistisk supermakt. USA-imperialismen utnytta det økonomiske og militære overtaket han fekk gjennom krigen, monopolet han hadde over atomvåpen og eit breitt utval høgt utvikla militærvitskap og teknologi, det verdsfemnande valuta-systemet med dollaren som sentrum som han sette i gang, og dei ulike militær-blokkene han kontrollerte i Nord-Amerika, Latin-Amerika, Europa, Asia og Oseania, og tok ein overherreplass utan føredøme i den kapitalistiske verda. USA-imperialismen hadde alle dei andre kapitalistlanda under tommelen. I mange år for han fram som politimann for verda og gjorde talrike blodige brotsverk mot det revolusjonære folket (irekna folket i USA) og dei underkua nasjonane i verda. Men kor mykje denne fienden av verdas folk enn bles seg opp, måtte han ta mot knusande slag frå folket i Asia i aggresjonskrigar som han trudde han kunne vinna som ingen ting. Det heltemodige koreanske folket var det første som stakk hol på myten om at USA var uovervinneleg. I krigen dei førte mot aggresjon frå USA og for å berga nasjonen styrta folket i Vietnam, Kampu-

chea og Laos USA-imperialismen ut i militære, politiske og økonomiske kriser og skunda på attendegangen hans. I mellomtida kom Vest-Europa og Japan seg jamnt, voks i økonomisk styrke og tok ei hardare stilling når dei konkurrerte med USA. Dermed vart USA-imperialismen nøydd til å innrømme at han ikkje lenger kunne få det som han ville i verda. Men USA er framleis det mektigaste landet i den kapitalistiske verda og gjer alt det kan for å halda på overherredømet.

Ettersom USA rota seg ned i krigar og styrken til landet tok til å gå attende, nådde den sovjetiske sosialimperialismen USA att bakfrå. Overløparklikken til Khrusjtsjov-Bresjnev, som har raska til seg fruktene av den sosialistiske oppbygginga som sovjetfolket utførte i meir enn tretti år, omdanna smått om senn det som hadde vore ei sosialistisk makt til ei imperialistisk makt. Imperialistane hadde lenge ønskt at Sovjetunionen skulle utvikla seg fredeleg frå sosialisme til kapitalisme. Men denne utviklinga førte til strid om verdsherredømet i samsvar med lova om den ujamne utviklinga av imperialismen, og stilte dei andlet til andlet med ein fælsleg og umedgjerleg fiende. Som vi alle veit har den revisjonistiske sovjetiske overløparklikken omskipa ein høgt sentralisert sosialistisk økonomi til ein statsmonopolistisk kapitalistisk økonomi som er sentralisert i ein grad sjølv USA ikkje kan nå. I dei ti åra USA sat nedgraven i åtakskrigen sin mot Vietnam, Kampuchea og Laos, streva Sovjetunionen etter å utvikla sin eigen styrke, gjorde avstanden i økonomisk utvikling mellom seg sjølv og USA mindre og utvida militærmakta si ofseleg. Sovjetunionen har nådd att USA i atomvæpning og gått forbi USA i konvensjonelle våpen. Ettersom den militære og økonomiske makta hans aukar, vert den sovjetiske sosialimperialismen meir og meir open i freistnadene på å utvida og trengja inn i alle delar av verda. Sovjetunionen gjer mykje ut or stridskreftene sine på bakken, sjøen og i lufta over alt, og engasjerer USA i vill strid om overherredømet i verds-



Sør-koreanske kvinner demonstrerer foran den amerikanske ambassaden for kravet om frigjering av dei politiske fangane.



«Ingenting er meir verdefullt enn sjølvstende og fridom». Frå Saigon etter frigjeringa i 1975.

omfang. Slik avslører Sovjetunionen dei aggressive vone som er utan like i verdssoga.

Lenin sa at imperialistane deler opp verda «i høve til kapital», «i høve til styrke».³¹ Det er nett ved å spennast dei økonomiske og militære musklane, som andre land ikkje kan stilla opp mot på noko vis, at desse to supermaktene søkjer verdshegemoni. I 1976 var det brutto nasjonalproduktet (GNP — gross' national produkt. — *Red*) til USA på meir enn 1690 milliardar dollar og i Sovjetunionen var det på meir enn 930 milliardar dollar.³² Til saman svarar dei for om lag 40 prosent av det brutto nasjonalproduktet i verda. Verdien av industriproduksjonen både i USA og i Sovjetunionen går forbi same verdien for dei tre store europeiske kapitalistland, Vest-Tyskland, Frankrike og Storbritannia til saman. I militær styrke står ikkje noko anna imperialistland på line med nokon av dei to supermaktene. Både har tusenvis av strategiske atomvåpen, fleire hundre militære satelittar, noko over ti tusen militærfly, fleire hundre store krigsskip og enorme lager med andre konvensjonelle våpen. I militærutgifter går både Sovjetunionen og USA langt forbi Vest-Europa, Japan og Kanada til saman. Krigsmaskina til kvar av dei to supermaktene i fredstid har nådd ein storleik utan føredøme i menneskesoga.

Den sovjetiske revisjonistiske overløparklikken har freista hardt å reinvaske seg med å påstå at sjølv om Sovjetunionen er ei stormakt er det ikkje ei imperialistisk supermakt. Kan ein ta dette argumentet alvorleg? Har ikkje Sovjetunionen drive same slags økonomisk plyndring, politisk kontroll og militær ekspansjon som USA?

USA utbytтар andre land i hovudsak ved å eksportera kapital i form av investering utanlands. Etter offisiell statistikk i USA tok USA i 1976 inn att profitt, irekna inntekter frå patentar, opp i 22 milliardar dollar frå dei beinveges private investeringane utanlands, og profitteraten var på meir enn 16 prosent.³³ Slik er den usmake-

lege saga om korleis monopolkapitalen i USA syg blo-
det av folket i verda. Sjølv om Sovjetunionen ikkje når
att USA når det gjeld det totale profittvolumet som vert
røva frå andre land, ligg Sovjetunionen ikkje det minste
under for USA når det gjeld plyndringsmetodar. Det er
i hovudsak gjennom «økonomisk hjelp» og «militær-
hjelp» til land i den tredje verda at Sovjetunionen kjø-
per billeg og sel dyrt og klemmer ut enorme profittar
under marsjen. Til dømes har Sovjetunionen selt varer
til India, og kalla det «hjelp», til prisar som stundom *Sovj.*
ligg 20 til 30 prosent og heilt opp i 200 prosent høgare *eksempl*
enn på verdsmarknaden. På den andre sida kjøper Sov-
jetunionen varer frå India til prisar som stundom ligg
20 til 30 prosent lågare.³⁴ Etter «Statistikk for den sov-
jetiske utanrikshandelen» betalte Sovjetunionen ein
pris for å importera naturgass frå dei asiatiske landa som
låg på noko slikt som halvparten av det Sovjetunionen
tok for å eksportera det til vesten. Same kjelda syner at
prisen på antrasitt, råjern og andre varer som er utførte
frå Sovjetunionen til Egypt ligg 80 til 150 prosent hoga-
re enn det dei tok frå Vest-Tyskland for tilsvarande ek-
sport.³⁵ I den vestlege pressa vart det meld at under den
arabisk-israelske krigen i oktober 1973, «kravde Russ-
land ikkje berre betaling i kontantar for våpna dei sel-
de, men skuvde opp prisane då krigen nådde høgde-
punktet.». ³⁶ Etter at dei viktigaste olje-eksporterande
arabarlanda hadde betalt denne summen i amerikanske
dollar brukte Sovjetunionen pengane til å utvida eit lån
i Euro-dollar til ei rente på ti prosent eller meir.³⁷

USA øver kontroll med økonomien og politikken i
mange land gjennom dei overnasjonale samanslut-
ningane og andre aggresjonsreiskapar. No for tida driv
Sovjetunionen slik verksemd i hovudsak innanfor «det
sosialistiske fellesskapet». Dei kallar det «internasjonal
arbeidsdeling», «planlagd samordning», «multilateral
integrasjon», «strukturell integrasjon», osb., og brukar
det til å kontrollera dei økonomiske livstrådane i mange
land. Dei er hektisk opptekne med å plyndra og rå over

dei når det gjeld råvarer, marknaden, prisar i utanriks-handelen, produksjonsplanar, tvungne lån og til og med arbeidskraft til kapitalkonstruksjon, og prøver hardt å dra økonomien til desse landa og den «avgrensa» suvereniteten deira heilt innanfor sovjetisk rekkjevidd, for å oppretta «fellesskapet» sitt såkalla «internasjonale sosialistiske eige». ³⁸

USA har gått inn for å selja våpen i verdsomfang for å dra ut kolossale profittar frå andre land og rå over dei. Mellom 1966 og 1976 utførte USA våpen for ein verdi av 34,9 milliardar dollar. I same perioden og for same føremål selde Sovjetunionen våpen for i alt 20,2 milliardar dollar. ³⁹ Etter opplysningar som er utsende av Kontoret for våpenkontroll og nedrusting i USA, var våpensalet frå Sovjetunionen alt i 1974 oppe i 5,5 milliardar dollar. Det svara for 37,5 prosent av verdstotalen det året og gjorde Sovjetunionen til den nest største handelsmannen i død etter USA. Dessutan freistar Sovjetunionen å kontrollera kundane sine ved slike middel som å stogga forsyningar av delar som trengst og tilleggsutstyr, og pressa dei for betaling.

For å rydda veg for hegemoniet sitt har USA undergrave ei rekkje lovleg innsette regjeringar i Latin-Amerika, Asia og Afrika. Sovjetunionen har gjort og held på med det same i ei rekkje land i Afrika og Aust-Europa.

USA har om lag 400 000 mann av dei væpna styrkane sine stasjonert i framande land. Sovjetunionen har om lag 700 000 troppar i andre land og har sett Tsjekkoslovakia, som er eit allment vedkjent suverent land, fullstendig under langvarig (i røynda på uavgrensa tid) militær hærsetjing.

USA har gjort territorium i mange land om til militærbasar for USA gjennom militæravtalar. Sovjetunionen har militærbasar eller installasjonar i Aust-Europa, Folkerepublikken Mongolia, Kuba og Afrika, og i Middelhavsområdet og Det indiske havet. Det har frekt og freidig freista å fortsetta okkupasjonen av dei

nordre områda i Japan og havområdet som høyrer til. Sovjetunionen har til og med freista å ta Svalbard vekk frå Noreg. «Det som er mitt er mitt, og det som er ditt kan vi forhandla om». Dette er ein ironisk merknad som går på omgang i vestlege diplomatkrinsar, men Sovjetunionen bryr seg ikkje alltid med tungvinte forhandlingar for å avgjera om «ditt er mitt».

USA sende leigesoldatar for å gå inn i Kuba, og hausta seg særskild dårleg ry på det. Likeeins sende Sovjetunionen leigesoldatar for å gjera væpna invasjon i Angola og for å invadera Zaire, og det held fram med å utvida omfanget av aggresjonen sin.

Stutt sagt er både Sovjetunionen og USA imperialistiske supermakter. Dei er dei største internasjonale utbyttrarane og underkuarane, dei største kreftene for krig og aggresjon og dei sams fiendane til folket i verda. Lenin sa: **«Eit proletariat som finn seg i den minste tvang mot andre nasjonar ved sin «eigen» nasjon kan ikkje vera eit sosialistisk proletariat.»**⁴⁰ Framferda til Sovjetunionen i internasjonale saker er reindyrka hegemonisme og imperialismen utan noko spor av sosialistisk proletarisk ande. Og det er ikkje alt. Av dei to imperialistiske supermaktene er Sovjetunionen den mest rovgriske, den mest dumdristige, den mest svikefulle, og den fårlegaste kjelda til verdskrig.

Kvifor må vi seia dette? Er det av di Sovjetunionen okkuperer kinesisk territorium langsetter dei nord-austre og nordvestre grensene til Kina i strid med avtaleplikter og trugar tryggleiken til Kina? Nei. USA har og gått inn i og hærsett Taiwan, og er likeeins eit trugsmål mot tryggleiken vår. Folket i kvart særskilt område kan utan tvil avgjera kva for supermakt eller imperialistland som stiller det næraste trugsmålet mot dei, alt etter deira eigne konkrete vilkår. Men her drøftar vi eit allment spørsmål som gjeld verdssituasjonen som heilskap, og ikkje eit særskilt spørsmål som gjeld eit særskilt område. Det er ikkje på grunn av tilfeldige, forbigåande eller delvise årsaker at Sovjetunionen er vor-

ten den fårlegaste av dei to supermaktene i verdsomfang. Dette vert avgjort av ei heil rekkje historiske vilkår som Sovjetunionen har vokse under og vorte ei imperialistisk supermakt under.

*mest aggressiv
3
dristig*

For det første er den sovjetiske sosialimperialismen ei imperialistmakt som fylgjer i helane på USA og difor er han meir aggressiv og dristigare. Lenin sa for lenge sidan at dei som kjem seint mellom imperialistmaktene alltid vil at verda skal verta delt på ny og etter som dei «kom til det kapitalistiske bankettbordet då alle plassar var opptekne,» var dei «endå meir rovhusa, endå griskare». ⁴¹ «For om dei ikkje får i stand ei ny oppdeling av koloniane med makt, vil ikkje dei nye imperialistiske landa få tak på dei privilega dei gamle (og veikare) imperialistmaktene har kunna gle seg over.» ⁴² For å nå verdsoverherredøme er den sovjetiske sosialimperialismen nøydd til å freista å riva til seg område under kontroll av USA, nett som Tyskland under keisar Wilhelm II og under Hitler, og USA etter krigen, måtte prøva å riva til seg område under kontroll av Storbritannia og andre imperialistar av den gamle garden. Dette er ei historisk lov som er uavhengig av manneviljen. Difor påpeika formann Mao i ein samtale i februar 1976: «USA ønskjer å verja interessene sine i verda og Sovjetunionen ønskjer å utvida; dette let seg ikkje endra på noko vis.» USA-imperialismen kjem visseleg til å halda fram med å freista på å få verdsherredøme, men han har gått for langt og alt han kan gjera no er å freista å verja dei faste interessene sine og gå over på defensiven i heilskapsstrategien. Bresjnev har på den andre sida kunngjort frekt, medan han tuskhandlar med ordet «fred», «Sovjetunionen har styrkt det økonomiske potensialet og forsvarspotensialet sitt og det har sett oss i stand til å setja i gang ein aktiv og vellukka offensiv på den internasjonale skodeplassen» ⁴³ og «når vi gjev utanrikspolitikken vår form må vi no rekna med, på ein eller annan måte, stoda på så godt som kvar einaste flekk på kloten.» ⁴⁴ Dette tyder i røynda at Sovjet-

unionen har bestemt seg for å bruka ein offensiv strategi for å gripa inn i suvereniteten til alle andre land og veikja og ta plassen til USA-innverknaden i alle delar av verda i freistnaden på å oppretta sitt eige verdshegemoni.

For det andre, av di den sovjetiske sosialimperialismen i samanlikning er veikare i økonomisk styrke, må han i hovudsak lita på militærstyrken og ta til trugsmål og krig for å utvida. Sjølv om Sovjetunionen økonomisk sett har gått langt fram om dei andre imperialistiske landa, står han framleis veikare samanlikna med rivalen sin, og den økonomiske styrken hans strekk ikkje til for det han treng for å ha verdshegemoni. Difor går han hektisk inn for våpenutbygging og krigsførebuingar, slik at han kan riva til seg ressursane, rikdomen og arbeidskrafta til andre land for å gjera opp for at han ligg under økonomisk. Dette er den stigen tsarist-Russland og det fascistiske Tyskland, Italia og Japan trakka til før i tida. Nett no er dei væpna stridskreftene til Sovjetunionen dobbelt så store som USA sine, og Sovjetunionen har meir enn 400 strategiske atomvåpenberarar meir enn USA.⁴⁵ Sovjetunionen har kolossalt mange fleire stridsvogner, panservogner, feltartilleri og andre slag konvensjonelle våpen. Sovjetunionen kan no skryta av ein «offensiv flåte» med ein total tonnasje på mest det same som USA-flåten. I fylgje ei vestleg vurdering har militærutgiftene til Sovjetunionen stige dei siste åra med ei gjennomsnittsrate i året på 4 til 5 prosent og dei slukar omlag 12 til 15 prosent av det brutto nasjonalproduktet (militærutgiftene til USA svarar for om lag 6 prosent av det brutto nasjonalproduktet). Sovjetisk militært pengeforbruk i rekneskapsåret 1976 er vurdert til 127 milliardar dollar, som er om lag 24 prosent meir enn dei planlagde USA-utlegga på 102,7 milliardar.⁴⁶ Alt dette syner at Sovjetunionen uunngåeleg vil bruka ein offensiv strategi og i hovudsak gripa til makt, og trugsmål om maktbruk, i striden mot USA om verdshegemoniet.

2)

Militær
sterkt,

(Øk
svake)

3)

stat-
kap.

Sentralis-
me

prop
staten

For det tredje har den sovjetiske byråkrat-monopolkapitalistiske gruppa omdanna ein høgt sentralisert sosialistisk statseigd økonomi til ein stats-monopolistisk kapitalistisk økonomi utan jamlike i noko kapitalistisk land, og har omdanna ein stat under proletariatets diktatur til ein stat under fascistisk diktatur. Difor er det lettare for den sovjetiske sosialimperialismen å setja heile økonomien på militært grunnlag og militarisera heile statsapparatet. Bresjnev-klikken har tileigna seg 20 prosent av nasjonalinntektene til militærutgifter og skrik om å verta «klår til å slå om økonomien til det militære programmet når som helst».⁴⁷ Klikken held fram med å styrkja statsapparatet og strever etter å binda sovjetfolket til krigsvogna si. KGB, organisasjonen til tryggingstenesta i Sovjetunionen, har vorte eit sverd som heng over hovudet på folket i Sovjetunionen og i mange andre land. Dei sovjetiske styresmaktene brukar alle krefter for å så gift i tankane til folket med militarismen og for å blåsa til den russiske sjåvinismen gjennom massemedia, litteraturen og kunsten, utdanninga og andre kanalar. Dei lovpriser systematisk dei militære og politiske hovdingane og eventyrarane i tsarist-Russland som utførte «fortenstfulle gjerningar» i å driva aggresjon utanlands, og oppmodar ope om å føra den ekspansjonistiske «tradisjonen» til dei gamle tsarane vidare slik at millionar av menneske kan verta drivne til å tena som kanonføde for dei nye åtakskrigane deira på ein augneblinks varsel.

4)

"SOS"

For det fjerde er den sovjetiske sosialimperialismen vorten til som resultat av degenereringa av det første sosialistiske landet i verda. Difor kan det utnytta prestisjen til Lenin og slå om seg med «sosialismens» fane for å bløffa og narra folk over alt. USA-imperialismen har fylgt ein politikk for aggresjon og hegemonisme i lang tid, og har møtt motstand gong på gong og vorte utsett for avsløring og fordømming frå proletariatet og underkua folk og nasjonar over heile verda og alle retttenkjande folk, irekna dei i USA. Den progressive

offentlege meininga i verda er alt kjend med den sanne naturen hans og kjem til å halda fram med å slåst mot han. Den sovjetiske sosialimperialismen er ei ny og stigande makt som ber maska «sosialisme». Striden for å stå mot, utstilla og fordømme han er dermed mykje meir krevjande. Det trengs harde tak for å hjelpa folket i verda til å kjenna att dei sanne andletsdraga hans. Sjølv om fleire og fleire folk er komne til å sjå aggresjonspolitikken og hegemonismen til Sovjetunionen i dei sanne fargane, og målinga på «sosialisme»skiltet flakar av dag for dag, må ein ikkje gå ut frå at Sovjetunionen har heilt ut mist evna si til å narra. Når Sovjetunionen driv aggresjon, intervensjon, undergraving og ekspansjon tek han støtt på seg kappa for «å oppfylle internasjonalistiske plikter», «stø dei nasjonale frigjeringsrørslene», «kjempa ned gamal og ny imperialisme», «tryggja interessene til freden og demokratiet», og den slags. Det tek ei stund før ein kjenner att kjer-
nen, og Kina har sine eigne røynsler når det gjeld den saka. Ein må vedgå at dette dobbeltspelet som er sær-
eige for Sovjetunionen aukar den særskilde færen Sov-
jetunionen står for som ei imperialistisk supermakt.

Desse objektive historiske draga til Sovjetunionen
gjer utan tvil landet fårlegare enn USA som kjelde til
verdskrig. USA-imperialismen har ikkje forandra seg
når det gjeld politikken for aggresjon og hegemonisme,
og han har heller ikkje minska utbyttinga og under-
kuinga av folket innanlands og utanlands. Difor er dei
to hegemonismaktene, Sovjetunionen og USA, bae
sams fiendar for folket i verda. Det finst ikkje tvil om
dette. Men om vi trass i det vi før har sagt skulle setja
dei to supermaktene på lik line utan å skilja mellom dei
og la vera å peika ut Sovjetunionen som den fårlegaste
opptaks mannen til verdskrig, då ville vi berre sløva den
revolusjonære vaksemda til folket i verda og gjera det
fremste målet for striden mot hegemonismen utydeleg.
Difor må vi ikkje under noko vilkår spela i hendene på
Sovjetunionen i bløffinga og samansverjinga dei driv

Konkel

Sovj
part.

enn

USA

og gje grønt lys for krigsførebuingane og aggresjons-
handlingane deira.

LANDA OG FOLKET I DEN TREDJE VERDA ER HOVUDKRAFTA SOM KJEMPAR NED IMPERIALISMEN, KOLONIALISMEN OG HEGEMONISMEN.

Landa og folket i den tredje verda er hovudkrafta i den verdsfemnande striden mot hegemonismen til dei to supermaktene og mot imperialismen og kolonialismen. I ei melding dagsett 25. oktober 1966, sa formann Mao: **«Den revolusjonære stormen i Asia, Afrika og Latin-Amerika kjem heilt visst til å gje heile den gamle verda eit avgjerande og knusande slag»**. Dette er den vitskaplege føreseinga og høge vurderinga formann Mao gav til rolla som folket i Asia, Afrika og Latin-Amerika spelar som hovudkraft i den verdsfemnande anti-imperialistiske revolusjonære striden.

Kva er grunnane våre for å seia dette? Etter at den andre verdskrigen tok slutt har det revolusjonære folket i Asia, Afrika og Latin-Amerika og andre område, som står fremst i den anti-imperialistiske og anti-kolonialistiske striden, ført den eine revolusjonære væpna striden etter den andre og skåra ei rekkje storlagde sigrar som har endra utsjånaden på verda. Dette har inspirert og stødd det internasjonale proletariatet og folket i alle land storleg i dei anti-imperialistiske revolusjonære kampene dei kjempar. Den sigerrike kinesiske revolusjonen i 1949, sigeren i den koreanske motstandskrigen mot USA-aggresjon og til forsvar for fedrelandet i 1953, Bandung-konferansen mellom afrikanske og asiatiske land i 1955, sigeren til det egyptiske folket i krigen om Suez-kanalen i 1956, sigrane i ei rekkje nasjonal-demokratiske rørsler i Latin-Amerika frå den revolusjonære krigen på Cuba i 1959 til striden Chile førte for demokrati tidleg i 1970-åra, sigeren i den algirske nasjonale frigjeringskrigen i 1962, dei verds-

skakande heltemodige stridane som folket i mange asiatiske og afrikanske land førte for å vinna og tryggja sjølvstendet sitt i 1960-åra, gjenopprettinga av den legitime plassen til Kina i Dei sameinte nasjonane i 1971, sigrane som folket i Vietnam, Kampuchea og Laos vann i krigen mot USA-aggresjonen og for å berga nasjonen i 1975, dei sigerrike sjølvstendekrigane i Guinea-Bissau og Mozambique og framgangen til sjølvstendekrigane i andre land i 1970-åra, dei kraftige slaga som Egypt, Sudan og andre land har retta mot sovjetiske planar om kontroll og undergraving, at folket i Zaire lukkast i å slå attende invasjonen ved sovjetiske leigesoldatar i 1977, at dei arabiske landa og det palestinske folket held fast ved å føra krigar og andre kampformer mot aggresjon i to tiår, den stigande motstanden som folket i Afrika syner mot kvit rasisme, utdjuピングa av dei nasjonale demokratiske rørsleane til folket i Sørøst-Asia trass i alle hindringar, og sjølvstendet som meir enn åtti land i Asia, Afrika og Latin-Amerika og andre delar av verda har vunne i dei tre siste tiåra — alle desse storlagde sigrane er ei mektig kraft som fremjar revolusjonær endring i etterkrigsverda. Kolonisystemet er gått opp i saumane, USA-imperialismen, den supermakta som først steig fram, har måtta tola eit historisk attendslag, og den sovjetiske sosialimperialismen, den andre supermakta som kom fram på scenen rett etterpå, held på å koma ut i same uføret som USA.

Den tredje verda er vorte hovudkrafta i den verdsfemnande striden mot imperialismen, kolonialismen og hegemonismen, og dette har opna for ein ny situasjon utan føredøme. Korleis skal vi vurdere han?

For det første har dei 3 milliardane trælbundne folk som er det overveldande fleirtalet av folkesetnaden i verda rista av seg, eller held på å gjera seg fri frå, lek-kjene til kolonialismen. Det vil seia at ei gjennomgripande og historisk endring har gått føre seg i balansen mellom klassekreftene i verda.

Heilt sidan nasjonar først vart underkua har dei gjort



Palestinske frigjeringsoldatar.



Kvinnelege frigjeringsoldatar i Eritrea.

motstand mot slik underkuing. Men opp gjennom hundreåra var denne motstanden med få unntak spreidd og isolert. Det kom ei ofseleg endring etter Oktoberrevolusjonen. I retteleg mange land vart det bygt kommunistparti, og anti-imperialistiske revolusjonære kampar i stor målestokk vart ført under leiing av proletariatet og med arbeidar-bonde-alliansen som hovudstøtte. Store singlar vart vunne og verdfull røynsle samla. Men sett frå heilskapssynstad var det enno ikkje noka verdsfemnande rørsle som rakk over alle område. Den andre verdskrigen auka farten kraftig på det revolusjonære tempoet til saga. Sjølv om den tredje verda, samansett som ho er av underkua nasjonar, underkua land og sosialistiske land, framleis femner om 70 prosent av folkesetnaden i verda, er stoda i dag kolossalt annleis frå den som Lenin stod andsynes i 1920. Som ei verdsfemnande anti-imperialistisk kraft er dei i dag i hovudstraumen for den revolusjonære striden i verda. I målestokk og djupn, i gjerning og røynsle, har striden i dag gått langt forbi kampane i fortida. Eit stort tal land i den tredje verda har no eigne hærar og har i ulik grad kasta av seg innverknaden frå kolonialismen. Kina, som femner om ein femtedel av menneskeætta, er blitt omforma frå eit halvkolonialt og halvføydalt land til ein stor sosialistisk stat. Liksom andre sosialistiske land som held fast ved motstand mot imperialismen og hegemonismen, står ho målmedvite i lag med andre land i den tredje verda, og dei er blitt ei hardsett kraft i den tredje verda.

2) For det andre var landa og folket i den tredje verda utsette for den mest omsynslause underkuinga, og dei har vore dei mest målmedvitne i motstanden. Lenin sa, **«Koloniar vert vunne med eld og sverd.»**⁴⁸ Likeins er det berre med eld og sverd at kolonifolket kan vinna fullstendig frigjering. Verdsimperialismen kan ikkje utvikla seg eller overleva utan å plyndra koloniar, halvkoloniar og underkua nasjonar og land. Frigjeringsstridane til kolonifolket har skaka og kjem til sist til å

øydeleggja grunnlaget som imperialismen er avhengig av for å overleva. Det er naturleg at imperialismen slåst desperat mot det.

I dei første etterkrigsåra hadde dei fleste landa i den tredje verda enno ikkje vunne sjølvstende og somme var i ei halv sjølvstendig stilling. På den tida var striden dei førte retta inn på å vinna nasjonal frigjering og sjølvstende, og han tok først og fremst form av revolusjonær væpna kamp. Den gongen vart det allment vedgått at dei var hovudkrafta i nedkjempinga av imperialismen. I dag fører folket i somme delar av den tredje verda framleis væpna kamp for frigjering og sjølvstende, dei slåst framleis i fremste rekkje i den verdsfemnande striden mot imperialisme og kolonialisme. Det er den heilage skyldnaden til både det internasjonale proletariatet og det revolusjonære folket i verda å gje målmedviten støtte til striden deira.

No reiser det seg eit nytt spørsmål: Kjem dei landa i Asia, Afrika og Latin-Amerika som har vunne sjølvstende til å halda fram med å vera hovudkrafta i striden mot imperialismen i ein etter måten lang historisk periode? Svaret vårt er ja. Det må verta skjøna at sjølv om dei har kunngjort at dei er sjølvstendige, står dei framleis andsynes den alvorsame oppgåva å vinna fullstendig politisk og økonomisk sjølvstende. For i stormfloa av nasjonal frigjering har dei fleste imperialistane vorte tvinga til å «trekkja seg ut» av dei tidlegare koloniane sine og tilkjenna desse nye landa den innrømminga at dei er sjølvstendige, men kvar gong høvet dukkar opp kjem dei til å bruka alle nye knep og all ny taktikk for å halda innverknaden sin ved lag, og så er det nye imperialistar og hegemonistar som ventar på å få ta plassen deira. Økonomisk går imperialistlanda, og særskilt supermaktene, ikkje berre inn for å trengja inn i den tredje verda i stor målestokk, men utbyttrar henne omsynslaut ved å bruka monopolstillinga si i verdsmarknaden til å kontrollera produkta frå dei utviklingslanda med ein monokultur-økonomi (økonomi som

byggjer på eit produkt, — *Red.*) tvinga ned prisane på primærprodukt og heva prisane på ferdiglaga varer. Politisk grip dei til ulike slags metodar for å utsetja dei landa som nyleg er vortne sjølvstendige for kontroll, undergraving og innblanding, og dei trakkar skamlaust på sjølvstendet og suvereniteten til desse landa og gjer alt dei kan for å føstra krypande nikkedokker. Med tanke på å underkua landa i den tredje verda, og ta strategiske ressursar, strategiske område og strategiske framkomstvegar, prøver dei militært sett på alle moglege måtar å kontrollera våpentilførsla til desse landa og opplæringa og kommandoen over dei væpna styrkane der. Dessutan trugar dei frekt med å bruka makt, riggar til væpna invasjon og set til og med i gang aggresjonskrigar. For å vera sjølvstendige, overleva og utvikla seg har ikkje landa og folket i den tredje verda noko anna val enn å føra ein vedvarande og bitter strid på liv og daude mot den aggressive og ekspansjonistiske verksemda til imperialismen, og framom alt til supermaktene. Nye nasjonale frigjeringskrigar er nøydde til å bryta ut. Desse uunngåelege motseiingane, og kampane mellom den tredje verda på den eine sida og imperialismen og supermaktene på den andre, avgjer den langvarige rolla den tredje verda har som hovudkrafta i striden mot imperialismen og hegemonismen.

3) For det tredje har landa og folket i den tredje verda styrkt den politiske vaksemda si umåteleg og styrkt einskapen seg i mellom under kampen. I dei vel tretti åra som er gått etter den andre verdskrigen har mange land i Asia, Afrika, Latin-Amerika og andre stader kome fram til å skjønna ei djuptgripande sanning gjennom langvarig og innbitt strid mot imperialismen, namleg at ein veik nasjon kan slå ein sterk og ein liten nasjon kan slå ein stor. Dette ville seia ei stor frigjering for tanken og eit stort politisk sprang for heile den tredje verda. I den velkjenda fråsegna frå 20. mai 1970 sa formann Mao: **«Kjensgjerningar utan tal provar at ei rettvis sak nyt godt av rikeleg støtte medan ei urettvis sak finn lite**

støtte. Ein veik nasjon kan slå ein sterk, ein liten nasjon kan slå ein stor. Folket i eit lite land kan visseleg slå aggresjon frå eit stort land om dei berre torer reisa seg i strid, torer gripa til våpen og ta lagnaden til landet sitt i sine egne hender. Dette er ei historisk lov.» Denne fråsegna frå formann Mao er like mykje ei vitskapleg oppsummering av hovudrøynsla som dei underkua nasjonane har vunne i den anti-imperialistiske striden sin gjennom tiåra som er gått, som det er ein umåteleg inspirasjon for heile folket i den tredje verda. Det grunnleggjande straumdraget i verda i dag syner at det ikkje lenger er landa og folket i den tredje verda som er redde for imperialismen og hegemonismen, men imperialismen og hegemonismen som er redde for landa og folket i den tredje verda.

Før den andre verdskrigen mangla ofte den anti-imperialistiske striden til dei underkua nasjonane sterk og vedvarande verdsfemnande støtte. I dag er det annleis. Innbyrdes støtte mellom landa i den tredje verda, irekna dei sosialistiske landa, og mellom kreftene som går mot aggresjon, irekna det internasjonale proletariatet, har gjort det mogleg for landa og folket i den tredje verda å spela ein endå meir verknadsfull rolle som hovudkrafta i kampen mot imperialismen og hegemonismen. Ved å bruka statsmakta dei har i hendene har dei sjølvstendige landa i den tredje verda oppnådd breiare skodeplassar og fleire middel til å føra kampen med enn før i tidå, og dei kan styrkja samarbeidet sitt støtt og jamnt og handla i lag. Landa i den tredje verda har gjort store internasjonale fora til folkemeininga sin domstol, og framfor dei står dei imperialistiske supermaktene tiltala. Dei har skipa internasjonale organisasjonar til regionale føremål eller som kontor med særoppdrag, og gjennom dei slår dei saman kreftene for å tryggja dei sams rettane og interessene sine. Den alliansefri rørsla er blitt ei viktig verdskraft for å samordna interessene til dei talrike medlemslanda, og i den sams kampen mot hegemonismen er ho blitt ei

kraft ein må rekna med. Veksande einskap i kampen har gjort det mogleg for landa i den tredje verda å gjera den anti-hegemoniske striden breiare, føra han på eit høgare nivå og oppnå meir slåande resultat. Til dømes har den striden som dei latin-amerikanske landa gjorde opptak til mot supermaktshegemoni over havet, den striden som arabiske og andre olje-eksporterande land i den tredje verda fører for å verja oljerettane sine og striden til andre råstoff-produentar ført uventa og harde nederlag over imperialismen og hegemonismen. Det at asiatiske, afrikanske og latin-amerikanske land, som til no er blitt sedde på i vanvyrtnad, modig har teke lag-naden sin i eigne hender og rive til seg att dei rettane dei har krav på, ville ha vore utenkjeleg før den andre verdskrigen.

4) For det fjerde er det frå heilskapssynsstad ikkje berre grenser for imperialistlanda si evne til å underkua i dei enorme områda i Asia, Afrika, Latin-Amerika og Oceania, der dei meir enn 120 landa i den tredje verda ligg, men interessene deira i desse områda støyter saman på ein eller annan måte. Dette gjev dei anti-imperialistiske revolusjonære kreftene i den tredje verda eit gunstig vilkår for å veksa i styrke gjennom ein lang periode. Europa, som er sentrum for striden mellom dei to hegemonismaktene, har drege til seg og nagla fast hovudtyngda av styrken deira. Det er ikkje sannsynleg at dei kjem til å halda streng kontroll med mange land i den tredje verda, for særst ofte er tilfellet at dei ikkje kan gripa etter eitt utan å missa taket på eit anna. Landa og folket i den tredje verda som har styrkt det politiske medvitet sitt og styrkt einskapen sin i langvarig strid etter den andre verdskrigen, har teke til å gjera medviten bruk av denne veikskapen hjå fiendane sine, utnytta motseiinga mellom dei to hegemonismaktene, gjera seg nytte av sine eigne sterke punkt og overvinna alle hinder for å stadig skuva den revolusjonære rørsle fram mot imperialismen og hegemonismen.

Arbeidarrørsle i landa i den første og andre verda og

dei anti-imperialistiske stridane i den tredje verda stør kvarandre. Arbeidarklassen og dei revolusjonære massane i dei utvikla kapitalistlanda har skåra mange framstående sigrar i dei heltemodige stridane sine, retta slag som kjennest mot imperialismen og sosialimperialismen og gjeve mektig støtte til folket i verda i striden mot imperialisme og hegemonisme. Ettersom stoda utviklar seg kjem dei til å vera årsak til nye oppsving i den revolusjonære rørsla og veksa i styrke i kampen for å slå attende åtaka frå monopolkapitalen, vinna økonomiske og politiske rettar for seg sjølve og folket frå ulike lag, motstå aggresjonspolitikken til herskarklassen og stø kampen den tredje verda fører mot hegemonisme og imperialisme. Men allment tala og inntil vidare, på grunn av sviket til den sovjetiske herskarklikken, spreidinga av revisjonistisk ideologi og kløyvingane i rekkjene til arbeidarklassen, kan ikkje den revolusjonære arbeidarrørsla i dei utvikla kapitalistiske landa gjera anna enn å stå på steget med å omgruppere seg og samla styrke. I desse landa er det til no ikkje nokon revolusjonær situasjon for å gripa statsmakta med ein gong. Når det er slik vil den støtta og påskuven som landa og folket i den tredje verda gjev til arbeidarrørsla i dei utvikla landa vera viktigare dess meir aktivt dei spelar rolla si som hovudkraft i striden mot imperialismen og hegemonismen.

Vil det å vedkjenna at den tredje verda er hovudkrafta i å kjempa ned imperialismen og hegemonismen seia at ansvaret og rolla til det internasjonale proletariatet i denne kampen vert redusert? Kampen mot dei to hegemonismaktene, som er ein vesentleg del av den proletariske sosialistiske verdsrørsla, er umåteleg krevjande og innfløkt. Proletariatet i alle land må anstrenge seg for å studera og spreia ut marxismen-leninismen, spela føregangsrolla som fortropp i denne striden, oppfylla dei internasjonalistiske skyldnadene sine og gje heilhjarta støtte og hjelp til folket i alle land i kampen dei fører mot imperialismen og hegemonismen,

slik at denne striden kan gå fram etter rette vegen og vinna endeleg siger. Det at den tredje verda er blitt hovudkrafta i å kjempa ned imperialismen og hege-
monismen reduserer difor ikkje på noko vis ansvaret og
rolla til det internasjonale proletariatet i denne kam-
pen. Då Lenin grunnla den raude hæren av arbeidarar
og bønder, var fattigbøndene hovudstolpen i han. Letta
dette ansvaret det russiske proletariatet hadde for den
raude hæren? Då Stalin slo fast at spørsmålet om bøn-
dene er grunnlaget og kjernen i det nasjonale spørsmå-
let og at **«bøndene er hovudhæren i den nasjonale rørs-
la»**⁴⁹, gløymde han då rolla til proletariatet i denne rørs-
la? Då formann Mao peika på at dei fattige bonde-
massane i Kina er **«den naturlege og mest pålitande al-
lierte for proletariatet og hovudstyrken i dei revolu-
sjonære styrkane i Kina»**⁵⁰, la han ikkje då samstundes
vekt på rolla til det kinesiske proletariatet i den revolu-
sjonære saka som heilskap? Om nokon under dei his-
toriske vilkåra i dag skulle prøva å bruka den leiande
rolla til det internasjonale proletariatet som påskot for
å skipa eit såkalla sentrum til å gje ordrar til folket i uli-
ke land i den anti-imperialistiske revolusjonære striden
dei fører, eller til og med freista å underordna denne
striden under dei private måla til eit land, ville dette
berre skada og undergrava striden til folket i verda og
gå beint mot interessene til det internasjonale prole-
tariatet, slik røynsla har synt gong på gong. Sosial-
imperialistane skildrar organiseringa av væpna
intervensjon og invasjon i andre land med leigesoldatar
som «å oppfylla den internasjonalistiske skyldnaden til
proletariatet». Dette er open bløff som berre kan få ei
syrgjeleg og mislykka endelikt.

Når vi stadfester at landa i den tredje verda er hovud-
krafta i kampen mot imperialismen og hegemonismen,
er vi då ute etter å nekta for skilnadene mellom desse
landa når det gjeld sosiale og politiske vilkår og fram-
ferd i den internasjonale striden? Dei sosiale og poli-
tiske systema skil seg frå kvarandre, nivået i økonomisk

utvikling er ikkje einsarta, og det er stadige endringar i den politiske stoda i kvart land. Difor er det ofte slik at styresmaktene i desse landa tek ulike haldningar til imperialismen og supermaktene og andsynes sine eigne folk. På grunn av visse historiske årsaker og særskilt på grunn av at imperialistane og sosialimperialistane driv på og sår ufred mellom landa i den tredje verda, har visse kranglar oppstått og det har til og med vore væpna samanstøytar mellom somme av dei. Men sett i heilskap er fleirtalet av desse landa for kamp mot imperialismen og hegemonismen. Det er sjølv sagt kampar mellom ulike politiske krefter innanfor landa i den tredje verda sjølve. Somme folk er revolusjonære og står fast for å gjennomføra den nasjonaldemokratiske revolusjonen. Andre er progressive og midtvegskøyrrarar av ulike merke. Nokre få er reaksjonære. Og det finst til og med somme agentar for imperialismen og sosialimperialismen. Slike ting er uunngåelege så lenge det finst klassar, så lenge det finst proletariat, bondestand og småborgarskap og eit mangefarga borgarskap og gods-eigar- og andre utbytarklassar. Men denne innfløkte stoda verkar ikkje inn på den grunnleggjande kjensgjerninga at landa i den tredje verda er hovudkrafta i kampen mot imperialismen og hegemonismen. Når vi ser på eit spørsmål må vi først gripa tak i kjernen og hovudsida ved det, og sjå dei røynelege resultata slik dei kjem fram i hovudoppgjeret for status. Same kva skilnader som finst mellom dei politiske vilkåra i landa i den tredje verda kan dei ikkje endra den grunnleggjande motseiinga mellom imperialismen og hegemonismen på den eine sida og landa og folket i den tredje verda på den andre. Og desse skilnadene kan heller ikkje endra det umotståelege historiske straumdraget at land vil ha sjølvstende, nasjonar vil ha frigjering, og folket vil ha revolusjon. Når ein dømer etter gjerningane deira og den allmenne innrettinga i dei internasjonale politiske kampane i om lag dei siste tretti åra, er dei underkua nasjonane i Asia, Afrika og Latin-Amerika revolusjo-

nære og progressive når det gjeld kjernen og hovudsida deira, og dei er utan tvil hovudkrafta i den verdsfemnande striden mot imperialismen og hegemonismen.

Kina
3. verden

Det sosialistiske Kina er del av den tredje verda. Formann Mao slo fast, «Kina høyrer til den tredje verda. For Kina kan ikkje samanlikna seg med dei rike og mektige landa politisk, økonomisk osv. Ho kan berre grupperast i lag med dei etter måten fattige landa.»⁵¹ Kina leid under imperialistisk underkuing i lang tid og førte kampar mot det. No er det sosialistiske systemet oppretta i Kina, men liksom dei andre landa i den tredje verda er ho framleis eit utviklingsland og står andsynes oppgåva å føra ein langvarig og målmedviten strid mot supermaktene. Sams røynsle, sams oppgåver i striden og fellesskap i interesser i fortida, notida og framtida avgjer at Kina høyrer til den tredje verda.

Kina har kunngjort at ho høyrer til den tredje verda. Dette er nett ein peikepinn om at Kina held seg til den sosialistiske vegen og hevdar leninistiske prinsipp. Då Lenin sette Russland og dei underkua nasjonane i koloniane i same kategori, kan det tenkjast at han då hadde gløymt at Russland alt var eit sosialistisk land? Kan ein seia at Lenin slik endra den sosialistiske innrettinga på utviklinga i Russland? Alldeles ikkje. Standpunktet hans samsvara fullstendig med interessene til saka til det internasjonale proletariatet, og han hevda i sanning den sosialistiske innrettinga til utviklinga i Russland. I dag står Kina og dei andre sosialistiske landa i lag med resten av landa i den tredje verda, og dei stør og hjelper kvarandre og går frametter skulder ved skulder i striden mot imperialismen og hegemonismen. Når dei gjer det har dei trufast teke i arv denne store tanken til Lenin og ber han frametter.

Formann Mao påla oss gong på gong: «**I internasjonale tilhøve må det kinesiske folket kvitta seg med stor-nasjonssjåvinisme målmedvite, grundig, heilt ut og fullstendig,**»⁵² «**handsama alle små land utan unntak som likemenn og aldri vera stormodige**»⁵³ og «**aldri søkja**

hegemoni»⁵⁴. Dette er eit kategorisk krav frå det sosialistiske systemet til Kina og den proletariske revolusjonære lina til formann Mao. I dag er Kina eit utviklingsland, og ho høyrer til den tredje verda og står i lag med dei underkua nasjonane. I framtida, når ho er økonomisk utvikla og er blitt eit mektig sosialistisk land, kjem ho framleis til å høyra til den tredje verda og kjem til å halda fram med å stå i lag med dei underkua nasjonane. Den 10. april 1974, i spesialsesjonen i hovudforsamlinga i Dei sameinte nasjonane, kunn- gjorde kamerat Teng Hsiao-ping høgtideleg på vegner av den kinesiske regjeringa og det kinesiske folket, «Om Kina ein dag skulle skifta politisk farge og verta til ei supermakt, om ho og skulle spela tyrann i verda, og overalt underkasta andre si hundsing, sin aggresjon og si utbytting, ville folket i verda setja på henne merke- lappen sosialimperialisme, avsløra han, motarbeida han og samarbeida med det kinesiske folket for å styrta han.» Vi vil gjerne spørja: Er det noka anna makt i dag som torer koma med slik ei oppriktig og ærleg fråsegn?

Likevel var den sovjetiske revisjonistiske overløpar- klikken frekk nok til å kasta skit på Kina som eit land som «søker hegemoni» i den tredje verda. Slik skam- laus bakvasking er låttleg. Finst det eit einaste døme som tyder på at Kina er ute etter hegemoni i tilhøvet hennar til andre land i den tredje verda opp gjennom åra og i den hjelpa ho etter evne har skaffa dei? Har Ki- na nokon gong sendt ein einaste soldat for å invadere eller hærsetja noko land? Har ho nokon gong kravd ein einaste militærbase frå noko land? Har ho nokon gong pressa ut ein einaste øre frå noko land eller kravd løyse- pengar frå noko land? Har ho, når ho har gjeve hjelp, nokon gong gjeve ordrar til mottakarlandet, eller kravd at det skal fara åt slik eller soleis mot Kina? Formann Mao hevda støtt at **folket i verda står kvarandre i dei rettvise stridane dei fører.**⁵⁵ Det finst aldri noka ein- vegsgate frå gjevar til mottakar. I tilhøvet til andre land i den tredje verda har Kina gjort opptak til og trufast

halde seg til dei velkjende Fem prinsippa for fredeleg samlivnad og dei åtte prinsippa for økonomisk hjelp til andre land. Dette er greitt for alle. Den fåfengde freistnaden som den sovjetiske revisjonistiske overløparklikken gjer på å floka til venskapsbanda mellom det kinesiske folket og folket i den tredje verda, tener berre til å utstilla nok ein gong dei reaksjonære draga hans. I hegemonistane sine augo er det tydelegvis berre to kategoriar folk på jorda, dei som utøver hegemoni og dei som bøyer seg for det. Kor ynkelege og nærsynte desse uverdige etterkomarane etter Lenin er! Dei greier ikkje ein gong å få denne enkle kjensgjerninga inn i hovudet: Den store solidariteten mellom det kinesiske folket og folket i dei andre landa i den tredje verda er faststøyppt med blodet og sveitten dei har utgytt ved å slåst og arbeida i lag, og ingen overløpar kan øydeleggja dette.

DEN ANDRE VERDA ER EI KRAFT SOM DET GÅR AN Å SAMEINA SEG MED I KAMPEN MOT HEGEMONISMEN

Når han tok for seg den politiske verdssituasjonen dei siste åra, såg formann Mao støtt på landa i den andre verda som ei kraft det gjekk an å sameina seg med i striden mot dei to hegemonismaktene. Han sa: «**Vi bør vinna desse landa til oss, slike som Storbritannia, Frankrike og Vest-Tyskland.**»⁵⁶

Korleis har det seg at landa i den andre verda er ei kraft som det går an å sameina seg med i striden mot hegemonismen? Grunnen er at det er skjedd ei viktig endring i rolla deira i internasjonale politiske og økonomiske tilhøve dei siste tretti åra.

Gjennom tjue til tretti år med kamp mot USA-kontroll, og ved samstundes å dra føremon av dei alvorlege verdsfemnande attendeslaga som USA har måtta tola i aggresjonspolitikken sin, har dei vest-europeiske landa greidd å endra den stoda som rådde dei første etterkrigsåra då dei måtte bøya seg for herredømet til USA. Japan står i ei liknande stilling. Opprettinga av Fellesmarknaden i Vest-Europa, den sjølvstendige politikken som Frankrike fylgde under De Gaulle, den passive og kritiske haldninga som dei vest-europeiske landa tok andsynes USA sin aggresjonskrig i Vietnam, Kampuchea og Laos, samanbrotet til det dollar-sentrerte pengesystemet i den kapitalistiske verda og dei tilkveste handels- og valutakrigane mellom Vest-Europa og Japan på den eine sida og USA på den andre — alle desse kjensgjerningane markerer at den tidlegare imperialistleiren med USA i brodden held på å gå i oppløysing. Sant nok har monopolkapitalistane i dei vest-europeiske landa, Japan osb., tusen og eitt band til USA, og stilt andsynes trugsmålet frå den sovjetiske

Europa
— USA


sosialimperialismen må desse landa framleis lita på «verjeparaplyen» til USA. Men så lenge USA held fram med kontrollpolitikken sin kjem dei ikkje til å stogga striden mot slik kontroll og for å verta likeverdige partnarar.

Men i dag er det openbert at det er den sovjetiske sosialimperialismen som representerer den alvorlegaste faren for dei vest-europeiske landa, for Europa er brennpunktet i den sovjetiske strategien for å søkja verdshegemoni.

Sovjetiske strategiske områder

Sovjetunionen har stabla opp militær- og sjøstridskreftene sine i Aust-Europa og i dei nord- og sør-europeiske farvatna, og styrkane er utplasserte for å omringa Vest-Europa. Samstundes har sosialimperialismen trappa opp overtakinga av strategiske område langsmed den lina som går frå Raudehavet gjennom Det indiske havet om Kapp Godthåp til austbreidda av Sør-Atlanteren. Han freistar å utflankera og omringa Europa og trugar alvorleg dei hovudkommunikasjonslinene som er livsviktige for Vest-Europa. Dette er eit alvorleg trugsmål mot tryggleiken til dei vest-europeiske landa, og tvingar dei til å styrkja forsvarsverka sine, samordna tilhøva seg imellom og halda ved lag og styrkja einskapen økonomisk, politisk og i forsvarsverk. I Det fjerne austen står Japan og andsynes eit alvorleg trugsmål. Den massive sovjetiske militærbyggnaden i Det fjerne austen, som vel er mynta på Kina, er først og fremst retta mot USA og Japan. Sovjetunionen har hærsett dei nordre territoria og territorialfarvatna til Japan med makt, og er eit veksande trugsmål mot Japan og aukar infiltrasjonen sin i Japan. Dette har vekt sterk harme og motstand hjå alle patriotiske krefter i Japan. Australia, New Zealand og Kanada har og lyft vaksemda si mot sovjetisk ekspansjon og infiltrasjon.

I dei siste åra har det og gått føre seg nye endringar i tilhøvet mellom dei vest-europeiske landa, Japan osv., på den eine sida, og den tredje verda på den andre.



Presidenten i Frankrike, Giscard D'Estaing møter Teng Hsiao-ping i Kina.



Formann Hua Kuo-feng og den jugoslaviske presidenten Tito samtalar i Peking.

Sjølv om Storbritannia, Frankrike, Vest-Tyskland, Japan, osb., har streva etter å halda ved lag kontrollen og driva på med utbyttinga si i mange land i den tredje verda ved hjelp av politiske, økonomiske og andre middel under nye vilkår og i nye former, er dei stort sett ikkje lenger hovudkrafta som dominerer og underkuar desse landa. I visse tilfelle tvingar til og med deira eigne interesser dei til å gjera visse ettergivnader til land i den tredje verda, eller til å gje noko støtte til striden den tredje verda fører mot hegemonisme eller å halda seg nøytrale. Til dømes oppmoda dei vest-europeiske fellesmarknad-landa etter kampen om oljeembargoen i 1973 om dialog i staden for konfrontasjon med dei oljeproduserande landa, og la fram nokre rimelege framlegg om korleis Midt-Austen-problemet kunne verta løyst. I år, då Zaire heldt på å slå attende den væpna invasjonen som Sovjetunionen stod bak, gav Frankrike Zaire noko forsyningshjelp.

Dei aust-europeiske landa har aldri slutta å føra kamp mot sovjetisk kontroll. Heilt sidan Sovjet okkuperte Tsjekkoslovakia, har folkemotstanden der halde fram med å veksa. I 1976 sette det polske folket gong på gong i gang vidspreidde rørsler for å protestera mot at ein klausul som galdt alliansen mellom Polen og Sovjetunionen skulle med i den nye grunnlova, og det var arbeidastreikar og demonstrasjonar der slagord som «Vi vil ha fridom», «Vi vil ikkje ha nokon russarar her» vart fremja. Regjeringane i somme aust-europeiske land har og synt ei meir merkbar halling til å gå mot sovjetisk kontroll. Det har kome opne klagemål i somme avisartiklar, til dømes, «prinsipp om... innbyrdes føremon er blitt delvis krenkte og i ulik grad.»⁵⁷, det har kome fråsegner om at tilhøvet dei aust-europeiske landa har til Sovjetunionen «ikkje kan byggest på det grunnlaget at eit sosialistisk land til stadig gjer offer til føremon for eit anna»,⁵⁸ og at freistnaden på å «'samordna alt' i praksis berre kan føra til at 'ingen ting kan verta samordna'»,⁵⁹ det har kome krav slik

som dei for å «ta omsyn til dei konkrete interessene til kvart CMEA-land (Comecon, — *Red*)»⁶⁰, og for å halda ved lag «ein sjølvstendig nasjonal økonomi»⁶¹. Etersom Sovjetunionen trappar opp striden for verdshegemoni vert Aust-Europa ei framskoten stilling i dei sovjetiske førebuingane på krig mot Vest-Europa og USA. Sovjetisk kontroll og innblanding i dei aust-europeiske landa gjennom Warszawapaktorganisasjonen vert meir og meir utoleleg. Slik veks urøa mellom folket i Aust-Europa, og striden for å forsvara sjølvstendet, tryggleiken og likerettane deira samlar tyngd.

Sjølvsagt må det verta skjøna at somme land i den andre verda ikkje vil ha lett for å gje avkall på den djuprøtte utbyttinga av og kontrollen over mange land i den tredje verda. Det vil føra med seg lang og innbitt strid for den tredje verda å oppretta tilhøve utfrå likskap og innbyrdes føremon med den andre verda. Men som det alt er peika på vert den andre verda utsett for innblanding, kontroll og hundsing frå dei to hegemonismaktene, og for krigstrugsmål frå dei, særleg frå Sovjetunionen. Dette har vorte dyster røyndom og kjem til å verta det endå meir. Då formann Mao forklåra politikken til det kinesiske kommunistpartiet andsynes imperialismen under motstandskrigen mot Japan, sa han: **«Kommunistpartiet går mot all imperialisme, men vi dreg eit skilje mellom den japanske imperialismen som no driv aggresjon mot Kina og imperialismaktene som ikkje gjer det no, mellom den tyske og italienske imperialismen som er forbundsfelagar med Japan og har godkjend 'Manchukuo' og den britiske og amerikanske imperialismen som går mot Japan, og mellom Storbritannia og USA i går som fylgde ein München-politikk i Det fjerne austen og undergrov Kina sin motstand mot Japan, og Storbritannia og USA i dag som har gjeve opp denne politikken og no er for motstanden til Kina.»**⁶² Av same grunn er det eit viktig spørsmål å dra skiljelina mellom hovudfiendane til den

tredje verda no — dei to hegemonismaktene — og landa i den andre verda som landa og folket i den tredje verda må ta med i rekninga under striden sin. I den sams striden mot Sovjetunionen og USA er det både naudsynt og mogleg å alliera seg med den andre verda under visse vilkår.

Ettersom Sovjetunionen ser på Europa som det strategiske brennpunktet, kjem land i både Aust- og Vest-Europa til å måtta ta støyten ved åtalet. Dei står andsynes eit alvorleg problem, som er å tryggja det nasjonale sjølvstendet sitt.

Er det i dag i prinsippet rett å setja fram slagordet om å verja det nasjonale sjølvstendet til slike utvikla land som dei i den andre verda, særskilt i Europa?

I ulike periodar i moderne europeisk søge har klassiske marxist-leninistiske forfattarar forklåra og prova at under visse vilkår var forsvarskrigar for det nasjonale sjølvstendet ikkje berre tillatelege, men naudsynte og revolusjonære, sjølv med omsyn til dei utvikla landa i Europa, og sjølv når opportunistane vart fordømde for å gjera bruk av slagordet «forsvar for fedrelandet» for å dekkja over sviket sitt mot den proletariske internasjonalsmen.

I 1891, då Tyskland stod andsynes eit overhengjande trugsmål om aggresjon frå Russland, skreiv Engels: «Den russiske tsarismen er fienden til alle vestlege nasjonar, til og med fienden til borgarskapet i desse nasjonane.»⁶³ «Skulle krigsfåren verta større kan vi seia til regjeringa at vi er klåre, føresett at vi får ein rimeleg avtale som gjer det mogleg for oss å gjera det, til å stø henne mot den utanlandske fienden, utfrå den føresetnaden at regjeringa nyttar alle middel, irekna revolusjonære middel, til å føra krigen utan ettergivnader... Det ville vera eit spørsmål om tilværet for nasjonen, og for oss ville det og vera eit spørsmål om å halda ved lag den stillinga og dei framtidshøva vi har vunne.»⁶⁴

I 1916 gjekk Lenin mot opportunistane i Den andre internasjonalen fordi dei støtta anten den eine eller den

andre sida i den imperialistiske krigen. Men samstundes understreka han at den tesen til Engels⁶⁵ som er nemnd ovanfor var absolutt rett, og hevda at nasjonale krigar mot imperialismen framleis var moglege i Europa: «Sjølv i Europa kan ein ikkje sjå på nasjonale krigar i den imperialistiske tidbolken som umoglege... Denne 'tidbolken'... utestengjer ikkje på noko vis nasjonale krigar ved små (annekterte eller nasjonalt underkua) land mot imperialismaktene, nett som han ikkje utestengjer nasjonale rørsler i stor målestokk i Aust-Europa.» «Nasjonale krigar mot imperialismaktene er ikkje berre moglege og sannsynlege; Dei er uunngåelige, progressive og revolusjonære...»⁶⁶ Lenin peika atter på, «Det karakteristiske draget ved imperialismen er nett at han strevar etter å annektera ikkje berre jordbruks territorium, men til og med svært høgt industrialiserte område.»⁶⁷ Han sa og, «Eg er slett ikkje mot krigar som vert førte til forsvar for demokratiet eller mot nasjonal underkuing, og eg er heller ikkje redd slike ord som 'forsvar for fedrelandet' når dei syner til desse krigane eller til oppstandar.»⁶⁸

Fråsegnene ovanfor frå dei revolusjonære lærarane våre syner at om eit land, anten det er utvikla eller ikkje, vert offer for invasjon og annektering frå ei imperialismakt, er den nasjonale krigen som landet fører mot slik invasjon og annektering ein rettvis krig, og han bør få støtte og hjelp frå det internasjonale proletariatet.

I 1930-åra, då dei fascistiske kreftene gjekk amok og trugsmålet om åtakskrigar kasta større og større skuggar før dei verkeleg braut ut, oppmoda Den kommunistiske internasjonale arbeidarklassen i alle land om å byggja ein brei einskapsfront mot fascisme og krig. Då åtakskrigen endeleg braut ut spela arbeidarklassen i alle land ei aktiv rolle i å forsvare det nasjonale sjølvstendet og i å kjempa ned fascismen, og gav heltemodige tilskot til sigeren i krigen.

I dag står dei europeiske landa andsynes det alvorlege

11
forsvar
av fedre-
landet

trugsmålet om invasjon og annektering frå dei sovjetiske sosialimperialistane. Formann Mao sa til dei politiske leiarane i Vest-Europa meir enn ein gong at **«Sovjetunionen har ville voner. Sovjetunionen vil ha tak i heile Europa, Asia og Afrika.»**⁶⁹ Om dei vest-europeiske landa skulle falla under jarnhelen til dei nye tsarane ville dei verta reduserte til avhengige land, og folket i dei reduserte til stillinga til andrerangs borgarar, som ville verta dobbelt underkua av utanlandske hærtakarar og heimlege kapitulasjonistar. Engels nemnde ein gong at om tsarist-Russland skulle slå Tyskland der arbeidarrørsla var meir framskriden, **«ville sosialistrørsla i Europa vera kaputt i tjue år framover»**.⁷⁰ Den alvorlege åtvaringa frå Engels må vekkja oss og gjera oss djupt merksame i dag! Merknadene til Engels og Lenin for fleire tiår sidan om nasjonale krigar tvingar oss uomgjengeleg til å dra ut liknande lærdommar i dag! Mange europeiske land er atter stilte andsynes spørsmålet om å tryggja det nasjonale sjølvstendet, og arbeidarklassen i Europa står atter andsynes spørsmålet om å halda stillingane og framtidshøva som alt er vunne. I Europa i dag er nasjonale krigar mot aggresjon i stor målestokk, trælking og nedslakting frå ei supermakt ikkje berre mogleg men sannsynleg. Dei er uunngåelege, progressive og revolusjonære. Difor må proletariatet i landa i den andre verda, samstundes med at det kallar på dei breie massane i den kvasse striden mot underkuing og utbytting frå den heimlege monopolkapitalen og for demokratiske rettar og eit betre liv, halda fana for nasjonalt sjølvstende høgt, stå fram i motstanden mot åtakstrugsmåla frå supermaktene, og særskilt frå den sovjetiske sosialimperialismen, og under visse vilkår sameina seg med alle som nektar å gje seg over for supermaktsmanipulasjon og trælbinding, og leia striden aktivt eller vera med i striden. Dette vil og hjelpa til å fremja den revolusjonære situasjonen i desse landa.

Marxismen-leninismen har alltid understreka kor

umåteleg viktig det er å vinna til seg midtkreftene i kampen mot fienden. Strev frå den tredje verda for å oppretta ulike gradar av einskap med land i den andre verda vil retta eit beinveges slag mot aggresjons-, og ekspansjons- og krigspolitikken til dei to hegemonismaktene, og særskilt mot den sovjetiske sosialimperialismen. Når dei med vilje bakvaskar dei anti-hegemoniske kreftene i den andre verda som «jingoists» (britisk uttrykk for aggressiv, brautande sjåvinisme. —Red.) og «nasjonalistar» som er mot «internasjonalismen», forvirrar den sovjetiske sosialimperialismen saka med vilje og dekkjer over dei sanne draga sine som den fårlegaste opptaksmannen til verdskrig. Er ikkje det tydeleg nok?

Når vi snakker om den andre verda som ei kraft som det går an å sameina seg med i striden mot hegemonismen, meiner vi sjølv sagt slett ikkje å avskriva motseiingane mellom landa i den andre og den tredje verda og dei indre klassemotseiingane i landa i den andre verda, og vi meiner heller ikkje på noko vis at striden dei underkua nasjonane og folket fører mot underkuing og utbytting skal verta oppgjeven. Verda kan berre gå frametter gjennom strid, og det er berre gjennom strid at einskap let seg oppnå. Om einskapen vert søkt gjennom strid kjem han til å leva. Om einskapen vert søkt gjennom ettergivnad, kjem han til å stryka med. Denne einskapen let seg nå og styrkja steg for steg berre gjennom strid mot nasjonalt svik, ettergivnad og nykolonialisme, og gjennom å møte åtaka frå dei reaksjonære kreftene mot dei progressive kreftene.

Etter som landa i den andre verda står andsynes det veksande trugsmålet om krig frå supermaktene, er det naudsynt for dei å styrkja einskapen seg i mellom og einskapen med den tredje verda og andre moglege forbundsfelagar, for å gå frametter i striden mot den sams fienden. Sameint strid er den einaste rette vegen dei kan ta i forsvar for det nasjonale sjølvstendet og for å overleva, sjølv om denne stigen er strødd med torner, og ikkje med roser.

BYGG EIN INTERNASJONAL EINSKAPSFRONT SÅ BREI SOM RÅD OG KNUS SUPERMAKTSHEGEMONISMEN OG KRIGSPOLITIKKEN

Den striden folket i verda fører no mot hegemonismen til dei to supermaktene og striden mot krigspolitikken deira er to sider av ein og same strid. Hegemonisme er målet deira i krigen så vel som middelet for å førebu han. Krigsfåren som spring ut frå striden mellom Sovjetunionen og USA om hegemoni er eit vekskande trugsmål mot folket i heile verda. Kva slags haldning må vi ta til dette problemet?

Folket i Kina og folket i resten av verda gjer fastrådd krav om fred og går mot ein ny verdskrig. Andsynes den kjempemessige oppgåva å setja opp farten i den sosialistiske oppbygginga vår og modernisera jordbruket, industrien, det nasjonale forsvaret og vitskapen og teknologien, har vi i Kina inderleg bruk for ein lang periode med fred. Liksom oss er dei fleste landa i verda mot krig. Bortsett frå nokre få krigsgalningar som fånyttas freistar å dominera verda, er det ingen som vil ha ein ny krig, som utan tvil ville føra vidspreidd katastrofe over menneskeætta. Som formann Mao prinsippfast slo fast er haldninga vår andsynes ein verdskrig: **For det første er vi mot han; for det andre er vi ikkje redde for han.**⁷¹ Vi seier at vi ikkje er redde for krig, ikkje av di vi likar han eller ikkje greier å innsjå den øydelegginga han kjem til å valda, men av di redsle ikkje løyser noko problem i det heile. Dessutan trur vi fast at mennesket kjem til å gjera endeleg slutt på krigen, heller enn omvendt.

Kva er oppgåvene våre då?

For det første må vi varsku folket om krigsfåren. Dei to supermaktene anstrengjer seg som rasande for å

imp = krig

mønstra heile styrken sin til krig. Kvifor? Lenin svara på det for lenge sidan: Krigen spring ut av sjølv innhaldet i imperialismen. «**Innhaldet i imperialismen er 'verdsherredøme' og framhaldet av denne politikken er imperialistisk krig.**»⁷² I samtalen sin med leiaren for eit land i den tredje verda i 1974 påpeika formann Mao: «**Imperialismen finst i denne verda. Ein kan kalla Russland eit sosialimperialistisk land, og dette systemet avlar krig. Ikkje det at du eller eg eller den tredje verda vil ha ein verdskrig. Folket i dei rike landa vil heller ikkje ha ein verdskrig. Slikt som dette skjer utan omsyn til menneskeviljen.**»⁷³ Vi er ikkje fatalistar, men vi meiner at saga går frametter i samsvar med visse lover. ~~Ettersom~~ som den moderne krigen er eit produkt av imperialismen, kan vi fjerna verdskrigen berre ved å gjera ein revolusjon som veltar det imperialistiske systemet. Verdskrigen kan verta fjerna for godt om ein samfunnsrevolusjon går føre seg i heimlanda til dei to supermaktene og omdannar dei til sosialistiske land. Ein slik revolusjon kjem til å koma før eller seinare. Ettersom han ikkje har kome enno, har vi ingen som helst grunn til å slakka av på aktsemda mot verdskrig.

Ettersom rivaliseringa mellom dei to hegemonistmaktene kvessar seg til, og særskilt ettersom den sovjetiske sosialimperialismen er på offensiven, er det ikkje mogleg at konflikten mellom dei kan verta avgjort på fredeleg vis, no som innsatsen er på bordet. Under den bitre rivaliseringa kan desse to supermaktene koma fram til ei eller anna semje om eit konkret føremål. Formann Mao sa: «**Dei kan nå ei eller anna semje, men eg ville ikkje sjå på det som noko solid. Det er forbigåande, og sveikefullt og. Eigentleg er det rivaliseringa som er det fremste.**»⁷⁴ Slik rivalisering fører uunngåeleg til krig. No for tida veks faktorane for krig så det synst. Dei to hegemonistmaktene trappar opp krigsførebuingane medan dei gnålar på det oppsplitte temaet «détente» eller «nedrustning». Kvifor tek dei ikkje rett og slett og stoggar, og øydelegg smitt og smule i dei enor-

me arsenalane sine? I staden brukar dei enorme penge-
summar på vidare forskning i nye atomvåpen og rakettar
og på å laga dei, og på å utvikla endå meir daud-
bringande kjemiske og biologiske og andre våpen. Dei
væpna styrkane deira er plasserte slik at dei kan gå til
handling i ein fart, og dei held ulike slags militær-
øvingar heile tida. Kvar av dei har hopa opp hundre
tusentals troppar i Sentral-Europa. Flåtane deira held
oppsikt med kvarandre medan dei streifar om på hava.
Spionar vert sende ut på nye oppdrag, U-båtar dreg ut
på nye oppgåver, og nye militærsatelittar går i bane i
det ytre rommet. Dei sankar militær informasjon og
gjer seg klåre til å sletta ut krigspotensialet til den an-
dre. Alt dette gjer det rikeleg klårt at dei to super-
maktene bur seg aktivt på totalkrig. I dei historiske om-
stenda vi har no finst det ikkje utveg for nokon varig
fred, og ein ny verdskrig er uunngåeleg.

For det andre må vi gjera alle tiltak for å trappa opp
striden mot hegemonismen, det vil seia, vi må slåst for å
utsetja krigsutbrotet og under marsjen styrkja forsvars-
evna til folket i alle land.

Bæ hegemonismaktene førebur seg aktivt på ein ny
krig for å dominera verda. Dei kjem aldri til å endra
denne politikken og ingen må nærja illusjonar om det.
Men det vert ikkje så lett for dei å nå målet sitt. Dei er
nøydde til å støyta mot alvorlege vanskar og vegsperrar.
Samanlikna med krigane før i tida, er ein moderne krig
i stor målestokk i endå mindre grad eit reint militært
spørsmål. Å førebu han kan ikkje anna enn å vera nært
samanvove med slike faktorar som innanrikssaker, fi-
nans og økonomi og utanrikstilhøve. Ettersom kvar av
dei oppøst styrkjer den kostbare krigsmaskina si, er
Sovjetunionen og USA nøydde til å styrkja under-
kuinga og utbyttinga av folket hjå seg sjølve og dermed
kvessa til motseiingane i økonomien og dei indre mot-
seiingane mellom dei ulike klassane og nasjonalitetane.
Når dei driv aggresjon og ekspansjon overalt, og trap-
par opp den strategiske globale utplasseringa av styr-



Demonstrasjon i Mogadishu, Somalia mot hegemoni-strevet til Sovjet.



Kvinner i Kampuchea bygger landet sitt.

kar, er dei nøydde til å trakka innpå suvereniteten og interessene til andre land og slik kvessa til motseiingane med desse landa og folket der. Difor er det heilt naturleg at ettersom Sovjetunionen og USA bur seg på krig, må dei røyna ei tilkvesing av dei indre og ytre krisene sine. Alt dette er nøydd til å velte timeplanen deira for å setja i gang krigen.

Formann Mao sa: «USA er ein papirtiger. Ikkje tru på han. Ein støyt, så er det hol på han. Det revisjonistiske Sovjetunionen er ein papirtiger og.»⁷⁵ Politikken til USA-imperialismen for verdsherredøme har støytt mot den tapre motstanden til folket i alle land for lenge sidan. I dag gjer USA framleis alt det kan for å verja dei faste interessene sine på alle kontinent. USA har så mykje å verja og kampfrontane er så vidspreidde at det «freistar å fanga lopper med ti fingrar»⁷⁶ som formann Mao uttrykte det. Som fylgje av det havna i ei passiv stilling strategisk sett. I dag er den sovjetiske sosialimperialismen på offensiven, men «i offensiven hans ligg nederlaget.»⁷⁷ Når fangarmane frå aggresjonen hans klorer ein stad i lang tid, kjem den sovjetiske sosialimperialismen til å verta avslørt og kamp-

Erika
flankane
ne mot han kjem til å falda seg ut. I kampen han fører for kontroll over flankane på Europa har han dei siste åra knytt mykje av ressursane sine til Middelhavet, Midtausten, Raudehavsområdet, aust- og vestkysten av Afrika og kystområda rundt Det indiske havet, og likevel har han til sist berre stått andsynes nedverdiggande nederlag. Den nakne maktpolitikken og kanonbåt-diplomatiet hans har støytt på veksande og vidspreidd motstand i folket i verda. Sovjetunionen satsar jo alt han har på våpenekspansjon og krigsførebuing, og då oppdagar han at «styrken hans held ikkje fylgje med dei ville vonene hans», og han er «ute av stand til å ordna opp med Europa, Midtausten, Sør-Asia, Kina og Stillehavsområdet».⁷⁸

Vanskane og atterslaga som dei to hegemonist-maktene har måtta tola, gjer det klårt at i den utmerkete

verdsstoda som rår i dag er det ikkje berre det sams ønsket til folket i verda å utsetja krigsutbrotet ved å trap-
pa opp striden mot hegemonismen og setja kjelkar i ve-
gen for krigsplanane til Sovjetunionen og USA, men
dét er og gjennomførleg og mogleg å få det til. Sjølv om
verdskrigen er uunngåelig kan han utsetjast. For å vak-
ta seg mot overraskingsåtak frå krigshissarane, er for-
svarsverket vårt nøydd til å byggja på at det er mogleg
vi må kjempa ein stor krig heller før enn seinare. Men
med det meiner vi ikkje at krigen kjem til å bryta ut i
morgon. Nøkkelen til å utsetja krigen ligg ikkje i å hal-
da konferansar og slutta avtalar, slik som somme folk
går høgrøysta inn for, men i den sameinte striden folket
i alle land fører mot hegemonismen.

Soga har synt gong på gong at einskapen i striden
som folket i alle land smir, er hovudkrafta for å slå
krigshissarane. Folket i alle land må arbeida hardt og
trappa opp førebuingane sine materielt og organisa-
torisk mot åtakskrig, halda vake auge med den aggres-
sive og ekspansjonistiske verksemda til dei to hege-
monismaktene og slå dei målmedvite. Folket må passa
på at desse to supermaktene ikkje krenkjer dei suverene
rettane til landet deira eller noko anna land, ikkje trak-
kar innpå territoriet eller territorialfarvatna til deira e-
ige land eller noko anna land eller krenkjer strategiske
område og strategiske kommunikasjonsliner, ikkje bru-
kar makt eller trugar med maktbruk eller andre manøvr-
ar for å blanda seg inn i innanrikssaker i deira eige
land eller noko anna land. Dessutan må ein halda vake
auge med bae makter for at dei ikkje skal gripa til
undergravingsplanar og bruka «hjelp» som påskot for
å skuva gjennom dei militære, politiske og økonomiske
samansverjingane sine. Folket må og passa på at dei ik-
kje opprettar, forstørrar, deler opp og riv til seg inn-
verknadssfærer i nokon del av verda. All den tid alt det-
te vert gjort, vil det vera mogleg å halda attende time-
planen til dei to hegemonistane for å setja i gang verds-
krig, og folket i verda kjem til å vera betre budde og stå

i ei gunstigare stilling om krigen skulle bryta ut. Med tanke på dette må alle landa og folket i den tredje verda og den andre verda som er truga av dei to hegemonistane først av alt fostra ein ukueleg ande og styrkja overtydinga om at same kor mykje supermaktene bles seg opp, går det an å slå dei. Dei må ikkje gje etter for skremming og aldri tillata seg sjølv å verta narra. Dei må halda fast ved å tryggja sjølvstendet, interessene og tryggleiken i hovudsak ved å lita på seg sjølv, dubla takka sine for å stø kvarandre på grunnlag av likeverd og sameina seg med alle krefter som let seg sameina for å gjennomføra striden mot hegemonismen til siste slutt.

For det tredje må vi dubla tiltaka våre for å gå mot ettergivnadspolitikken, fordi han berre kan føra krigen nærare. Det finst folk i vesten i dag som i røynda brukar ein ettergivnadspolitikk andsynes Sovjetunionen. Medan dei strevar etter å utarbeida ein «ideell» formel for kompromiss og innrømmingar andsynes sovjetisk ekspansjon og sovjetiske trugsmål har somme folk vart opp med slike framlegg som «Sonnenfeldt-doktrinen» i tåpeleg von om å mildna appetitten til åtaksmannen eller i det minste vinna seg noko kvile. Andre har tenkt å byggja eit såkalla «materielt grunnlag» for fredeleg samarbeid og for å hindra krig ved hjelp av store lån, utstrekt handel, sams utbytting av ressursar og utveksling av teknologi. Andre igjen vonar at dei kan avleia Sovjetunionen til aust slik at dei kan fri seg sjølv frå den sovjetiske fåren på kostnad av tryggleiken til andre land. Men er ikkje alle desse patentmedisinane berre ei nyoppussing av det som har vorte prøvd før og funne alldeles bankerott i krigssoga? Greidde München-avtalen om å ofra Tsjekkoslovakia, som Chamberlain, Daladier og selskap kokte ihop, å stogga eller seinka marsjen til den altetande Hitler? Rett nok drog Hitler austover og for over Polen, men fylgde han ikkje opp dette med å snu seg mot vest og hærtaka Frankrike? USA, Storbritannia og Frankrike gav Tyskland og Japan ei oppkvikkande sprøyte ved å

gje dei hjelp og lån og selja dei krigsmateriell. Og greidde dei å berga seg? Verksemda i dag er sanneleg langt meir hektisk enn ho var framfor den andre verdskrigen, med SALT-samtalar mellom USA og Sovjetunionen, samtalanane om styrkereduksjonen i Sentral-Europa og konferansen om europeisk tryggleik og samarbeid. Men har ikkje krigskrisa i Europa versna heller enn kome seg, trass i dei styrkte tiltaka for å halda desse konferansene i gang og gjera handlar? Har ikkje våpna av alle slag som er installerte på baa sider av den europeiske fronten vokse i tal heller enn minska? Dess meir høgtflygande snakket om detente og dess meir intense tiltaka for ettergivnad vert, dess større er krigsfåren. Dette er ikkje falsk alarm. Det er ei sanning som soga har prova gong på gong. No er det på høg tid at desse ettergjevarane vaknar.

Om krigen til sist bryt ut kjem resultatet heilt visst til å visa seg å vera nett det motsette av det krigshissarane ønskjer. No har baa hegemonismaktene tenkt å fara på den andre i eit overraskingsåtak for å øydeleggja krigsevna hans med eitt slag. Men dette målet er særst vanskeleg å nå, av di baa gjer intensive førebuingar for å hindra nett eit slikt åtak. Etter som krigen slepar seg vidare kjem mange endringar som er hinsides reknestykkja og kontrollen til dei to hegemonismaktene til å gå føre seg i ulike delar av verda. I mellomtida kjem folket i alle land visseleg til å nytta seg av dei mange høva som kjem til å dukka opp til å organisera krigar mot aggresjonen. Og desse krigane som rasar mot aggresjonen let seg ikkje sløkkja. Til slutt kjem folket avgjort til å utsletta krigshissarane gjennom langvarig og samordna tiltak. Som formann Mao påpeika, «**Om imperialistane insisterer på å setja i gang ein tredje verdskrig er det visst at fleire hundre millionar til (av folk) kjem til å venda seg til sosialismen, og det vert ikkje mykje plass att på jorda til imperialistane, det er og sannsynleg at heile strukturen til imperialismen vil bryta fullstendig saman.**»⁷⁹ Stutt sagt, om nokon skulle vå-

ga å pressa fram ein verdskrig kjem han til å oppdaga at folket i heile verda går mot han og avviser han svært målmedvite, irekna folket i hans eige land, og han går fullstendig øydelegging i møte.

I 1968 slo formann Mao fast at dei sovjetiske revisjonistane og USA-imperialistane «**har gjort så mange avstyggjelege og vonde ting at det revolusjonære folket i verda ikkje kjem til å la dei sleppa utan straff. Folket i alle land reiser seg. Ein ny historisk periode med kamp mot USA-imperialismen og sovjetrevisjonismen har teke til.**»⁸⁰ I dag veks dei verdskreftene som slåst mot hegemonismen til dei to supermaktene i styrke, og dei held på å byggja ein så brei internasjonal einskapsfront som råd. Fremst i denne einskapsfronten står dei sosialistiske landa skulder ved skulder med det internasjonale proletariatet. Dei avslører og motarbeider målmedvite aggresjons- og krigspolitikken til dei to hegemonistane, og stør dei sams taka til alle land og folk som er utsette for supermaktstrugsmål og aggresjon. Landa og folket i den tredje verda fører slag for slag-kampar mot supermaktene for å tryggja sjølvstendet, suvereniteten og tryggleiken sin. Det politiske medvitet til folket i den første og andre verda veks, og dei faldar ut kamp i mange slags former mot dei to hegemonistane. Landa i den andre verda faldar særskilt ut striden sin mot Sovjetunionen og USA sin kontroll, og særskilt mot krigstrugsmåla frå Sovjetunionen, og dei har synt ein sterkare og sterkare tendens til å sameinast seg i mellom og med den tredje verda. Alt dette peikar mot at hovudretninga i utviklinga av den internasjonale situasjonen no er einskap for å trappa opp striden til alle krefter i verda mot dei to hegemonismaktene. Ettersom tida går, ber denne hovudretninga meir og meir vitne om at teorien til formann Mao om å skilja mellom dei tre verdene er rett, og om makta teorien har som førande tanke for det internasjonale proletariatet og folket i verda, som byggjer så brei ein einskapsfront som råd mot hegemonismen.

Det har vore den prinsippfaste revolusjonære politikken til det internasjonale proletariatet å skipa så brei ein einskapsfront som råd for å slå mot hovudfienden. Lenin lærte oss: **«Den mektigare fienden kan verta overvunnen berre ved å anstrenga seg til det ystte, og så grundig, omhyggjeleg, oppmerksamt og dyktig som råd, og utan unntak, gjera bruk av kvar einaste, sjølv den minste, 'sprekke' mellom fiendane, av kvar interesse motsetning mellom borgarskapet frå ulike land og mellom dei ulike gruppene eller slaga av borgarskap innanfor dei ulike landa, og dessutan ved å dra føremon av alle, til og med det minste, høvet til å vinna ein massealliert, sjølv om denne allierte er mellombels, vaklande, ustabil, upålitande og avhengig av vilkår. Dei som ikkje skjønar dette, skjønar ikkje ein gong det minste grann av marxismen, eller av den vitskaplege moderne sosialismen allment.»**⁸¹ Den revolusjonære røynsla til proletariatet og dei underkua nasjonane har gong på gong synt at dei som brukar denne politikken rett kan mønstra ein mektig revolusjonær hær av massane i sine millionar på millionar for å samla åtaket mot hovudfienden og sigra i revolusjonen. Å gå mot denne politikken kan berre driva dei kreftene over til fienden si side som kunne ha vorte vunne til oss, blåsa opp fienderekkjene, isolera ein sjølv og fylgjeleg døma revolusjonen til å mislukkast.

Skipinga av ein internasjonal einskapsfront mot dei to hegemonismaktene har vorte bakvaska hatefullt av den sovjetiske revisjonistiske overløparklikken som å **«forma militærpolitiske blokker og alliansar med imperialistane og alle dei andre reaksjonære.»**⁸² Slik bakvasking tener berre til å prova etter omvegar at denne politikken er rett. Denne klikken er livande redd for at folket i verda skal svinga det revolusjonære trolldomsvåpenet som einskapsfronten er for å gjera opp med dei. Difor grip dei fåfengt til liksom-revolusjonært frasemaking for å lokka det revolusjonære folket til å føra politikken med låste dører. Denne skikken med å

avvisa allierte er ikkje noko nytt for Kinas Kommunistiske Parti og det kinesiske folket. Rett før motstandskrigen mot Japan vart han kvasst kritisert av formann Mao. Han påpeika: «**Taktikken med låste dører er, tvert motsett, taktikken til den kongelege isolasjonisten. Politikken med låste dører berre 'driv fisken ut på djupt vatn og spurvane inn i krattet', og han kjem til å driva millionar på millionar av massane, denne mektige hæren, over til fiendesida, noko som rett nok vil vinna lovprising frå han.**»⁸³ Formann Maos kritikk av politikken med låste dører vart støtta varmt av heile det kinesiske folket. Men trotskistane steig fram og gjekk til åtak på han, bakvaska politikken til det kinesiske kommunistpartiet med den anti-japanske einskapsfronten som ein 'einskapsfront' med byråkratar, politikarar, krigsherrar og til og med slaktarar av folket», som å «gje avkall på klassestandpunktet», og så bortetter. Den store tenkjaren vår, Lu Hsun, trefte spikaren på hovudet då han fordømte dei med å si: «'Teorien' dykkar er sanneleg mykje luftigare enn herr Mao Tse-tung og andre sin teori, og det som meire er, dykkar teori er oppe i skyene, medan teorien deira er nede på bakken. Men fager som slik høg flukt er, er det ulukkelegvis nett det dei japanske aggressorane vil helsa velkomen. Difor er eg redd at han kjem til å ramla ned frå himmelen og falla på den skitnaste flekken på jorda... Eg vil minna dykk om at den luftige teorien dykkar ikkje kjem til å verta helsa velkommen av det kinesiske folket og at åtferda dykkar går mot den moralske standarden for det kinesiske folket i dag.»⁸⁴ Når vi i dag les desse djuptpløgjande fråsegnene frå Lenin, formann Mao og Lu Hsun, kjenner vi ikkje at dei er kvasse sverd som trengjer heilt inn i hjarterota på dei revisjonistiske sovjetoverløparane?

Dei kreftene som står oppstilte mot supermaktene over heile verda, ser på teorien til formann Mao om å skilja mellom dei tre verdene som særskilt viktig. Kvifor? For det første fordi denne teorien gjev det interna-

sjonale proletariatet og folket i dei sosialistiske landa umåteleg tillit og set dei i stand til å sjå klårt det vesentlege tilhøvet mellom dei tre kreftene — oss sjølve, venene våre og fiendane våre — i verda i dag, og sjå for seg at dei kjem til å sigra til sist i striden mot imperialismen og hegemonismen, og sigeren til kommunismen. For det andre gjev denne teorien massane og landa i den tredje verda umåteleg tillit og set dei i stand til å innsjå kor kjempemessig sterke dei er. Han set dei i stand til å sjå at i kampen nyt dei ikkje berre godt av den trygge støtta frå dei sosialistiske landa og det internasjonale proletariatet og solidariteten til folket i den første og den andre verda, men dei kan og i ein viss grad oppnå samarbeid frå landa i den andre verda og dra føremon av motseiingane mellom dei to supermaktene. For det tredje held denne teorien ikkje berre fram store voner for folket i den første og andre verda, men han syner vegen fram for alle dei politiske kreftene i den andre verda som strevar etter å tryggja statssuvereniteten, og at nasjonen skal overleva, under trugsmålet om aggresjon frå dei to supermaktene. Stutt sagt er denne teorien mektig av di han svarar til dei objektive realitetane i verdspolitikken og kastar lys over den strålende framtida for menneskeætta.

Formann Mao sette støtt store voner til folket i alle land. Han sa at, «**massane av sovjetfolket og partimedlemene og kadrane er bra, at dei ønskjer revolusjon og at revisjoniststyret ikkje kjem til å vara lenge.**»⁸⁵ Ein annan gong sa han, «**Eg set store voner til det amerikanske folket.**»⁸⁶ Med omsyn til det japanske folket sa formann Mao, «**Sjolv om stridsvegen er krokut er framtidutsyna for det japanske folket lyse.**»⁸⁷ I ein samtale med personar frå Afrika og Latin-Amerika påpeika han, «**Vi står alle i same fronten og treng å stå saman og stø kvarandre.**» «**Folket i verda, irekna folket i USA, er venene våre.**»⁸⁸ Det er openbert at med folket i verda meinte formann Mao først og fremst det internasjonale proletariatet.

For meir enn hundre år sidan påpeika Marx og Engels, dei store lærarane for den proletariske verds-revolusjonen, i *Manifestet for kommunistpartiet*: «**Det som borgarskapet difor skapar framfor noko anna er gravarar til si eiga grav.**»⁸⁹ For å gjennomføra den historiske oppgåva si som er å gravleggja det kapitalistiske systemet som avlar verdskrigar, må det internasjonale proletariatet gjera alt det kan for å byggja, konsolidera og utvida ein internasjonal einskapsfront mot Sovjet- og USA-hegemonistane og spela rolla si som kjerne i einskapsfronten til fulle. Marx og Engels sa: «**Kommunistane slåst for å nå dei nære måla, for å tvinga gjennom augneblinksinteressene til arbeidar-klassen; men i rørsla i notida representerer dei og og tek vare på framtida for rørsla.**»⁹⁰ Siger i den verdsfemnande striden mot hegemonismen og siger i den striden som det internasjonale proletariatet fører for sosialismen og kommunismen, er eitt og det same så langt det gjeld dei grunnleggjande interessene. Kapitalismen har nådd steget til imperialismen som er dødsdømt og i opprotning, og dei to supermaktene er alt uløyselig fanga med bloddryppande hender i det garnet dei sjølve har kasta over verda. Dagen er ikkje langt unna då det internasjonale proletariatet, det som skal grava grava for borgarskapet, i lag med den nære forbundsfelagen sin, det underkua folket og nasjonane, kjem til å rista av seg lekkjene og vinna heile verda for seg sjølve.

Proletarar og underkua nasjonar i verda, stå saman! Alle land som er utsette for aggresjon, innblanding, kontroll, undergraving og hundsing frå dei to hegemonismaktene, stå saman! Sigeren tilhøyrer folket i alle land som slåst mot dei to hegemonismaktene, Sovjetunionen og USA!

NOTAR

1. V. I. Lenin, «Oppsummering av diskusjonen om sjølvråde» *Samla verk*, (1916), eng. utg. bd. 22, s. 341. s. 13
2. Sjå J. V. Stalin, «Grunnlaget for leninismen», (1924), *Spørsmål i leninismen*, norsk utg., s. 52 s. 13
3. Mao Tsetung, «Fråsegn til støtte for den rettvise striden afro-amerikanarane fører mot den rasistiske diskrimineringa til USA-imperialismen», 8. august 1963. s. 13
4. Mao Tsetung, «Aktuelle problem i taktikken i den anti-japanske einskapsfronten», *Utvalgte verker*, eng. utg. bd 2, s. 422. s. 15
5. V. I. Lenin, «Den niande allrussiske sovjetkongressen», *Samla verk*, eng. utg., bd 33, s. 150 s. 15
6. J. V. Stalin, «To leirar», (1919) *Verk*, eng utg., bd 4, s. 240 s. 15
7. V. I. Lenin, «Melding frå kommisjonen for det nasjonale og koloniale spørsmålet», lagt fram på den andre kongressen til Den kommunistiske internasjonale, *Samla verk*, eng. utg., bd 31, s. 240. s. 15
8. Sjå J.V. Stalin, «Grunnlaget for leninismen», (1929), *Spørsmål i leninismen*, norsk utg., s. 52 s. 15
9. Karl Marx og Friedrich Engels, «Om Polen», *Verk*, tysk utg., bd 4, s. 417 s. 16
10. Karl Marx, «Brev til Meyer og Vogt», 9. april 1870, *Verk*, tysk utg., bd. 32, s. 667 s. 16
11. V. I. Lenin, «Oppsummering av diskusjonen om sjølvråde», (1916), *Samla verk*, eng. utg., bd 22, s. 340 s. 17
12. Friedrich Engels, «Utanrikspolitikken til den russiske tsarismen», *Verk*, tysk utg., bd 22, s. 13 s. 17
13. V. I. Lenin, «Den historiske lagnaden til læra til Karl Marx», *Samla verk*, eng. utg., bd. 18, s. 584. s. 18
14. V. I. Lenin, «Ein karikatur av marxismen og 'den imperialistiske økonomismen'», *Samla verk.*, eng. utg., bd.23, s. 60. s. 18
15. V. I. Lenin, «Melding om den internasjonale situasjonen og dei grunnleggjande oppgåvene til Den kommunistiske internasjonale», *Samla verk*, eng. utg., bd. 31, s. 218. s. 19
16. Same stad. s. 19
17. Same stad, s. 226 s. 20
18. «Heller færre men betre», (1922), *Samla verk*, eng. utg., bd. 33, s. 500. s. 20
19. Sovjettidsskriftet *Internasjonale spørsmål*, nr. 6, 1974. s. 20
20. Sjå J. V. Stalin, «Grunnlaget for leninismen», *Spørsmål i leninismen*, norsk utg., s. 51. s. 21
21. Sjå J. V. Stalin, «Politisk melding frå sentralkomiteen», lagt

fram på den 15. kongressen til SUKP(b), *Verk*, bd. 10, s. 353.

- s. 21
22. Same stad, s. 289. s. 22
23. J. V. Stalin, «Tjuefemårsdagen for den store sosialistiske Oktoberrevolusjonen», *Pravda*, 7. november 1942. s. 22
24. Sjå J. V. Stalin, «Sosialismens økonomiske problem», norsk utg., s. 84—86. s. 23
25. Sjå Mao Tsetung, *Om nydemokratiet*, norsk utg., s. 12. s. 24
26. Sjå Mao Tsetung, «Samtale med den amerikanske korrespondenten Anna Louise Strong», (1946) *Skrifter i utvalg*, norsk utg., s. 255. s. 24
27. Sjå Mao Tsetung, «Taler på en konferanse for sekretærene i partikomiteene for provinsene, byprovinsene og de autonome områda» (1957), *Utvalgte verker*, norsk utg. bd. 5, s. 373 s. 25
28. V. I. Lenin, «Det revolusjonære proletariatet og sjølvrådet til nasjonane», (1915) *Samla verk*, eng. utg., bd. 21, s. 409. s. 30
29. USA-tidsskriftet *Fortune*, mai og juli-numra 1977. s. 31
30. Handelsdepartementet i USA, *Oversyn over aktuelle forretningar*, august 1977. s. 31
31. Sjå V. I. Lenin, «Imperialismen, kapitalismens høyeste stadium», (1916), *Utvalgte verker*, norsk utg., bd. 6 s. 34
32. Internasjonal økonomisk rapport frå presidenten, januar 1977. s. 34
33. Handelsdepartementet i USA, *Oversyn over aktuelle forretningar*, august 1977. s. 34
34. *Jad-o-Jehad* vekeblad, Jammu, desember 1973, og *India i dag*, gjeve ut i april 1974 av foreninga for indiske arbeidrarar i Storbritannia. s. 35
35. Sjå «Statistikk over den sovjetiske utanrikshandelen» 1970—76. s. 35
36. *Le Monde*, 18. april 1974. s. 35
37. USA-tidsskriftet *Pengestyraren*, 14. april 1974. s. 35
38. Tale av O. Bogomolov, *Problem som gjeld freden og sosialismen (Marxistisk verdsoversyn)* Nr. 6 1974. s. 36
39. *Nyhende og verdsrapport for USA*, 1. august 1977. s. 36
40. Sjå V. I. Lenin, «Sosialisme og krig», (1915), norsk utg., s. 23f. s. 37
41. Sjå V. I. Lenin, Same stad. s. 38
42. V. I. Lenin, «Imperialismen og kløyvinga i sosialismen», (1916), norsk utg., s. 13. s. 38
43. L.I. Bresjnev, Tale på feiringsmøtet for tjuefemårsdagen for Vitskapsakademiet i USSR, 7. oktober 1975 s. 38
44. L. I. Bresjnev, «Melding til den 25. kongressen til SUKP» s. 38
45. Frå «Militærbalansen 1977—78», utgjeven av Det internasjonale instituttet for studium av strategi, London. s. 39
46. Same stad. s. 39

47. V.D. Sokolovski, «Militær strategi». s. 40
48. Sjå V. I. Lenin, «Sosialisme og krig», (1915) Norsk utg., s. 14. s. 46
49. J. V. Stalin, «Om det nasjonale spørsmålet i Jugoslavia», *Det nasjonale og koloniale spørsmålet*, norsk utg. 1978 s. 52
50. Mao Tsetung, «Den kinesiske revolusjonen og det kinesiske kommunistpartiet», *Utvalgte verker*, eng. utg., bd. 2, s. 324. s. 52
51. Frå ein tale av formann Mao i februar 1974. s. 54
52. Sjå Mao Tsetung, «Til minne om Dr. Sun Yat-sen», (1956), *Utvalgte verker*, bd. 5, 341. s. 54
53. Tale av formann Mao på det utvida møtet til det politiske byrået til sentralkomiteen i Kinas Kommunistiske Parti i april 1956. s. 54
54. Sitert i kamerat Chou En-lais «Melding til det tiande landsmøtet i Kinas Kommunistiske Parti». s. 55
55. Frå ein tale av formann Mao på ei mottaking for offentlege personar og utsendingar frå 12 afrikanske land 7. mai 1960. s. 55
56. Frå ein tale av formann Mao i Oktober 1970. s. 57
57. «Somme problem i prisdanninga i den sosialistiske marknaden», kvartalskriftet *Mezhdunarodni Otnoshenia (Internasjonale tilhøve)* i Bulgaria, Nr. 4 1974. s. 60
58. «Dei internasjonale sosialistiske produksjonstilhøva og prinsippet om fordeling etter arbeid». det bulgarske tidsskriftet *Ekonomicheska Misl, (Tankar om økonomi)*, nr. 8 1975. s. 60
59. «Comecon-landa på vegen til økonomisk integrasjon», det ungarske tidsskriftet *Kozgazdasagi Szemle, (Økonomisk tidsskrift)*, nr. 9, 1974. s. 60
60. «Teoretiske problem i å utdjupe den sosialistiske økonomiske integrasjonen i Comeconlanda», (*Wirtschafts Wissenschaft (Vitenskapleg økonomi)*), FDR, nr. 4. 1977. s. 61
61. Same stad. s. 61
62. Mao Tsetung, «Om politikk», *Utvalgte verker* eng. utg., bd. 2, s. 443. s. 61
63. Friedrich Engels, «Sosialisme i Tyskland», *Verk*, bd. 22, s. 253. s. 62
64. «Engels til Bebel, 13. oktober 1891, *Verk* bd. 38, s. 176. s. 62
65. Sjå dei tre breva frå Lenin til Inessa Armand, 18., 23., og 25. desember 1916, *Samla verk*, bd. 35. s. 246 ff. s. 63
66. V. I. Lenin, «Juniusbrosjyren», (1916) *Samla verk*, eng. utg. bd. 22, s. 311. s. 63
67. Sjå V.I. Lenin, «Imperialismen, det høyeste stadiet i kapitalismen», (1916) *Utvalgte verker*, norsk utg., bd. 6, s. 132—133 s. 63
68. V. I. Lenin, «Eit ope brev til Boris Souvarine», (1916) *Samla verk*, eng. utg., bd. 22, s. 196. s. 63
69. Frå ein tale av formann Mao i september 1973. Formann Mao kom med liknande merknader i talar i november 1973 og i april

1975. s. 64
70. «Engels til Bebel, 29.9 — 1.10/1891», *Verk*, tysk utg., bd.38, s. 162. s. 64
71. Sjå Mao Tsetung, «Om den riktige behandlinga av motsigelser i folket», (1957), *Utvalgte verker*, bd. 5, s. 429. s. 66
72. V.I Lenin, «En karikatur av marxismen og den imperialistiske økonomismen» (1916) *Samla verk*, eng.utg., bd. 23, s. 35. s. 67
73. Frå ein tale av formann Mao i februar 1974. s. 67
74. Same stad. s. 67
75. Frå ein tale av formann Mao i januar 1964. s. 70
76. Frå ein tale av formann Mao i oktober 1975 s. 70
77. Frå ein tale av formann Mao i september 1975. s. 70
78. Frå ein tale av formann Mao i mai 1974. s. 70
79. Sjå Mao Tsetung, «Om den riktige behandlinga av motsigelser i folket», (1957), *Utvalgte verker*, bd. 5, s. 429. s. 72
80. Frå telegrammet frå formann Mao til dei albanske leiarane, 17. september 1968. s. 74
81. Sjå V. I. Lenin, «'Venstre'kommunismen — en barnesjukdom», (1920) *Utvalgte verker*, norsk utg., bd. 11, s. 149. s. 75
82. Sovjetidsskriftet *Kommunist*, nr. 12, 1975. s. 75
83. Mao Tsetung, «Om taktikken mot den japanske imperialismen» *Utvalgte verker*, (1935), eng. utg., bd. 1, s. 165. s. 76
84. Lu Hsun, «Svar på eit brev frå trotskistane», *Samla verk* bd. 6. s. 76
85. Mao Tsetung, Tale på det utvida møtet for den arbeidande konferansen til sentralkomiteen i Kinas Kommunistiske Parti, 30. januar 1962. s. 77
86. Frå ein tale ved formann Mao i desember 1970. s. 77
87. Frå ein samtale mellom formann Mao og japanske vener, *Renmin Ribao*, 4. mai 1960. s. 77
88. Frå ein samtale formann Mao hadde med sendelag og utsendingar frå fagforeiningar og kvinneorganisasjonar frå 14 latin-amerikanske og afrikanske land og område, *Renmin Ribao*, 4. mai 1960. s. 77
89. Sjå K. Marx og F. Engels, «Det kommunistiske partis manifest», norsk utg., s. 31. s. 78
90. Sjå Karl Marx og Friedrich Engels, «Det kommunistiske partis manifest», norsk utg., s. 49. s. 78

Den ujamne utviklinga av imperialismen

(Sjå side. 12)

Lova om den ujamne utviklinga av imperialismen er ein viktig del av Lenins tese om imperialismen. Han påpeika: **«Ujamn økonomisk og politisk utvikling er ein absolutt lov i kapitalismen.»** Denne lova vart stadfesta vidare i perioden då kapitalismen hadde nådd steget til imperialismen.

Under det kapitalistiske systemet kasta privatkapitalistisk eige av produksjonsmidla og den ville kappestriden om profitt produksjonen i samfunnet ut i ein tilstand av anarki, og ujamn utvikling mellom kapitalistiske føretak og kapitalistiske land vart eit naturleg fenomen. I perioden med ikkje-monopolistisk kapitalisme var denne ujamne utviklinga særst sein. Men då det imperialistiske stadiet kom, kvesste dei grunnleggjande motseiingane i kapitalismen seg til, kappestriden under herreveldet til monopolet vart hardare og anarkiet i produksjonen vart endå alvorlegare. Dette gjorde at den ujamne utviklinga mellom dei kapitalistiske landa vart meir uttalt. I tillegg valda store mengder med kapitaleksport skilnader i utviklingstakten mellom dei imperialistiske landa, dei økonomiske krisane som kom ofte, og vart djupare, retta slag av ulik tyngd mot ulike land, den omfattande bruken av moderne vitskapleg ekspertise og teknologi sette opp farten på utviklinga i somme land, krigane mellom imperialistmaktene for å nyoppdela verda endra og maktfordelinga mellom dei – alt dette var nøydd til å styrkja den ujamne politiske og økonomiske utviklinga mellom maktene, og det så kraftig at det var mogleg for somme etterternølarar mellom imperialistlanda å nå att dei gamle imperialistlanda i ein fart og overgå dei. Endringa i styrkebalansen mellom ulike land har kvesst til striden for å nyoppdela verda, og gjort det uungåeleg med krig mellom dei.

Etter slutten på den andre verdskrigen har USA-imperialismen ramla ned frå tinden sin, og somme vest-europeiske land som greidde å halda seg på beina har utvikla seg i full

fart. Sovjetunionen, som degenererte til eit sosialimperialistisk land, er vorten låst i kappestrid med USA-imperialismen som verdshegemoni. Desse endringane er slåande utslag av den ujamne økonomiske og politiske utviklinga av imperialistmaktene. Det er visst at den vidare utviklinga av denne ujamnheita kjem til å kvessa motseiingane mellom imperialistmaktene meir enn nokon gong, og særskilt skjerpa striden om verdsherredøme mellom dei to supermaktene, Sovjetunionen og USA, og til slutt føra til at ein ny verdskrig bryt ut.

«Det irske spørsmålet»

(Sjå side 16)

I brevet Marx skreiv i 1870 til S. Meyer og A. Vogt nemner han «det irske spørsmålet», som galdt tilhøvet mellom den irske nasjonale frigjeringsstriden og den britiske proletariske revolusjonen.

Irland var den første kolonien Storbritannia hadde. I 1798 sette Foreninga til dei sameinte irane i scene ein oppreist, men han vart slegen ned. I 1801 annekterte Storbritannia Irland, og Det sameinte kongedømmet Storbritannia og Irland vart oppretta.

Då Marx skreiv dette brevet, førte det irske folket den nasjonale frigjeringsstriden mot britisk kolonistyre. Den om-synslause underkuinga og utbyttinga dei britiske kolonialistane dreiv, førte til at store mengdar irske bønder vart ruinerte og tvinga til å reisa frå heimlandet sitt og utvandra til USA og Storbritannia. Dette gjorde at den britiske arbeidsmarknaden fekk overskot med arbeidskraft, og tvinga slik ned lønene til dei britiske arbeidarane. Som fylgje av lyngpropagandaen til dei britiske herskarklassane, og strevet deira for å så usemje, delte den britiske arbeidarklassen seg i to fiendslege leirar, engelske proletarar og irske proletarar.

«Denne motsetninga er løyndomen bak maktesløysa til den britiske arbeidarklassen, trass i organiseringa deira. Det er løyndomen som held kapitalistklassen ved makta.» («Marx til S. Meyer og A. Vogt,» 9. april 1870, Marx Engels *Verk*, tysk utg., bd. 32, s. 669.)

Dette avsnittet frå brevet til Marx vart skrive 30 år etter at kampropet **«Arbeidarar i alle land, stå saman»**, vart sett fram i *Manifestet til kommunistpartiet*. Den revolusjonære alliansen til proletariatet er føresetnaden for frigjeringa hans. Men i dette spørsmålet fanst det framleis mange problem som måtte løysast så fort som råd. I 1870 uttrykte Marx det synet at det ikkje var nok å berre ha alliansen til proletariatet, proletariatet måtte og gå i forbund med det underkuna folket og nasjonane for å vinna frigjering. I 1870-åra hadde England alt vorte metropol for kapitalen og den makta som hadde kontroll over verdsmarknaden, og det var og det viktigaste landet for arbeidarrevolusjonen. Difor oppmoda Marx Den internasjonale arbeidarforeininga om å skunda på samfunnsrevolusjonen i England og gjera han til det viktigaste målet sitt. Einaste middelet til å skunda på han var å gjera Irland sjølvstendig. Marx ba og foreininga om å ta ope parti for Irland, og vekkja vedvit mellom dei engelske arbeidarane om at for dei **«er ikkje den nasjonale frigjeringa av irland eit spørsmål om abstrakt rettferd eller humanitære kjensler, men det første vilkåret for deira eiga sosiale frigjering.»** (Same stad.)

Sjølvstende for Polen

(sjå side 17)

Mot slutten av syttenhundretalet vart Polen delt ved tre høve av Preussen (Tyskland), Austerrike og tsar-Russland, og den tredje delinga førte til at landet vart fullstendig underkua. Sidan då heldt striden til det polske folket for nasjonalt sjølvstende fram utan avbrot. Motstandsorganisasjonar av alle slag under jorda heldt fram med striden i landet, medan polske patriotar i eksil utanlands var aktivt med i striden for å frigjera fedrelandet sitt.

Oppstanden i Warszawa i november 1830, som er kjend over heile verda, retta eit tungt slag mot dei tsaritiske russiske okkupantane. Samstundes spreidde striden for sjølvstende og samling av Polen seg til dei områda som var okkuperte av Preussen og Austerrike.

Marx og Engels gjekk grundig inn på det polske spørsmå-

let ved mange høve. Det avsnittet som vert sitert frå Engels i denne artikkelen, var del av talen hans på eit internasjonalt møte som vart halde på den 17. årsdagen for Warszawa-oppstanden i 1830. Engels understreka at Polen og Tyskland hadde sams interesser, og at demokratar i dei to landa måtte samordna kreftene sine for å styrta det tyske føydale aristokratiet.

I 1848 og 1849, etter at den borgarlegdemokratiske revolusjonen braut ut i Europa, freista tsar-Russland, som den gongen var berestolpen for dei reaksjonære kreftene på kontinentet, å knusa revolusjonen i ulike land med makt. Marx og Engels analyserte dei konkrete vilkåra for dei nasjonaldemokratiske rørsleane der, og tilhøva mellom dei ulike politiske kreftene, så vel som tilhøva mellom Polen sin strid for sjølvstende og den europeiske revolusjonen. Dei eggja arbeidarklassen til å vera med i revolusjonen og gå saman med dei progressive demokratane, og oppmoda dei vest-europeiske arbeidarpartia til å gå i forbund med Polen i strid på liv og daude mot den sams fienden, det tsaristiske russiske imperiet. Nett dette påpeika Lenin: **«Det er kjend at Marx var for polsk sjølvstende til beste for det europeiske demokratiet i den striden det førte mot makta og innverknaden – eller ein kunne seia mot allmakta og den framher-skande reaksjonære innverknaden – til tsarismen».**

Revolusjonar i Tyrkia, Persia og Kina

(sjå side 18)

Revolusjonane i Tyrkia, Persia og Kina, som Lenin nemnde i 1913, syner til dei viktige nasjonaldemokratiske revolusjonære rørsleane i Asia som kom etter den russiske borgarlege revolusjonen i 1905.

Den tyrkiske revolusjonen. Dette syner til den borgarlege revolusjonen i Tyrkia i 1908 – 09. I 1905 – 07 var det eit oppsving i rørsle for nasjonal frigjering som vart sett i sving av folk som var av ikkje-tyrkisk opphav, retta mot imperialistisk aggresjon og det despotiske styret til sultan Abdul-Hamid II. Det var tilfelle av opprør i dei tyrkiske hærane, og i Makedonia flamma det opp bondegeriljakrig i stort om-

fang. Disse oppreistane frå folket av alle nasjonalitetar gav det reaksjonære regimet til det ottomanske imperiet eit avgjerande slag. Ungtyrkarane, som representerte interessene til borgarskapet, vann støtte frå somme av hærane til sultanen i 1908. Dei greip høvet og sette i verk ein væpna oppreist, og tvinga sultanen til å senda ut eit dekret om å gjenreisa grunnloven og halda parlamentariske val. Men då ungtyrkarane fyrst hadde kome til makta, braut dei lovnadene dei hadde gjeve folket og kom med ein serie reaksjonære tiltak som skulle tøyila dei revolusjonære kreftene. I 1909 kom det eit mislukka kontrarevolusjonært kupp som var lojalt overfor sultanen. Abdul-Hamid II vart fjerna, og Muhammed V vart sett på trona. Ungtyrkarane tok ansvaret for å forma ei ny regjering.

Den persiske revolusjonen. Dette syner til den borgarlege revolusjonen i Iran frå 1905 til 1911. Mellom slutten av det 19. hundreåret og byrjinga av det 20. århundret vart Iran redusert til ein halvkoloni som ein fylgje av imperialistisk aggresjon frå Storbritannia og Tsar-Russland. I dei nordlege delane av landet vart folket påverka av 1905-revolusjonen i Russland og reiste seg til kamp mot imperialismen og kravde fridom og demokrati. Denne revolusjonære rørsle spreidde seg til heile landet. Det var stadig nye bonde- og byborgaroppreistar. Presset frå folket sin kamp gav ikkje herskarane anna val enn å gje etter og gå med på å skipa eit konstitusjonelt monarki.

Den kinesiske revolusjonen. Dette syner til revolusjonen i 1911 under førarskap av Tung Meng Hui (Det revolusjonære forbundet), som dr. Sun Yat-sen leidde, som styrta Ching-dynastiet.

Den kommunistiske internasjonale

(sjå side 18)

Den kommunistiske internasjonale, dvs. Den tredje internasjonale, var eit sameint internasjonalt organ for kommunistpartia og kommunistorganisasjonane i verda. Etter at den første verdskrigen braut ut, vart dei revisjonistane som hadde rive til seg leiinga i Den andre internasjonale

avslørte endå vidare. I einskap med det revolusjonære venstre i ulike land, førte Lenin ein ubønnhøyrleg strid mot desse folka. Den 2. mars 1919, under Lenins leiing, vart den første kongressen til Den kommunistiske internasjonale halden i Moskva, og der vart skipinga av Den tredje internasjonale kunngjort offisielt. I dei 24 åra frå han vart grunnlagt til han vart oppløyst, verja Den tredje internasjonale marxismen-leninismen og hjelpte dei framskridne elementa i arbeidarklassen i alle land med å organisera revolusjonære marxist-leninistiske parti. Han støtta Sovjetunionen, den første sosialistiske staten i verda, gav hjelp til frigjeringsrørslene i dei underkua nasjonane i aust, og førte ein internasjonal strid mot fascismen. Under den andre verdskrigen kunngjorde Den kommunistiske internasjonale den 10. juni 1943 offisielt at han var oppløyst. Det var av di endringane som gjekk føre seg i ulike land og på den internasjonale skodeplassen vart meir og meir innfløkte, slik at det var uråd for den organisasjonsforma som fanst, å svara til dei krava den nye situasjonen stilte.

Geopolittikk

(sjå side 20)

Dette er ein reaksjonær doktrine som hevdar at veksten og utviklinga av «staten som organisme» er «ein lov i seg sjølv». Fylgjeleg treng ein stat å ta territoria til andre land og å opna nye grenser og slik skaffa seg *lebensraum* («livsrom»). Geopolittikken gjev imperialismen eit «teoretisk» grunnlag for å skuva fram aggresjons- og vekstpolitikken sin.

Geopolittikk som dogme dukka først opp i Europa ved slutten av det nittande hundreåret og dei første åra av det tjuande, og kom i omlaup i Tyskland i 30-åra. Då nazistane tok over, fekk geopolittikken offisiell velsigning som «verdssynet til det nasjonalsosialistiske partiet». Snart fann geopolittikken vegen til Japan og vart framheva sterkt av dei japanske militaristane, som nytta han som teoretisk grunnlag for å koka opp den såkalla «Samtrivselssfæren Storaustaisa». Som teori vart han i dag manipulert av Sovjetu-

nionen og USA i framstøytane deira for verdshegemoni.

Kreml hevdar at utviklinga av produktivkreftene no har gått «utover nasjoanle grenser» og har sett fram eit program for «økonomisk integrasjon» for å «få vekk grenselinene». Dei er heilt for å oppretta ein «interstatleg integrert økonomisk heilskap», der det røyntelege føremålet er å ta inn territoria til andre land innanfor grensene til Sovjetunionen. Dette syner at dei sovjetiske sosialimperialistane er geopolitikk-disiplar tvers gjennom.

Emiren av Afganistan heldt fast ved monarkiet som institusjon

(Sjå side 21)

Ahmad Shah tok makta i 1747, og i lang tid etter det var Afganistan eit konstitusjonelt monarki (seinare vart landet omdøyppt til republik).

Mellom 1838 og 1919 sette den britiske imperialismen i gang tre åtakskrigar mot Afganistan. Då den tredje krigen braut ut i 1919, reiste Emir Amanullah seg, med støtte frå stammane, i mostand mot åtaksmennene. På den tida truga stammeopprør i grenseområda det birtiske imperialisttyret i Nord-India. I august 1919 vart Storbritannia nøydd til å skriva under ein avtale om våpenstillstand med Afganistan, og godta at Afganistan var sjølvstendig og fritt.

Stalin synte til Afganistan for å illustrera eit poeng han slo fast i *Grunnlaget for leninismen* i 1924. Han sa: «**Det revolusjonære innhaldet i ei nasjonal rørsle under vilkåra med imperialistisk underkuing føreset ikkje naudsynlegvis at det er proletariske element i rørsla, at det finst eit revolusjonært eller republikansk program for rørsla, eller at rørsla har eit demokratisk grunnlag.**» Han påpeika: «**Den striden som emiren av Afganistan fører for sjølvstende for Afganistan er objektivt ein revolusjonær strid, trass i dei monarkistiske synsmåtane til emiren og fylgjesveinane hans, for han veikjer, oppløyser og undergrev imperialismen.**»

Anti-fascistisk leir

(Sjå side 22)

Den økonomiske verdskrisa i 1930-åra skjerpa kappestriden mellom dei imperialistiske landa. Det oppstod to maktbøker, med Storbritannia, Sambandsstatane og Frankrike på den eine sida, og Tyskland, Italia og Japan på den andre. Den andre blokka slo seg på fascismen for å freista å dela opp verda på ny gjennom krigar. Dei var øre av æregir og gav seg i kast med eit program for rasande opprustning og krigsførebuingar, og vart kjelda til ein ny imperialistisk krig. Veike nasjonar og land vart offer for aggresjonen deira. Storbritannia, Frankrike og Sambandsstatane fylgde ei forsoningsline andsynes aggresjonen og ekspansjonismen deira. I 1938 – 39 sylvde Tyskland Austerrike og Tsjekkoslovakia. I september 1939 gjekk det til åtak på Polen. Storbritannia og Frankrike vart tvinga til å kunngjera krig mot Tyskland, og teppet gjekk opp for den 2. verdskrigen. 22. juni 1941 gjekk Hitler til overraskingsåtak på Sovjetunionen. Då fekk verda røyna at det vart danna ein anti-fascistisk leir, som femna om Sovjetunionen, Sambandsstatane, Storbritannia, Frankrike, Kina og mange andre land, og gjennom den felles kampen sin sigra dei til slutt over den fascistiske aksen Tyskland, Italia og Japan.

Suezkanal-episoden

(Sjå side 24.)

Suezkanalen knyttar Middelhavet til Raudehavet. Han vart utgraven av det egyptiske folket i deira eige land frå 1859 til 1869. Men Suezkanal-selskapet som hadde ansvar for drifta av kanalen, var kontrollert av britiske og franske imperialistar og ein reiskap for dei vestlege imperialistane, særskilt dei britiske imperialistane, for aggresjon mot Egypt og Midtausten. I juli 1956 vedtok den egyptiske regjeringa å nasjonalisera Suezkanal-selskapet, og med det gav dei den imperialistiske åtakspolitikken eit slag som kjendest. Storbritannia og Frankrike slo seg ikkje til ro med nederlaget, men retta press mot Egypt i ein freistnad på å «internasjonalisera »

kanalen. Då dette komplotet misluktest, slo Storbritannia og Frankrike seg saman med Israel i oktober same år for å gå til åtakskrig mot Egypt.

Under episoden utnytta USA den knipa Storbritannia og Frankrike var i til å blanda seg aktivt inn i Midtaustenspørsmålet. Etter at krigen hadde brote ut «støtta» USA eldopphøyr-fråsegna til FN og at det vart sendt internasjonale naudstyrkar til kanalsonen, i ein framstøyt for å pressa ut og erstatta Storbritannia og Frankrike i Egypt.

Den væpna aggresjonen frå dei britiske, franske og israel-ske troppane vart møtt med heltemodig motstand frå det egyptiske folket. Med støtte frå folka i verda og særskilt dei arabiske folka, dreiv det egyptiske folket den siste flokken med anglo-franske inntrengjarar ut av territoriet sitt den 22. desember 1956.

Det dollarsentrerte internasjonale valutasystemet

(Sjå side 31.)

Det dollarsentrerte internasjonale valutasystemet som rådde i dei kapitalistiske landa etter krigen, har desse draga: 1) Den offisielle gullprisen som USA sette i 1934 (35 dollar pr. ounce (ca. 30 g. - *Red.*) vert godteken av alle land, og sentralbankane deira har rett til å få dollarane sine konverterte til gull etter den faste offisielle prisen. 2) Paritetane til valutaen til desse landa vert uttrykt i dollar. 3) Når paritetane til desse valutaene først er fastsette, må de ikkje bli endra utan løyve frå det internasjonale valutafondet, dvs. at det skal vera faste utvekslingsratar. Etter dette systemet er dollaren beinveges bunden til gull, og tener såleis, som ein ekvivalent til gull, som den standarden utvekslingsratane mellom ulike valutaer vert fastsett etter. Av dette kjem uttrykket «det dollarsentrerte internasjonale valutasystemet».

Dette valutasystemet vart oppretta på Bretton Woods-konferansen i 1944, og letta tilhøva for monopolkapitalen til USA i aggresjonen og ekspansjonen til dette landet utanlands. Tidleg i 1970-åra, som resultat av dei store endringane i styrkebalansen i den kapitalistiske verda og den sta-

dige utdjupeinga av dollarkrisen, vart valutaene til dei andre kapitalistiske landa «hekta av» frå dollaren, den eine etter den andre, og sette i gang sams flyt, eller flaut aleine. USA stod ikkje lenger i ei slik stilling at ho kunne halda ved lag den offisielle gullprisen i dollar, og det gjorde slutt på konvertibiliteten frå dollar til gull. Det dollarsentrerte internasjonale valutasystemet rakna til slutt.

«Internasjonal arbeidsdeling»

(Sjå side 35.)

«Internasjonal arbeidsdeling» er eit påfunn Sovjetunionen nyttar til å pressa og få «broderlanda» i det dei kallar «den sosialistiske fellesskapen». Som overløparklikken i Kreml sier det, er det dei «mest gunstige naturlege og økonomiske vilkåra» som avgjer kva «fellesskap»-medlemene skal eller ikkje skal produsera i den «internasjonale arbeidsdelinga». I røynda er den endelege avgjerda avhengig av behova til den sovjetiske statsmonopolkapitalen. Sovjetunionen nyttar «internasjonal arbeidsdeling» for å tvinga somme Comecon-statar til å forsyna det med viktige jordbruks- og gruveprodukt og gjera andre om til reine vidareforedlingsfabrikkar for Sovjet-økonomien. Etter prinsippa som styrer den «internasjonale arbeidsdelinga» har eit medlemsland som treng produkt og har dei vilkåra som trengst for å produsera dei, ikkje høve til å produsera dei dersom dei ikkje høyrer med i «arbeidsdelinga». På den andre sida må ein produsera produkt som er med i «arbeidsdelinga» sjølv om medlemslandet ikkje treng det i store mengder. Desse innskrenkingane gjeld likevel ikkje for Sovjetunionen.

«Planlagd samordning»

(Sjå side 35.)

«Planlagd samordning» vil seia at den økonomiske utviklingsplanen til eit Comecon-land fyrst må bli «samordna» med planen til Sovjetunionen før han vert sett opp i endeleg form. Dette tek i røynda frå Comecon-landa retten til å laga

planane sine sjølve. Sidan 1956 har Sovjetunionen «samordna» fire femårsplanar med Comecon-land. No nettopp har det «samordna» langsiktige planar for perioden 1976 – -80. Gjennom slik samordning kontrollerer Kreml nasjonaløkonomien til medlemslanda når det gjeld innrettinga av utviklinga, farten, forholdstala, fordelinga av investeringar og tilførslene av drivstoff og råmateriale. Dermed vert økonomiane deira ført heilt og fullt inn i det sovjetiske krinsløpet.

«Multilateral integrasjon»

(Sjå side 35.)

«Multilateral integrasjon» er ei ny form den sovjetiske sosialimperialismen nyttar for å plyndra og herska over «broderlanda» sine. I dei siste åra har den forsterka opprustninga og krigsførebuingane saman med den skeive økonomiske utviklinga teke til å tømme ressursane til Sovjetunionen, finansielt og materielt, og når det gjeld arbeidskrafta som finst i landet sjølv. Sovjetunionen utnyttar behovet dei austeruropeiske landa har for drivstoff og råmateriale og krev løysepengar av dei. Det tyranniserer dei til å opna gruver og byggja fabrikkar for Sovjetunionen til gjengjeld for tilførslane av sovjetisk drivstoff og råmateriale. I samsvar med «samordningsplanen om tiltak for multilateral integrasjon» som vart vedteken på det 29. Comecon-møtet i 1975, skal det byggjast 10 «integrasjons»-prosjekt «i fellesskap» i fem år, og åtte av dei skal liggja i Sovjetunionen. Berre for desse åtte prosjekta er dei austeruropeiske landa tvungne til å forsyna Sovjetunionen med 4 000 millionar rublar og store mengder maskineri, byggjemateriale, forbruksvarer og ein stor arbeidsstyrke.

»Strukturell integrasjon»

(Sjå side 35.)

Etter invasjonen i Tsjekkoslovakia i 1968 diska dei sovjetiske sosialimperialistane opp med ei line for «økonomisk in-

tegrasjon» som ville følgja ein kurs frå eit lågt nivå til eit høgt nivå, som Moskva sa. I det innleiande steget gjeld denne «økonomiske integrasjonen» berre einskilte sektorar i medlemeslanda i det «sosialistiske fellesskapet», der produksjonen deira vil bli utsett for «framskunda omforming». Innan 1990-åra vil han nå det høge steget, dvs. steget med «strukturell integrasjon». I den perioden vil ein etter kvart skapa ein «sameint økonomisk struktur» for landa som er med i den «økonomiske integrasjonen» og «sameint nasjonaløkonomisk system» for dei, bygd på felles produksjonsplanlegging. Alt dette kan kokast ned til at desse landa heilt og fullt vil tapa retten sin til å øva suverenitet over industri- og jordbruksproduksjonen sin og den nasjonaløkonomiske strukturen sin i det heile, og at dei må underkasta seg diktata frå koloniimperiet Sovjetunionen. «Strukturell integrasjon» er i praksis likelydande med kolonisering.

«Internasjonalt sosialistisk eige»

(Sjå side 36.)

Etter byrjinga på 1970-åra har dei sovjetiske sosialimperialistane preika høglydt om å oppretta «sameige» eller «internasjonalt sosialistisk eige» i «det sosialistiske samfunnet». Herskarklikken i Sovjetunionen påstod at «det har oppstått motseiingar mellom ein-nasjoneige og produktivkrefter av stadig meir internasjonal natur». For å løysa desse motseiingane er det difor, i følgje argumenta deira, naudsynt å få til «sameige» i «samfunnet». Det sovjetkontrollerte Comecon har skipa ei rekkje «internasjonale, økonomiske fellesselskap», mellom dei det internasjonale atomreiskapfellesselskap og det internasjonale tekstilmaskineri-fellesselskapet. Sovjetunionen har forsynt seg med makta i alle viktige spørsmål og monopoliserer alt i desse «fellesselskapa» for å kunna kontrollera nøkkelindustriavdelingane i medlemsstatane beinveges.

Svalbard

(Sjå side 37)

Svalbard er ei fjell-lendt arktisk øygruppe med eit flateområde på 62.000 km². Øygruppa er rik på naturressursar og har førekomstar på 5 milliardar tonn kol av høg kvalitet i tillegg til olje og naturgass.

Svalbard ligg strategisk til, med oversyn over hovudruta for sovjetiske ubåtar og overflatefartyg til Nord-Atlanteren frå Murmansk.

Etter Paris-traktaten som vart underskriven i 1920 av meir enn 40 land, irekna USA, Storbritannia, Frankrike og Sovjetunionen, Har Noreg «Fullstendig og absolutt suverenitet» over øygruppa. I 1925 kunngjorde Noreg offentleg at øygruppa var eit administrativt område under deira jurisdiksjon. Men utfrå sine militære og økonomiske behov har Sovjetunionen dei siste åra freista alt han kan å ta øyene, og kravd sin del i ei felles styring over dei. Dette urettmessige kravet vart sjølvsagt avvist av Noreg. Sovjetunionen gav seg ikkje, men har under påskot av at dei som skreiv under Paris-traktaten har visse økonomiske rettar på øyane, og med påstand om «å grava kol», sendt opp meir personale til øyene for å skipa militære og administrative anlegg der, og har gong på gong krenkt Noregs lovar og suverenitet og til og med sendt avgarde store helikopter til å flyga over øyene – alt i ein freistnad på å ta dei ved å ha skapt eit fait accompli. Den hegemoniske framferda til Sovjetunionen har vekt kvass motstand frå den norske regjeringa og det norske folket.

Wilhelm II

(Sjå side 38.)

Keisar Wilhelm, den siste keisaren av det tyske imperiet og soneson til Wilhelm I, kom på trona i 1888. Medan han var keisar, utvikla Tyskland seg og vart eit mektig imperialistisk land med ein industriproduksjon som berre sto attende for USA. Dette imperiet handla i samsvar med interessene til borgarskapet og junkarane (storgodseigarane), og var aktivt

med i våpenopprustning og krigsførebuingar og trappa opp aggresjonen og ekspansjonen sin i koloniområda.

For å kappast med dei gamle imperialismaktene om verdsherredøme, pressa dei tyske imperialistane med Wilhelm II i brodden fram den første verdskrigen (1914 – 1918). I november 1918 gjekk det føre seg ein revolusjon i Tyskland, og Wilhelm II vart tvinga til å abdisera og flykta til Holland der han levde i eksil. Han døydde i 1941.

Bandung-konferansen

(Sjå side 43)

Bandung-konferansen vart halden i april 1955, og 29 asiatiske og afrikanske land møtte, irekna dei fem landa som hadde teke initiativet – Burma, Ceylon (Sri Lanka), India, Indonesia og Pakistan. Det kinesiske sendelaget vart leidd av statsminister Chou En-lai. Det var den første internasjonale konferansen som vart kalla saman av dei asiatiske og afrikanske landa, som hadde vorte herrar over sin eigen lagnad, utan at kolonimaktene var til stades. Konferansen drøfta ei lang rekkje spørsmål irekna nasjonalt sjølvstende og striden mot kolonialismen, verdsfred og samarbeid, økonomisk og kulturelt samarbeid mellom deltakarlanda. Takk vera strevet til Kina og fleirtalet av deltakarlanda, vart imperialistiske komplott for å sabotera konferansen slegne attende og sluttkommunikeet frå den asiatiske-afrikanske konferansen vedteke samrøystes. Kommunikeet kunngjorde at kolonialismen var ein styggdedom som måtte utslettast utan sommel. Det rådde til at dei ti prinsippa for fredeleg samlivnad (ei utviding av dei fem prinsippa for fredeleg samlivnad) burde verta tekne som grunnlag for fredeleg samlivnad, venskap og samarbeid mellom alle landa det galdt. Konferansen spegla av innstillinga til dei asiatiske og afrikanske folket i einskap mot imperialismen og kolonialismen, i strevet deira for å vinna og tryggja det nasjonale sjølvstendet og fremja venskap mellom folket i ulike land. Denne innstillinga er seinare vorte kjend som «bandung-innstillinga». Denne konferansen gav ein kraftig framskuv til utviklinga av nasjonale frigjeringsrørsler i Asia og Afrika.

Åtte prinsipp som styrer Kinas økonomiske hjelp til andre land

(Sjå side 56)

Frå seint i 1963 til tidleg i 1964 reiste statminister Chou En-lai rundt i 14 asiatiske, afrikanske og europeiske land på venskapvitjing. På den turen uttalte statsminister Chou åtte prinsipp som styrer Kinas økonomiske hjelp til andre land, i samsvar med den prinsippfaste læra til formann Mao:

1. Den kinesiske regjeringa byggjer støtt på prinsippet om likskap og innbyrdes føremon når ho gjev hjelp til andre land. Ho ser aldri på slik hjelp som ein slags einssidig almisje, men som noko gjensidig.
2. Når den kinesiske regjeringa gjev hjelp til andre land, respekterer ho strengt suvereniteten til mottakarlanda, og set aldri noko vilkår og ber aldri om særrettar.
3. Kina gjev økonomiske hjelp i form av rentefrie lån eller lågrentelån og utvidar tidsgrensa for attendebetaling når det er naudsynt for å letta børa for mottakarlanda så langt som råd.
4. Når den kinesiske regjeringa gjev hjelp til andre land, er føremålet hennar ikkje å gjera mottakarlanda avhengige av Kina, men å hjelpa dei steg for steg ut på vegen med å lita på seg sjølv og utvikla økonomien sjølvstendig.
5. Den kinesiske regjeringa gjer sitt beste for å hjelpa mottakarlanda med å byggja prosjekt som krev mindre investering samstundes som dei gjev raske resultat, slik at mottakarregjeringane kan auka inntekta si og akkumulera kapital.
6. Den kinesiske regjeringa skaffar utstyr og materiale av beste kvalitet av eigen produksjon til internasjonale marknadsprisar. Om utstyret og materialet som den kinesiske regjeringa skaffar ikkje held dei avtalte spesifikasjonane og den avtalte kvaliteten, tek den kinesiske regjeringa på seg å erstatta dei.
7. Når den kinesiske regjeringa gjev ei eller anna særskilt teknisk hjelp, vil ho sjå til at personalet i mottakarlandet meistarar denne teknikken fullt ut.

8. Ekspertane som Kina sender for å hjelpa til med oppbygginga i mottakarlanda, skal ha same levestandard som ekspertane i mottakarlandet. Dei kinesiske ekspertane får ikkje lov til å koma med spesielle krav eller nytta godt av spesielle føremoner.

Handelskrig

(Sjå side 57.)

Handelskrig er ein vanleg skikk mellom dei kapitalistiske landa i den ville kappestriden deira om verdsmarknader.

Dei tradisjonelle formene for handelskrig er å redusera prisane for å dumpa varene på dei utanlandske marknadene og setja opp tollgrenser for å verja heimemarknaden.

Men dei siste åra har det kome til andre former. For å verja heimemarknaden har ein til dømes sett opp ikkje-tollgrenser mot straumen inn av utanlandske varer. Det er slikt som å setja restriksjonar på mengda og utvalet av innførte varer, setja vilkår for salet på heimemarknadene og setja strenge tekniske-, hygieniske- og pakkekrav. Når det gjeld eksport, vert visse kontrollar letta, vilkåra for eksportkreditt har vorte betra og gunstige finansåtgiarder har vorte sette i verk som t.d. å gje eksportsubsidiar, bonusar og preferanse-skatt på eksport. Alt er retta inn på å auka konkurranseevna til varene på utanlandske marknader. I tillegg vert kapitaleksporten brukt som middel til å fremja vareeksporten. Etter at den økonomiske krisa 1974 – 75 braut ut, har handelskrigen mellom kapitalistlanda vakse på grunn av at utanlandsmarknaden vert mindre.

Valutakrig

(Sjå side 57.)

Valutakrig er knivskarp kappestrid mellom dei kapitalistiske landa om kontrollen over finans- og verdsmarknaden. Kva valutakrigen fører med seg og kva form han har frå gong til gong, varierer. Sidan tidleg i 1960-åra har han blitt ført i hovudsak rundt opposisjon mot, og forsvar av herres-

tillinga til den amerikanske dollaren mellom land som vert representerte av Frankrike på den eine sida, og USA på den andre. Etter at det dollarsentrerte internasjonale valutasystemet braut saman, har denne valutakrigen synt seg mest slåande i dei formene dei kapitalistiske landa har teke for å tvinga ned utvekslingsraten for sin eigen valuta eller tvinga rivaliserande land til å rykka opp sin utvekslingsrate. Dette vert gjort for å fremja og utvida eksporten og få ein gunstigare plass på verdsmarknaden. Valutakrig er nær knytt til handelskrig og investeringskrig, og kjem til å halda fram utan å dempa seg så lenge den ville kappestriden framleis finst i utanrikshandelen og utanriksinvesteringar.

Protestrørslene til det polske folket

(Sjå side 60.)

Den 10. februar 1976 vedtok sejmen (nasjonalforsamlinga) utkastet til tillegg til den polske grunnlova som hadde vore under skriving i fem år. Ein klausul om den polsk-sovjetiske alliansen vart sett inn i utkastet. Det var ikkje noko om dette i den opphavlege grunnlova frå 1952. Dei polske styresmaktene gav etter for sovjetisk press og kom med framlegg om at slike uttrykk som «Polen tilhøyrer det sosialistiske samfunnet og vil til evig tid vera tru mot alliansen sin med Sovjetunionen» skulle inn i den nye grunnlova. Dette sette med ein gong i gang sterk motstand i den polske opinionen. Styresmaktene vart bombarderte med protestbrev. Eit sterkt uttrykt protestskriv underskrive av 59 intellektuelle, åtvara makthavarane om å ikkje gløyma den «tragiske røynsla» då Polen vart delt, tre gonger i historia. Dei uttrykte det synet at å ta inn ein klausul i grunnlova einsidig, som gjorde den politiske alliansen med ein grannestat til ein bindande innanlands lov, ville redusera Polen til ein stat med avgrensa suverenitet. Somme andre let høyra den åtvaringa at å tufta utanrikspolitikken til Polen på ein polsk-sovjetisk allianse ville gje Sovjetunionen fullmakt til å gå til intervensjon mot Polen, nett slik Sovjet gjorde mot Tsjekkoslovakia i 1968. Protestkampanjane til det polske folket tvinga styresmaktene til å gje innrømmingar. Til sist vart berre slike ut-

trykk som styrking av «venskap og samarbeid med USSR og andre sosialistiske stater» tekne med i den nye grunnlova.

«Manchukuo»

(Sjå side 61.)

«Manchukuo» vart det namnet den japanske imperialismen sette på marionettregimet dei rigga opp etter at dei hadde gått inn i og hærsett Liaoning-Kirin- og Heilung-kiang-provinsane i Nordaust-Kina i 1931.

Den 18. september 1931 sette Japan i gang eit åtak i stor målestokk mot Nordaust-Kina. Svikarklikken til Chiang Kai-shek fylgde ein ikkje-motstandspolitikk. Mykje av Liaoning, Kirin og Heilungkiang kom under japansk okkupasjon.

For å stramma grepet om Nordaust-Kina kokte den japanske imperialismen opp eit såkalla «Manchukuo» i Changchun den 3. februar 1932, og sette inn Pu Yi, den siste keisaren av Ching-dynastiet, som «herskar». I mars 1934 var «Manchukuo» omdøpt til «keisarriket Manchuria».

Etter at dei japanske imperialistane hadde herja Nordaust-Kina, slakta dei brutalt kinesiske patriotar og plyndra dei rike ressursane til Kina under «Manchukuos» fane. Folket i Nordaust-Kina synte tapper motstand i geriljakrigen dei førte, under leiing av Kinas Kommunistiske Parti og den anti-japanske einskapshæren. I 1945 vart motstandskrigen mot Japan som det kinesiske folket førte, krona med siger, og det såkalla «Manchukuo» vart feid ut på søppelhaugen til historia.

München-politikk i det fjerne austen .

(Sjå side 61.)

Medan Hitler-Tyskland trappa opp aggresjonen sin i Europa etter München-avtalen som vart underteikna i september 1938, sette den japanske imperialismen i det fjerne aus-

ten i gang halslause åtak på Sentral- og Sør-Kina. USA-imperialismen og den britiske imperialismen vart redde for at samansverjinga mellom Japan og Nazi-Tyskland kunne skada interessene deira i det fjerne austen, og kom med fleire utspel i 1938, og så i 1939, om å innkalla ein internasjonal stillehavskonferanse i ein freistnad på å truga Kina til å gje seg over til Japan, og gjera ein handel med den japanske imperialismen ved å ofre Kina. Formann Mao Tsetung påpeika: **«Den såkalla Stillehavs-konferansen ville bli eit München i aust, ei førebuing til å gjera Kina til eit nytt Tsjeckoslovakia.»** Manøvreren til USA og Storbritannia for å slå seg saman med Japan i det fjerne austen likna på München-samansverjinga til Storbritannia, Frankrike, Tyskland og Italia og gjekk difor under namnet «München i det fjerne austen».

Den andre internasjonale

(Sjå side 62.)

Den andre internasjonale vart skipa på ein internasjonal sosialistkongress i Paris den 14. juli 1889, godt og vel seks år etter at Karl Marx døydd. Under leiing av Friedrich Engels gjennomførte Den andre internasjonale i all hovudsak den marxistiske linja, reiste rekkjene av arbeidarklassen, slost mot anarkismen, spreidde marxisme i brei målestokk og fremja veksten av arbeidarorganisasjonar og rørsler i ulike land. Etter at Engels døydd i 1895, greip revisjonistane, emd Eduard Bernstein og Karl Kautsky i brodden, leiinga i Den andre internasjonale, og dette er grunnen til at han degenererte. I åra som følgde, førte det russiske bolsjevikpartiet under leiing av Lenin, kompromisslaus strid mot revisjonistane, ved å alliera seg med venstre i ulike land og halda høgt den revolusjonære fana til marxismen og den proletariske internasjonalismen. Då den første verdskrigen braut ut, sveik hovdingane i den sosialdemokratiske høgrefløyen i ulike land ope den revolusjonære saka til proletariatet. Dei støtta borgarskapet i sine eigne land i den imperialistiske krigen og degenererte såleis til sosialsjåvinistar. Dette førte til slutt til at Den andre internasjonale braut saman.

Nasjonale krigar var framleis mogleg i Europa

(Sjå side 63.)

Etter at den første verdskrigen braut ut, degenererte dei sosialdemokratiske partileiarane på høgrefløyen i dei krigførande landa til sosialsjåvinistar. Med «forsvar av fredrelandet» som påskot, støtta dei fanatiske sine eigne regjeringar i den imperialistiske krigen. Lenin kritiserte dette strengt og gjekk fast mot det. I 1916 vart eit hefte under namnet Junius prenta hemmeleg i Tyskland. Hefte tok opp spørsmål om krigen, og tilbakeviste den myten at krigen var ein nasjonal frigjeringskrig og synte at det var ein urettvis og rovgrisk imperialistisk krig for Tyskland sin del liksom for dei andre stormaktene. Og dette var rett. Men samstundes hevda heftet at nasjonale krigar ikkje var mogleg lenger i imperialismen sin epoke. Og dette var gale. Lenin slo fast at Juniusheftet **«er eit strålende marxistisk arbeid»**, samstundes som han kritiserte den feilaktige tesen at «nasjonale krigar ikkje var moglege lenger». Lenin gjorde ein noggrann analyse og førte opp rikeleg med historiske kjensgjerningar for å prova at nasjonale krigar var uunngåelege, ikkje berre i koloniane og halvkoloniane, men at **«til og med i Europa kan ein ikkje sjå på nasjonale krigar i den imperialistiske epoken som uråd»**.

München-avtalen

(Sjå side 72.)

Denne avtalen vart underteikna i München i september 1938 av den britiske statsministeren Chamberlain og den franske statsministeren Daladier og dei tyske og italienske fascisthovdingane Hitler og Mussolini.

Rett før den andre verdskrigen truga dei umettelege tyske fascistane ope med å sluka Tsjekkoslovakia, eit land i Europa, rett etter at dei hadde annektert Austerrike. Med det påskotet at ein del av det tyske folket levde i Sudetland i Tsjekkoslovakia, hopa Hitler opp store troppemassar ved grensa, og truga med å invadere landet. Storbritannia,

Frankrike og dei andre imperialistlanda hadde illusjonar om at dei kunne berga seg sjølve på Tsjekkoslovakia sin kostnad og skuva dei tyske fascistane austover for å gå til åtak mot Sovjetunionen, som den gongen var eit sosialistisk land. Det var mot denne bakgrunnen at München-avtalen vart slutta.

Avtalen inneheldt åtte paragrafar. Hovudpunkta var at Tsjekkoslovakia innan ei viss tid skulle gje over Sudetland og dei sørlege delane som grensa mot Austerrike til Tyskland, og overføra forsvarsanlegg, industriverksemder og gruver og transportmiddel i desse områda til Tyskland utan kompensasjon, og at det området som stod att skulle vera «tryggja» av Storbritannia, Frankrike og Tyskland mot vidare invasjon.

I staden for å redusera krigsfaren, tente den britiske og franske ettergjevnadspolitikken berre til å blåsa opp arrogansen til dei tyske fascistane og kvessa aggresjonshungeren deira. Etter at dei tyske fascistane okkuperte Sudetland i november 1938, gjekk dei inn og tok heile Tsjekkoslovakia i mars 1939. Og i september gjekk dei til åtak på Polen, som hadde ein forsvarsavtale med England og Frankrike. Slik utløyste dei den andre verdskrigen.

Sonnenfeldt-doktrinen

(Sjå side 72.)

Helmut Sonnenfeldt, rådgjevar for utanriksdepartementet i USA, for Ford-administrasjonen, uttrykte i ein tale sitt syn på tilhøvet mellom USA og Sovjetunionen. Dette vart kalla «Sonnenfeldt-doktrinen».

I desember 1975 innkalla Kissinger, den tidlegare utanriksministeren i USA, til møte i London for USA-ambassadørane i Europa. På møtet heldt Sonnenfeldt ein tale som tok for seg politikken til USA andsynes Aust-Europa. Han sa: Sovjetarane sin manglande evne til å vinna truskap i Aust-Europa er eit trist historisk feilslag, for Aust-Europa er innanfor rekkevidda og området for naturleg interesse for dei.» Han la til at for USA «finst det ingen måte å hindra at Sovjetunionen stig fram som supermakt på». «Det må

vera vår (USAs) politikk å arbeida etter ei utvikling som gjer tilhøvet mellom Aust-Europa og Sovjetunionen til eit organisk tilhøve», «Slik at tilhøva mellom Sovjetunionen og Aust-Europa ikkje eksploderer før eller seinare og valdar ein tredje verdskrig». I følgje pressemeldingar i USA «avspeglar» fråsegna til Sonnefeldt «trufast» tidlegare utanriksminister Kissingers syn på utanrikspolitikken.

Rett etter at det vart offentleggjort i pressa, i mars 1976, kom talen under kraftig eld både i USA og Europa. Det vart påpeika at når Sonnefeldt serverte vendinga «organisk», så var føremålet å få landa i Aust-Europa til å gje slepp på sjølvstende og suverenitet, og styrkja herredømet til Sovjetunionen i Aust-Europa i bytte for «stabilitet» i Europa. Dette var ei attspegling av supermaktene sitt ønske om å «skjera ut innverknadssfærer» i Europa og ei vidare utvikling av ettergjevnadspolitikken som USA følgde andsynes Sovjetunionen etter toppkonferansen i Helsinki i 1975.

LENGE LEVE MAO TSETUNGS TENKNING

(Leder i Klassekampen 19. november 1977)

Klassekampen offentliggjør i dag den viktige lederartikkelen fra Folkets Dagblad i Kina «Formann Maos teori om å skille mellom de tre verdner er et stort bidrag til marxismen-leninismen». Vi offentliggjør den fordi den på alle grunnleggende punkter samsvarer med AKP(m-l)s programmatisk linje og fordi den representerer et viktig forsvar for marxismen-leninismen-Mao Tsetungs tenkning mot alle former for revisjonisme. Denne artikkelen føyer seg inn i den stolte rekke av artikler om strategiske spørsmål som Kinas Kommunistiske Parti utforma i polemikken mot Krustsjovs og Bresjnevs falske kommunisme. Den forsvaret og videreutvikler de standpunktene som KKP og alle virkelige marxist-leninister tok i oppgjøret med den moderne revisjonismen på begynnelsen av seksti-tallet. Den bør studeres grundig av alle revolusjonære og progressive mennesker over hele verden.

Vi vil kort og punktvis framheve noen sider ved artikkelen som vi mener er særlig viktige, uten at vi gjør krav på å gjøre ei full sammenfatning.

1. TEORIEN OM TRE VERDENER ER UTFORMA AV MAO TSETUNG

Mao Tsetung var den største marxist-leninisten i vår tid og hans teoretiske verker er udødelige bidrag til marxismen-leninismen. Lederartikkelen dokumenterer hvordan Mao på grunnlag av grundige studier av endringene i verdenssituasjonen utforma teorien om tre verdner.

I ein samtale med leiaren for eit land i den 3. verda i februar 1974 sa formann Mao: *«Etter mitt syn er USA og Sovjetunionen den første verda. Japan, Europa og Canada er den midtre delen og høyrer til den andre verda. Vi er den tredje verda.» «Den tredje verda har ein diger folkesetnad. Med unntak av Japan høyrer Asia til den tredje verda. Heile Afrika høyrer til den tredje verda, og Latin-Amerika også.»*

2. TEORIEN OM TRE VERDENER ER EI VITENSKAPELIG VIDEREUTVIKLING AV MARXISMEN-LENINISMEN

Artikkelen analyserer det nasjonale spørsmålet som et spørsmål om klassekamp og viser hvordan det blei behandla av Marx og Engels i forrige hundreåret og Lenin, Stalin og Mao i vårt hundreår. Særskilt godt viser artikkelen at både Lenin og Stalin på sin tid også brukte prinsippet med tredeling av landa i verden.

En kritikk av tre verden-teorien som sier at den «er uten klasseinnhold» osv. rammer derfor også Lenin og Stalin. En slik kritikk er også tvers gjennom feilaktig, fordi den ser bort fra at den nasjonale frigjøringskampen i vår tid er blitt «en integrert del av den sosialistiske verdensrevolusjonen» (Mao). Den er feilaktig fordi den ser bort fra virkeligheten i dagens verden, hvor kontrarevolusjonen i Sovjet og ei rekke andre land har likvidert den sosialistiske leiren og de to supermaktene

har inntatt ei særstilling som de største utbytterne og undertrykkerne i verdenshistoria. Nå er det slik som det heter i AKP(m-l)s program: «I ei gruppe for seg har vi dei to imperialistiske supermaktene. Mot dei står landa i den 3. verda. I ei mellomstilling står dei mindre kapitalistiske og imperialistiske landa som har motseiingar både til landa i den 3. verda og til dei to imperialistiske supermaktene.» (Prinsippprogrammet, s. 14)

3. DEN TREDJE VERDEN ER HOVEDKRAFTA I VERDENSREVOLUSJONEN I DAG

Lederartikkelen gjør ei riktig vurdering av de ulike revolusjonære kreftene i verden i dag, og slår fast at den tredje verden utgjør hovedkrafta nå, akkurat slik AKP(m-l)s program slår fast (s. 39).

Da Mao satte fram tesen om at det var nettopp de nasjonale frigjøringskampene som retter de hardeste slaga mot imperialismen, blei han beskyldt av Krustsjov for å «gi hegemoniet i kampen mot imperialismen til småborgerskapet og det nasjonale borgerskapet», og for å «gi opp proletariatets ledende rolle». Innholdet i disse frasene var å trampe på den største krafta i den sosialistiske verdensrevolusjonen i dag, de undertrykte massene i Asia, Afrika og Latin-Amerika.

Lederartikkelen holder fast ved linja til Mao fra tidlig i seksti-åra og viser hvordan den også i dag er et skarpt våpen mot sosialimperialismen og den moderne revisjonismen.

I AKP(m-l)s erklæring om sosialimperialismen fra 1974 heter det: «Både monopolborgerne i Vesten og revisjonistene i Sovjet gjør alt de kan for å sverte den 3. verdens front. Når den 3. verdens folk kommer sammen på konferanser og fordømmer rike imperialistiske lands utbytting av de fattige landa, så snakker revisjonistene om «de reaksjonære lederne i u-landa».

(«Sosialimperialismen — Sovjet i dag», s. 65) På samme måte avviser den kinesiske lederartikkelen an- grepene på den tredje verden.

4. DE TO SUPERMAKTENE ER HOVEDFIENDEN, SOSIALIMPERIALISMEN PÅ OFFENSIVEN

Sosialimperialistene har gang på gang beskyldt Kina, Mao Tsetung og KKP for å «alliere seg med USA-imperialismen». Lederartikkelen i «Folkets Dagblad» gjør alle slike påstander grundig til skamme:

«Dei to imperialistiske supermaktene, Sovjetunionen og USA, utgjør den første verda. Dei har vorte dei største internasjonale utbytтарane, underkuarane og åtaksmennene og dei sams fiendane for folket i verda, og rivaliseringa mellom dei er nøydd til å føra til ein ny verdskrig. Striden om verdsherredøme mellom dei to hegemoniske maktene, trugsmålet dei rettar mot folket i alle land og den motstanden som desse gjer mot dei — dette har vorte det sentrale problemet i verdspolitikken i dag.»

Det herskerne i Kreml ikke kan tåle er at KKP nådeløst har avslørt at sosialimperialismen i dag er den supermakta som er mest aggressiv og som er den største krigshisseren. Lederartikkelen gjør en grundig leninistisk analyse av hvorfor det er slik, utfra USAs store nederlag og særtrekka ved Sovjet i dag. Denne analysen er svært lik den som gjøres i AKP(m-l)s program (s. 44 til 46), og de kinesiske kameratene går akkurat som Lenin grundig til verks med å dokumentere analysen med tall og fakta.

KKP trekker fram Sovjets aggressive handlinger overfor andre land og nevner i denne sammenhengen også Sovjets trusler overfor Norge:

«Sovjetunionen har militærbaser eller installasjoner i Aust-Europa, Folkerepublikken Mongolia, Kuba og

Afrika, og i Middelhavsområdet og Det indiske hav. Det har frekt og freidig freista å fortsetta okkupasjonen av dei nordre områda i Japan og havområdet som høyrer til. Sovjetunionen har til og med freista å ta Svalbard vekk frå Noreg. 'Det som er mitt er mitt, og det som er ditt kan vi forhandla om.' Dette er ein ironisk merknad som går på omgang i vestlege diplomatkrinsar, men Sovjetunionen bryr seg ikkje alltid med tungvinte forhandlingar for å avgjera om 'ditt er mitt'.»

5. KRIGSFAREN ØKER

På grunnlag av Lenins og Maos lære om imperialismen og krig, viser KKP hvordan krigsfaren øker i verden i dag. De advarer særlig mot Sovjets «fred og avspennings»-propaganda som går hand i hand med den største opprustninga menneskeheten har vært vitne til.

Å se bort fra at vi i dag lever i ei førkrigstid er livsfarlig for alle som ønsker sosialisme og revolusjon. Men det betyr ikke at en skal la seg skremme til passivitet.

Artikkelen siterer Mao der han sier at de to supermaktene er papirtigre, og han sier at riktignok er Sovjet på offensiven, «men i offensiven dens ligger nederlaget». Han peker også på at om verdens folk står sammen, vil sosialimperialismen «være ute av stand til å hankses med Europa, Midt-Østen, Sør-Asia, Kina og Stillehavsområdet».

Imperialismen er dømt til nederlag, folkene vil seire.

6. DEN ANDRE VERDEN

«Når vi snakker om den andre verda som ei kraft som det går an å sameina seg med i striden mot hegemonismen, meiner vi sjølv sagt slett ikkje å avskriva mot-

seiingane mellom landa i den andre og den tredje verda og dei indre klassemotseiingane i landa i den andre verda, og vi meiner heller ikkje på noko vis at striden dei underkua nasjonane og folket fører mot underkuing og utbytting skal verta oppgjeven.»

Det viktigste her er å utnytte motsigelsene mellom ulike imperialister og være klar over at dersom et lite imperialistisk land blir overfalt av ei supermakt, så er det rettferdig og progressivt at det forsvarer seg mot angrepet. AKP(m-l)s program gjør det helt klart at «Om dei (de væpna styrkene) skulle gjera motstand under leiinga av den borgarlege regjeringa mot eit imperialistisk åtak, vil AKP(m-l) sjå det som ein rettviss krig som proletariatet stør.» (s. 129—130)

Samtidig er det klart at dette på ingen måte betyr å legge ned klassekampen. I dag går hovedmotsigelsen i Norge mellom proletariatet og borgerskapet, og det er oppgava for AKP(m-l) å lede kampen mot borgerskapet. I verdensmålestokk går hovedmotsigelsen «mellom imperialismen/sozialimperialismen på den eine sida og dei underkua nasjonane på hi sida.» (Prinsippprogrammet s. 38—39) I verdensmålestokk er det derfor helt riktig av et sosialistisk land å utnytte maksimalt motsigelsene mellom den andre verden og supermaktene, for å isolere hovedfienden mest mulig. Dette er riktig revolusjonær taktikk og har ingenting med opportunisme å gjøre. Det er tvert imot slik Lenin sier at «den som ikke er i stand til å skjønne dette, skjønner ikke det minste grann av marxisme.»

OPPSUMMERING

Lederartikkelen i Folkets Dagblad er et viktig marxist-leninistisk dokument, den er et prinsippfast forsvar for Mao Tsetungs tenkning og et skarpt våpen mot imperialisme, sosialimperialisme og moderne revisjonisme. Vi oppfordrer Klassekampens lesere til å stu-

dere artikkelen grundig og dra nytte av den. Vi oppfordrer også våre lesere til å studere AKP(m-l)s programmatisk dokumenter i samband med dette, og særlig prinsippprogrammet og den viktige erklæringa om sosialimperialismen fra 1974.

**LENGE LEVE MARXISMEN-LENINISMEN-
MAO TSE-TUNGS TENKNING!**

Klassekampens redaksjon



«Etter mitt syn er USA og Sovjetunionen den første verda. Japan, Europa og Canada er den midtre delen og høyrer til den andre verda. Vi er den tredje verda.»

«Den tredje verda har ein digger folkesetnad. Med unntak av Japan høyrer Asia til den tredje verda. Heile Afrika høyrer til den tredje verda, og Latin-Amerika også.»

Formann Mao Tsetung i
ein samtale med leiaren
for eit land i den tredje verda i
februar 1974.



TRE VERDER

1. november 1977 prenta «Folkets Dagblad» i Peking ein lang artikkel av redaksjonen under tittelen «Teorien til formann Mao om å skilja mellom dei tre verdene er eit viktig tilskot til marxismen-leninismen».

Artikkelen forklårer teorien om dei tre verdene og syner kor mykje han har å seia for den revolusjonære kampen folka i alle land fører. Artikkelen tilbakeviser dei åtakka dei moderne revisjonistane har retta mot Maos teori, og syner at han er i samsvar med analysane Marx og Engels, Lenin og Stalin har gjort før.

I denne boka finn du heile denne viktige artikkelen og ei rad mindre artiklar med forklåringar og opplysningar til forhold som er drøfta i sjølve artikkelen.

